



”Vi Arbeidere er
ingen faatallig Hær”:

om husmannsvesenet i Noreg

Fagrapport som bakgrunn for eit nasjonalt dokumentasjonsenter

Eyvind Urkedal York, Arne Solli, Ståle Dyrvik

Luster Sogelag

Føreord

Utgangspunkt for saka er Luster sogelag sitt arbeid med å ta vare på husmannsplassen Hestaskår i Luster. I den offisielle historieskrivinga i Noreg, er husmannsvesenet lite påakta, anna enn som ein skugge i biletet av den sjølvstendige, frie bondestanden som samfunnsaktør og nasjonsbyggjar. Trass i at husmennene lenge utgjorde den største folkegruppa i landet, er kunnskapen om ho fragmentert og usystematisert, og med det vanskeleg tilgjengeleg for den som ønskjer å forstå heilskapen i korleis det moderne samfunnet vårt, vaks fram.

Dette har Luster Sogelag sett seg som mål å gjera noko med, og denne rapporten er fyrste steg i arbeidet med å setje fokus husmannsvesenet si historie. Rapporten er utarbeidd av Luster Sogelag og finansiert av Luster kommune.

Målsetjinga har vore at rapporten skal vera det faglege grunnlaget for å arbeida fram eit nasjonalt dokumentasjonssenter for husmannsvesenet. Sogelaget vil takka prosjektmerdarbeidar Eivind Urkedal York som gjennom sitt grundige arbeid med rapporten, har lagt eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Luster Sogelag vil også rette ei stor takk til Arne Solli, Ståle Dyrvik og Nils-Georg Brekke sitt arbeid og engasjement i saka.

Ikkje minst vil Luster Sogelag rette ei stor takk til Luster kommune som har løyvd kr 250 000,- arbeidet med rapporten, og dermed har lagt grunnlaget for å arbeida fram eit nasjonalt dokumentasjonssenter.

Luster 22.10. 2011

Geirr Vetti
Leiar Luster Sogelag

Kolonfonside

**”Vi Arbeidere er
ingen faatallig Hær”:
om husmannsvesenet i Noreg**

Fagrapport som bakgrunn for eit nasjonalt dokumentasjonssenter

av

Eyvind Urkedal York
Arne Solli
Ståle Dyrvik

Tittelen på rapporten: Eit utdrag frå eit vers som er henta frå forhandlingane til det Fjerde Norske Arbeidermøte i 1888, det første møtet kor landarbeidarforeiningane til Sjur Fedje deltok. Kjelde: Thorud 1947, s. 9. Sjå også kap. 2.6 i fagrapporten.

1. Ingress

I det som framleis er eit standardverk for den norske husmannsforskinga, "Om Husmandsvæsenet i Norge. Dets oprindelse og utvikling" frå 1922, tar Simen Skappel utgangspunkt i den store folkeauken mellom 1665 og 1825 som forklaringsmodell for framveksten av ein husmannsklasse av eigedomslause landarbeidarar. Medan gardbrukarane i denne perioden aukar med vel 50%, er gruppa av jordbrukande husmenn, strandsitjarar og "innerstar" meir enn femdobla. I 1855 var talet på husmenn og strandsitjarar på sitt høgste, 116 000, medan dei jordeigande gardbrukarane utgjorde 113 000. Skappel skriv: *"En fuldstændig social omveltning har fundet sted (...). Fra at være relativt faatallig vokser navnlig husmandsklassen (...) i denne tid med en forbausende fart, saa den efterhaanden blir en av de største og viktigste samfundsklasser. Det er en nydannelsens tid paa det sociale omraade, en ny lagdannelse finder sted, den nyere tids hær av landarbeidere tropper op"*. I nyare forskning har ein prøvt å unngå at det skulle festa seg ei oppfatning av husmannsvæsenet som ein organisert samfunnsinstitusjon, med t. d. å nytta omgrep som "husmannsordninga" eller "husmannsskipnaden", men ordet husmannvesen er så innarbeidd i det norske språket at dei fleste held fast ved det. Ordet "husmann" kan ein følgja bakover til mellomalderen, "husmadr", med etymologiske parallellar til det britiske "crofter" og det lågtyske koter. Husmannen av Skappels kategoriar møter vi i dei norske kjeldene på 1600-talet, som ein konsekvens av skattesystemet. Men framveksten både av tidfesting og årsaksforhold er sterkt omdiskutert. Og det er ei mangslungen gruppe som veks fram gjennom hundreåra: husmenn med jord som vert bygsla utan å vera særskild skyldsett, ofte med arbeidspålegg som vederlag og gjerne med hus som ein sjølv eig, "innerstar" som leiger seg bustad i andre sine hus, som reine arbeidsfolk, og strandsitjarar. Desse omfatta på 1600- og 1700-talet personar som budde ved sjøen og dreiv handel eller gjestgjevvarnæring, gjerne kombinert med jordbruk, fiske eller handverk. Jekteskipperhusmannen i Hardanger kunne vera like velstående som bonden.

INNHALD

1. Innleiing.....	7
2. Forskingshistorikk og -status	8
2.1 Husmannsomgrepet	9
2.2 Tid- og stadfesting av husmannsvesenet – framvekst og funksjon	11
2.3 Husmannsvesenet i eit nordeuropeisk perspektiv.....	18
2.4 Regionale skilnader i husmannsvesenet.....	20
2.5 Husmannsvilkår - Forholdet mellom bønder og husmenn.....	24
2.6 Lovverket omkring husmannsvesenet.....	28
2.7 Husmennene som politisk gruppe – mobilisering og organisering.....	35
2.8 Avvikling av husmannsvesenet	42
2.9 Lokalhistorisk litteratur, bygdebøker	50
2.10 Konklusjon.....	51
3. Kjeldeoversyn	53
3.1 Personopplysningar	53
3.2 Eigedomsoopplysningar.....	55
3.3 Rettergangsmateriale og tinglysing.....	56
3.4 Ikkje-skriftlege kjelder	58
4. Husmannscenter, funksjonar og oppgåver	59
4.1 Skulestova.....	59
4.2 Husmannsbiblioteket – på papir og digitalt	60
4.3 Husmannsarkivet – fysisk og virtuelt.....	60
4.4 Plassregister	63
4.5 Husmanns-wiki, kunnskapens overbygning.....	66
5. Lokalisering av husmannsvesenet.....	67
6. Vedlegg	69
6.1 Husmannsvesenet i tal	69
6.2 Litteraturliste/foreløpig husmannsbibliografi	78

Sammendrag

I 1855 var husmennene den mest talrike samfunnsgruppa på landsbygda i Noreg. Av familiane i 1801 var 1 av 3 husmannsfamiliar, i 1855 talde gardbrukar og husmannsfamiliane likt. Dobblinga av folketalet på desse femti åra skuldast i stor grad veksten i husmannsgruppa. Mange av husmannsfamiliane brukte jord, ein plass, men fekk ikkje politiske rettar til liks med gardbrukarane i 1814. I ei av verdas mest demokratiske grunnlover var langt over halvparten av alle vaksne menn utan stemmerett. Politiske rettar var kopla til bruk (leige) eller eige av særskild matrikulert jord, jord med eigen innførsel i det offisielle jordeigedomsregisteret. Dette juridiske forholdet til jord åtte ikkje husmannsfamiliane.

Samfunnsgruppa var ei sprengkraft i det norske samfunnet i revolusjonsåret 1848. Men det tok heile femti år før dei fekk røysterett. I same periode blei også samfunnsgruppa utviska, og mykje av historia saman med dei. Husmennene og konene aldrast og gamlast ut, barna drog til byar, blei industriarbeidarar eller vandra ut og plassen blei lagt hovudbruket når det gamle husmannsparet døydde. I 1900 var samfunnsgruppa i ferd med å bli utviska og i 1920 var den borte.

1800-talets venstre-ideologi som prega norsk identitet. Historie, skule og samfunn bygde på den norske bonden, ikkje husmannen. Lærarar og historikarane var aktive medhjelparar til å fremje bondesamfunnets historie og ideologi like til mellomkrigstida. Plassen til husmannen var liten – også den som han vart tildelt i historieverka. Og sjølv om husmannen og familien hans har fått meir plass i forskning og lokalthistorie sidan 1970, står denne ein så gong talrike og “dominerande” samfunnsgruppa svakt.

Denne fagrapporten presenterer den spennande, interessante historia om husmannsvesenet og den store lokalthistoriske innsats og interesse for temaet, og forskinga om husmenn. Men mest av alt avdekkjer den kva vi ikkje kjenner til. Historiene om husmannsvesenet er ein del av norsk og europeisk historie som ikkje har blitt prioritert. Gløymd men ikkje gøymd. Rapporten viser at det finst både forskning og kjelder for å trekkje forskning, formidling fram i lyset. Det vil utvide forståinga av vår eiga samtid og nære fortid.

Rapporten er inndelt i fem hovuddelar. Del 1 er ei kort innleiing som set tonen for to sentrale moment i samband med husmannsvesenet i ei brytningstid i norsk historie, ein kan oppsummere det med stikkorda *demokrati* og *demografi*. Dei to korte avsnitta gir ein innfallsvinkel til og indikerer husmennene sin posisjon i akkurat dette sentrale kapittelet av norsk historie, gjerne sett på som overgangen til det moderne samfunnet.

Del 2 er hovuddelen av fagrapporten. Den er ein gjennomgang av den historiske forskinga som har blitt gjort på husmannsvesenet, og er samstundes ein gjennomgang av husmennene og husmannsvesenet si historie, frå framvekst til avvikling. Gjennomgangen er delt inn tematisk.

Første del omhandlar sjølve husmannsombegrepet og kva som blir meint med denne nemninga. Her blir husmannsvesenet definert, med utgangspunkt i historikarar sine forklaringar på kva slags kriterier som ligg i dette omgrepet, og i kva slags historisk kontekst det oppstod i. Sentralt her er den juridiske definisjonen av husmannen. Husmannen som juridisk kategori oppstod i andre halvdel av 1600-talet, og det er denne forståinga av husmannen som er utgangspunkt for kva vi forstår med denne samfunnsgruppa.

Deretter blir tid- og stadfestinga av framveksten for husmannsvesenet drøfta. Ulike historikarar har hatt ulike oppfatningar av når husmannsvesenet oppstod, men gjennomgangen viser at det har vore stor semje om at framveksten av denne nye etter kvart betydelege samfunnsgruppa tok til særleg i andre halvdel av 1700-talet, og at den hadde samanheng med folkevekst, lovverket, samt det behovet for auka arbeidskraft som oppstod i samband med vekst i jordbruket og i andre næringar som vaks fram, som skogbruket. Her blir også nyare forskning som freistar å drage linene lenger tilbake i tid, så langt tilbake som slutten av 1500-talet, diskutert.

Før husmannsvesenet i Noreg blir vidare drøfta, går fagrapporten utover landegrensene og tek for seg eit nordeuropeisk perspektiv. Det viser seg at husmannsvesenet også kan seiast å vere ein del av ein nordeuropeisk tendens. Mykje av det som ein kan observere i Noreg i denne perioden som det er snakk om, er også utviklingstrekk som går føre seg i fleire land. Her blir utviklinga og framveksten av samfunnsgrupper som kan likne på husmennene i høvesvis Sverige, Danmark, delar av Tyskland og i Skottland kort presentert.

Neste del tar for seg regionale skilnader på husmannsvesenet i Noreg. Dette har samanheng med det som vart drøfta i delen om framvekst og funksjon. Det har vore, og er, ei vanleg oppfatning blant historikarane at husmannsvesenet var svært ulikt i ulike delar av landet. Grovt sett snakkar ein om "austlandshusmenn" og "vestlandshusmenn". Dette har samband med kva slags funksjon det var husmannsvesenet hadde i dei ulike regionane. Forsking på lokalt nivå har rett nok bidrege til å nyansere denne oppfatninga, og viser at husmannsvesenet var langt meir differensiert og heterogent enn det biletet som har blitt skapt av husmannsvesenet på eit nasjonalt nivå.

Husmannsvilkåra er neste tema, og tek for seg forholdet mellom bonden og husmannen. Dette er kanskje det mest kjende aspektet ved husmannsvesenet, og det som har

festa seg i det kollektive minnet. Oppfatninga av den fattige husmannen som var underordna den bonden som han leigde jord hos, og som levde nærast i trælevilkår. Sentralt i denne gjennomgangen er husmannskontrakten, som var den avtalen som eksisterte mellom ein bonde og hans husmann. Her blir ulike dømer på slike kontraktforhold frå ulike delar av landet presentert for å gi eit bilete av kva slags økonomiske vilkår husmennene levde under. Gjennomgangen viser at det var ulik praksis og relativt store forskjellar, både regionalt og innanfor enkelte bygder, noko som er med på å vise at husmennene ikkje var noko homogen gruppe, økonomisk sett.

Neste del omhandlar lovverket omkring husmannsvesenet. Her er det altså myndigheitene sitt forhold til husmennene som er i fokus. Eksplisitte føresegner frå statleg hald som gjekk inn for å regulere forholdet mellom bonden og husmannen dukka først opp på midten av 1700-talet. Husmennene hadde no blitt ei såpass viktig gruppe som arbeidskraft at myndigheitene såg seg tente med å få sikra rettane deira gjennom reguleringar. Dette blir mellom anna forklart med presset på fattigkassa, som førte til at embetsmenn i Noreg tok initiativ til å få hindra utkasting av husmenn og påfølgjande byrder for fattigvesenet. Men bøndene stritta imot, og først i 1851 kom der ei eiga husmannslov, eit resultat ikkje minst av dei hendingane som vart skissert i innleiinga.

Deretter går fagrapporten inn på husmennene som ei politisk og sosial gruppe frå rundt midten av 1800-talet og fram mot hundreårsskiftet. Sentralt i denne gjennomgangen er Thrane-rørsla og dei mange arbeidarforeiningane som vart stifta rundt 1850. Husmennene var godt representerte i denne sosiale rørsla, og husmannssaka var ei av dei viktigaste sakene for Thrane-rørsla. Her blir husmennene si rolle drøfta, både kor stor del av medlemsmassen som var husmenn, og kva slags haldningar dei hadde som politiske aktørar. Neste tema i same del er dei landarbeidarforeiningane som vart stifta på 1880-talet på initiativ frå Sjur Fedje, og som skulle jobbe for husmennene si sak. Han gav også ut og var redaktør for avisa "Husmanden" i same perioden. Foreiningane frå Hedmark og Oppland vart i 1888 samla under ein felles organisasjon, "Opplandenes Felles Arbeiderforening", med Johan Castberg som formann. Denne foreininga danna så grunnlaget for det politiske partiet "Arbeiderdemokratene. Det radikale folkeparti", som fekk vald inn representantar til Stortinget i 1906, mellom anna Castberg og Fedje. Dette partiet mista derimot etter kvart oppslutning, og Hedmark vart kjent som det raude fylket.

Den siste delen i dette kapitlet av fagrapporten tek for seg historia om avviklinga av husmannsvesenet, ein prosess som tok til i andre halvdel av 1800-talet. Denne delen er todelt, og tek for det første for seg kvifor det vart stadig færre husmenn utover mot slutten av 1800-

talet, og særleg i dei første tiåra etter hundreårsskiftet. Eit sentralt stikkord er utvandring. Dei nye generasjonane landarbeidarar reiste bort frå husmannsplassane, til Amerika, til andre delar av landet og til byane, for å finne arbeid som var meir inntektsgivande og i det heile tatt meir ettertrakta arbeid. Resultatet vart at dei gamle husmennene sat igjen på plassane, og når dei gjekk bort og der ikkje var nokon til å ta over, forsvann ofte plassane også. For det andre er myndigheitene si tilrettelegging for og ønske om å avvikle husmannsvesenet frå slutten av 1800-talet av tatt med som ein forklaringsfaktor på denne avviklingsprosessen. Frå Stortinget og regjering vart det lagt til rette for at husmenn lettare kunne få kjøpe opp sine eigne plassar, ei utvikling som toppa seg med ei lov i 1928, som mellom anna gav husmennene forkjøpsrett på plassane sine.

Del 3 er ein gjennomgang og drøfting av kjeldemateriale som er relevant for å få kunnskap omkring husmannsvesenet. Dei kjeldene som blir særleg blir drøfta er dei som går på personopplysingar og eigedomsopplysingar. For førstnemnde sitt vedkomande blir manntal og folketeljingar vurderte som kjelder for husmannsvesenet, og for sistnemnde blir matrikkelen, som er eigedomsregister over alle eigedomar i landet, vurderte som kjelde til husmannsvesenet. I tillegg blir også andre skriftlege kjelder som vil vere sentrale for forskning omkring husmannsvesenet presentert, som rettergangsmateriale, tingbøker, pantebøker, lover og forordningar. Til slutt er det også tatt med ein gjennomgang av ikkje-skriftlege kjelder, som fysiske spor etter husmannsplass, samt fotografi frå sluttfasen av husmannsvesenet.

I del 4 kan ein finne ulike forslag til kva eit tenkt kompetansesenter om husmannsvesenet bør og kan innehalde. Viktige stikkord for eit slikt dokumentasjonssenter bør vere innsamling, tilrettelegging og tilgjengeleggjering av kunnskap om husmannsvesenet for både forskarar, skulevesenet og for allment interesserte. Første punkt er den såkalla "skulestova", som kort gjer greie for tips til korleis ein kan kople senteret opp mot skulebruk. Deretter blir det argumentert for behovet for eit husmannsbibliotek og eit husmannsarkiv, både fysisk og virtuelt, som ei sentral oppgåve for eit slikt senter. Ei anna sentral oppgåve for eit kompetansesenter er behovet for å utarbeide eit plassregister, og det blir drøfta korleis ein kan gå fram for å utvikle og få på plass eit slikt register. Til slutt i denne delen av fagrapporten kjem der eit forslag om å opprette ein husmannswiki, der eit forslag er å studere korleis Norsk Lokallhistorisk Institutt har gått fram når dei har oppretta eit slikt nettleksikon.

Del 5 av fagrapporten tek kort for seg lokalitetsspørsmålet til eit kompetansesenter, med historiefaglege argument for kvifor nettopp Luster og Indre Sogn er eit særlege område i husmannssamanheng, og kvifor det vil passe seg å opprette eit senter akkurat i denne regionen.

Her er også tatt med andre eventuelle område som vil kunne vere relevante, dersom dette skulle vere aktuelt.

Til slutt finn ein ei rekkje vedlegg som illustrerer husmannsvesenet i tal, med tabellar som supplerer den historiske og historiefaglege gjennomgangen av husmannsvesenet i del 2. Her er også ein bibliografi av innsamla litteratur som tener både som referanse til noteapparatet i fagrapporten, og som også kan danne grunnlag for arbeidet med å danne eit husmannsbibliotek.

1. Innleiing

I 1848 stod Europa i revolusjonen sitt teikn. Over heile kontinentet spreidde opprørsbølga seg denne våren, folk reiste seg opp mot konservative kongedømmer frå Sicilia til Stockholm, og kravde folkestyre, parlament, demokrati. I Noreg hadde dette kome på plass i 1814. Ei grunnlov, eit Storting og ei relativ vid stemmerettsordning for menn erstatta det eineveldige styret frå København, og adelen vart avskaffa få år seinare. Denne demokratiseringa hadde rett nok sine avgrensingar, og også her i landet kom det til uttrykk protestar og krav mot ytterlegare demokratisering av samfunnet. ”Den galliske hane har galt tre ganger”, uttalte Marcus Thrane, ein avisredaktør i Drammen, og refererte til revolusjonen i Paris. Thrane gjekk i gang med å danne ei rekkje arbeidarforeiningar som kjempa for rettane til dei delane av (den mannlege) befolkninga som på mange måtar stod utanfor det politiske fellesskapet som vart etablert i 1814. På det meste hadde desse foreiningane, rundt 400 i talet, om lag 30 000 medlem rundt om i landet. Ein stor del av medlemsmassen var husmenn, eigedomslause landarbeidarar i jordbruket.

Historikaren Francis Sejersted meiner at noko av det viktigaste som skjedde i løpet av den første halvdel av 1800-talet, eller som iallfall kjem tydeleg til syne då, er ei sosial lagdeling som verka å ha delt samfunnet i to.¹ Medan bøndene i Noreg i større grad vart sjølveigarar, ein prosess som omtrent vart fullført rundt 1850, kom det i denne perioden fram ei ny sosial klasse i Noreg. Eigedomslause landarbeidarar, husmenn, var ei gruppe som vaks fram særleg utover 1700-talet, ein vekst som skaut fart første halvdel av 1800-talet. I 1855 nådde husmannsvesenet eit talmessig toppunkt. Dette året var det 65 000 husmenn med jord (jordbrukande husmenn) i Noreg. Dersom vi legg til husmenn utan jord og daglønningar (sjå punkt 2.1) blir talet til saman om lag 116 000.² Til samanlikning var talet på gardbrukarar 113 000.³ Historikaren Tore Pryser hevdar då at dersom vi samanliknar gardbrukarar og husmannsfolk – medrekna husmenn med og utan jord, dagarbeidarar og tenestefolk – så var *husmannsgruppa i 1855 [...] den avgjort talrikaste i landet* [Pryser kursivering].⁴

¹ Sejersted 1978, s. 250.

² Ifølge Simen Skappel var det i heile landet i 1855 65 060 husmenn med jord, 21 982 husmenn utan jord og 28 984 daglønningar. Skappel 1922, tabell s. 170.

³ Sjå tabell 1 og 2 i Vedlegg til rapporten. Sjå også Pryser 1999, s. 61.

⁴ Pryser 1999, s. 62.

2. Forskingshistorikk og -status

Utgangspunktet for denne hovuddelen av fagrapporten var opprinneleg å utarbeide ein kronologisk gjennomgang av historiografien omkring husmannsvesenet. Ved å følge forskningstradisjonen og litteraturen frå startpunktet og fram til statusen i dag får ein på ein klar og god måte vist korleis forskinga har utvikla seg over tid, og kva som har blitt høvesvis vektlagd og ignorert av historikarar opp gjennom tida, kor og kvifor ulike oppfatningar har oppstått, og i kva grad dei har blitt vidareført, revidert, nyansert og forkasta. Samstundes har eg ønskt at litteraturoversynet både skulle fungere og kunne lesast som ei historie av husmannsvesenet i sin heilskap, dette for å gjere den både meir leseleg og opplysende. Det er derfor tatt med ein god del empiri i denne gjennomgangen.

Ganske tidleg i arbeidsprosessen vart det klart at forskinga omkring husmannsvesenet i Noreg er prega av å vere relativt mangfaldig. Ei rekke ulike tema og aspekt har blitt undersøkt og lagt vekt på. For å få ei mest mogleg ryddig og opplysende oversikt over husmannsvesenet i sin heilskap, har eg funne det mest hensiktsmessig å strukturere dette litteraturoversynet tematisk. Eg har likevel prøvd å ha ein viss kronologi i dei ulike underkapitla som eit prinsipp. Dei ulike tema er rett nok også delvis overlappande og heng i større eller mindre grad saman med kvarandre, ein samanheng som forhåpentlegvis vil kome til syne utover i dette kapitlet. Derfor er rekkefølga i underkapitla på best mogleg måte forsøkt ordna utifrå denne overlappinga.

Dette mangfaldet i husmannsforskinga og den mengda av litteraturen som finst har også nødvendiggjort visse avgrensingar. I løpet av arbeidet har eg blitt nøydd til gjere nokre prioriteringsval, då det ville ha blitt både tid- og svært plasskrevjande å skulle ta for seg og brukt like stor plass på all den innsamla litteraturen. Eg har prøvd å få dekkja eit breiast mogleg utval av det eg sjølv har meint har vore dei mest sentrale, interessante og aktuelle aspekta ved husmannsvesenet og husmannsvesensforskinga. Ikkje all den litteraturen som har blitt kartlagt og samla inn i samband med arbeidet med denne rapporten er tatt med og referert til i denne gjennomgangen. Ei fullstendig oversikt over den innsamla litteraturen, både den som er referert til direkte og den som ikkje er det, er å finne i litteraturlista. Litteraturlista fungerer såleis både som ei liste over den litteraturen som har blitt brukt i dette arbeidet og som ein husmannsbibliografi - som nok langt frå kan seiast å vere komplett - som kan vere til nytte for andre som vil jobbe med husmannsvesenet.

2.1 Husmannsomgrepet.

Kva var ein husmann og kven var husmenn? Simen Skappel, som skreiv boka som framleis blir sett på som standardverket innanfor husmannsforskinga, viser til at det i seinmellomalderen, i perioden etter at trølevesenet hadde opphøyrd å eksistere, dukkar opp ei ny klasse landarbeidarar, *husmennene*. Skappel viser til ei rettarbot (forordningar frå denne perioden) frå slutten av 1300-talet, der ”Ingen mann på landet skal ha husmann eller huskone i sine hus”.⁵ Einar Hovdhaugen refererer også til ei rettarbot, frå 1364, der ordet husmann (*hùsmadr*) er brukt. Ifølge Hovdhaugen ser det ut til å bety ein som bur i huset hos ein annan, og han påstår at det ikkje er noko historisk grunnlag for å fastslå at det i forhistorisk tid eller i mellomalderen har funnest noko som svarer til det ein i dag meiner med husmannsvesenet.⁶ Kåre Lunden viser også, i sitt band av *Norges landbrukshistorie*, til at nemninga ”husmann” går tilbake til mellomalderen, men at ordet hadde eit skiftande innhald før midten av 1600-talet. Delvis vart det brukt om ein person som var innlosjert hos ein bonde eller ein gardeigar i byen, og som då ikkje dreiv jordbruk. Frå seinmellomalderen og utover på 1600-talet var ein ”husmann” også ein rydningsmann eller øydegardsmann, ein bonde som hørde til den lågaste skatteklassa.⁷ Den husmannen som dukkar opp kjeldene frå slutten av 1600-talet, mellom anna i matrikkelen av 1723 (sjå kapittel 3), var noko anna enn ein bonde, både skattmessig og rettsleg, men også økonomisk og sosialt.⁸

Husmannsomgrepet inneber altså spesifikke kriterier som må vere oppfylt for at ein landarbeidar skal kunne kategoriserast som nettopp ein husmann. Det inneheld både, som Lunden påpeikar, rettslege, økonomiske og sosiale komponentar. Samstundes er dette omgrepet historisk bestemt, det oppstår i ein viss historisk kontekst (sjå kapittel 2.2), og inneheld visse historisk betinga kriterier, som ikkje kan overførast tilbake til for eksempel seinmellomalderen eller tidlegare.

Kva innebar det så å vere ein husmann? Skappel har denne definisjonen av ein husmann: ”Husmanden er en almindelig arbeidsmand; han har sin egen husstand; han har skaffet sig fast bopæl ved at leie sig ind paa eiendommen hos en jordbrukende person.”⁹ Det er altså ein arbeidar som leiger eigendom av ein gardbrukar. Meir spesifikt er det som Nils Olav Østrem kallar den *juridiske* definisjonen: ”Husmannen [var juridisk sett] ein person som ”leiger

⁵ Skappel 1922, s. 16. Sitatet er henta frå er henta frå denne kjelda: Regesta Norvegica, bind VII, nr. 773:

http://www.dokpro.uio.no/perl/middelalder/regest_vise_tekst.prl?b=8102&s=n&str=

⁶ Hovdhaugen 1975, s. 11.

⁷ Lunden 2002, s. 137.

⁸ Lunden 2002, s. 137.

⁹ Skappel 1922, s. 3.

et stykke ikkje særskilt matrikulert jord av ein gardbrukar”.¹⁰ Fram til 1880-åra var det i Noreg vanleg skatteplikt berre på skyldsette jordstykke, dvs. gardsbruk.¹¹ Sentralt i framveksten av den husmannstypen slik vi i dag forstår det er altså lowerket.¹² Sølvi Sogner seier det slik: ”Denne husmannen ble til i 1670, med en tilsynelatende uskyldig skattebestemmelse som tok sikte på å forenkle skatteforholdene – noe som også skjedde.”¹³ I tida rundt innføringa av eineveldet (1661) vart skattlegginga i Noreg flytta frå personen og over til jorda. Landskylda – garden sin bruksverdi – vart tatt i bruk som ein utlikningsnøkkel.¹⁴ I samband med dette arbeidet vart det utarbeida ein skattematrikkel i åra 1665-69 som utgangspunkt for den nye skatten, der alle norske gardar vart vurderte og skattlagt utifrå dette arbeidet. Denne skatten var det bøndene, gardbrukarane, som skulle betale. Husmennene som var busett innanfor gardsgrensene vart ikkje sett til å betale denne skatten, sidan den jorda dei leigde av bonden ikkje vart skyldsett. I staden vart husmennene ”privatisert”, som Sølvi Sogner kalla det. Husmannsvesenet innebar altså at gardbrukarar avstod stykke av bruka sine til husmenn, som betalte bonden leige for plassen, anten i pengar, arbeid, eller ein kombinasjon av dette. Slike stykke vart omtalt som ein *plass* (eller *eit* plass alt etter som kor i landet ein er).¹⁵ Dette er altså den typen husmann som det blir referert til i forskningslitteraturen.

Denne definisjonen omhandlar det som i litteraturen blir kalla *husmann med jord*. Vi støyter også på andre kategoriar av husmenn, som er langt færre enn denne hovudgruppa av husmenn. Ein *husmann utan jord* var ein person har bygsla ei ikkje skyldsett tomt av ein eller fleire gardbrukarar, der han hadde sett opp ei stove som han sjølv budde i, og til dels også eigde. Ein *innerst* er ein person med eige hushald som leiger seg ein bustad i andre sine hus, som regel hos ein gardbrukar, men også hos husmenn. Denne måten å bu på bar ofte preg av å vere ein overgangsfase, og kunne dekke ulike typar folk, alt frå nygifte i ein etableringsfase til eldre menneske. Ein *strandsitjar* femna på 16- og store delar av 1700-talet om personar på landsbygda som budde ved sjøen og dreiv handel og/eller gjestgivarnæring, gjerne kombinert med jordbruk, fiske eller handverk.¹⁶

Sjølve omgrepet *husmannsvesen* treng også ein kommentar. Dette kan nærast høyrest ut som ein offentleg etat, på linje med eit vegvesen, postvesen o.l., altså noko som staten har oppretta.

¹⁰ Østrem (red.) 2000, s. 30f.

¹¹ Østrem (red.) 2000, s. 31.

¹² Lunden 2002, s. 137.

¹³ Sogner 1996, s. 189.

¹⁴ Dyrvik 1999, s. 130.

¹⁵ Dyrvik 1999, s. 131; Sogner 1996, s. 189.

¹⁶ Drange 2000, s. 49.

Arnfinn Engen kallar då også husmannsvesenet for ein "institusjon".¹⁷ Dei som brukar dette omgrepet synes å bruke det, slik eg tolkar det, ikkje berre som ei nemning på den spesifikke sosiale gruppa landarbeidarar som har blitt definert ovanfor, men også som eit omgrep som omfamnar alle aspekt som vedkjem denne mangfaldige gruppa, både når det gjeld juridisk status, busettingsforhold, og sosiale og økonomiske vilkår. Einar Hovdhaugen nyttar særleg omgrepet "husmannsskipnaden", det same omgrepet blir brukt i eit par hovudoppgåver på 1980-talet.¹⁸ Nils Olav Østrem brukar heller omgrepet "husmannsordninga" og "plasskipnad" om det same.¹⁹

Med tanke på kor innarbeidd "husmannsvesenet" er i det norske språket er det kan hende likevel greitt å behalde dette omgrepet for all enkelheits skuld, noko også eit stort fleirtal av historikarane har valt å gjort.

2.2 Tid- og stadfesting av husmannsvesenet - framvekst og funksjon

Når, kor og kvifor vaks denne gruppa fram i det norske samfunnet er spørsmål som for norske historikarar, naturleg nok kanskje, har blitt kopla opp mot kva funksjon det var husmannsvesenet skulle fyller, og kva rolle det skulle spele i samfunnsutviklinga i landet. Simen Skappel, som i 1922 skreiv det som framleis blir sett på som sjølve standardverket og eit utgangspunkt for seinare husmannsforskning, *Om husmandsvæsenet i Norge. Dets oprindelse og utvikling*, drøftar framveksten av husmannsvesenet. Sidan han har hatt såpass stor innverknad på dei oppfatningane som har prega seinare forskning omkring husmannsvesenet - omtrent alle historikarar som skriv om dette refererer til Skappel - kan det vere greitt å bruke noko plass på han.

Skappel viser til den betydelege folkeauken som fann stad i Noreg mellom 1665 og 1825, og særleg er det husmannsklassa som veks. Talet på det Skappel kallar den "besiddende klasse" i "rikets bygder", altså gardbrukarar, har i denne perioden auka frå 61 900 til 94 500 personar, ein auke på 52,7 prosent. Når det gjeld jordbrukande husmenn er dette talet firedobla, frå 12 000 til 48 700, medan talet på andre personar med eigen husstand, dvs. husmenn utan jord, strandsitjarar og liknande, har blitt 8-9-dobla, frå 5000 til 42 500 personar. Til saman har då desse to siste klassene, arbeidarane som Skappel kallar dei, blitt 5 og ein halv gongar fleire mellom 1665 og 1825. Tilsvarende for gardbrukarane er ein auke på omtrent

¹⁷ Engen 2001, s. 18.

¹⁸ Drange 1983: Solheim 1985.

¹⁹ Østrem (red.) 2000.

femti prosent.²⁰ Skappel skriv såleis: ”*En fuldstændig social omveltning har fundet sted i tiden mellem de to opgaver. Fra at være relativt faatallig vokser navnlig husmandsklassen [...] i denne tid med en forbausende fart, saa den efterhaanden blir en av de største og vigtigste samfundsklasser.* Det er en nydannelsens tid paa det sociale omraade, en ny lagdannelse finder sted, den nyere tids hær av landarbeidere tropper op.”²¹

Skappel går djupare ned i materien, og viser kor i landet denne folkeauken har vore størst. Her er det særlig Hedmark, Buskerud, Telemark: ei tredobling, Akershus og Oppland: to og ein halv gong så mange, samt Vestfold og Østfold: ei dobling, som utmerkar seg.²² Deretter konkluderer Skappel med at folkemengda i det heile tatt har auka mest i de områda som livnærer seg med åkerbruk og skogsdrift, og minst i kystdistrikta, som i all hovudsak har fiske som næringsveg.²³ Som ei følgje av dette trekkjer Skappel inn skogsdrift og trelastnæringa som årsaksforklaring. Skappel hevdar, utifrå den engelske økonomen Robert Malthus sin teori, at det er økonomiske årsaker som står bak folkeauken: ”[F]olkemængdens mer eller mindre raske vekst [er] ikke et uttryk for frugtbarheten, men i det store hele for eksistensmidlernes større eller mindre forøkelse. Folkemængdens bevægelse gjennom vielser, fødsler og dødsfald maa sees i sammenhæng med samfundets økonomiske tilstande.”²⁴ Dei regionale forskjellane i folkeauken ser han då utifrå framveksten av skogsindustri ”og den dermed forbundne handel og industri” som skyt fart særleg på Opplanda og Austlandet i denne perioden.²⁵ Argumentet til Skappel er som følgjer: Skogsdrifta skaffa ikkje berre auka inntekt for den som eigde skogen, men også til den skoglause bonden (husmannen), som tok på seg arbeid som hogst, tømmerkøyring m. m. Skogsdrifta skaffa også arbeid til mange arbeidarar. Dette skogsarbeidet vart som regel gjort om hausten og vinteren, altså i tider då det elles var knapt med arbeid for alle dei som ikkje var knytt til gardbrukarane som gardstenarar. Derfor vart det lettare for arbeidarar å vere ”lauskarar”. Desse lausarbeidaren gjekk så før eller seinare over i husmannsklassen. I tillegg vart det no vesentleg lettare å livnære seg som husmenn. Tidlegare hadde arbeidarar berre vore sikra ei godt lønna arbeidskraft i onnetidene, og om vinteren måtte arbeidaren ofte gå ledig. Når det no opna seg moglegheiter for sikkert arbeid iallfall for delar av vinteren, så var det no lagt til rette for eit eksistensgrunnlag for ei langt større gruppe av lauskarar og husmenn enn tidlegare.²⁶

²⁰ Skappel 1922, s. 33f.

²¹ Skappel 1922, s. 34.

²² Skappel 1922, s. 36.

²³ Skappel 1922, s. 36.

²⁴ Skappel 1922, s. 34.

²⁵ Skappel 1922, s. 36.

²⁶ Skappel 1922, s. 37.

Skappel forklarar denne utviklinga også utifrå bonden sitt perspektiv. Jordbruket gjorde store framsteg i den lange fredsperioden som etterfølgde Den store nordiske krig (1709-1720). Mellom anna viser han til at bøndene no vart fritekne frå mange harde byrder som hadde blitt pålagt dei i dei mange føregåande krigsåra. I tillegg nemner han overgangen til sjølveige som sentralt, og den friare agrarlovgevinga som etter kvart vart innført. ”Gaardbrukeren var blitt økonomisk fri, han var ikke lenger bare et objekt for styrelsens og overklassernes utsigelser”, ifølge Skappel.²⁷ Dette skapte betre vilkår og førte også til framgang i dei framstående korndistrikta. Sidan det ekstensive kornbruket var knytt til større bruk, gav denne framgangen eit incentiv til å utvide og legge under seg meir jord, anten ved nydyrking eller jordkjøp. Derfor gav ikkje denne jordbruksekspanjonen seg utslag i oppdeling av dei allereie eksisterande gardane, og dermed ein auke av gardbrukartalet, men heller i ein auke av medhjelparane deira – arbeidarane.²⁸ Alt i alt førte denne utviklinga til ein stor mangel på arbeidarar, som skal ha kulminert i 1750-åra, og bøndene såg seg derfor tente med å ta inn husmenn.²⁹

Også for seinare historikarar er den viktigaste forklaringsfaktoren for framveksten og utviklinga av husmannsvesenet folkevekst, om enn med vektlegging av ulike tidsperiodar. Arnfinn Engen, som har skrive den nyaste boka som tek for seg husmannsvesenet meir eller mindre i sin heilskap, opererer til dømes med ei noko seinare periodisering av denne veksten enn Skappel. Han viser til at folketalet i Noreg frå midten av 1700-talet tok til å auke i større grad enn tidlegare, særleg etter 1800. Frå 1769 til 1865 dobla folketalet i landet seg, frå 723 000 til 1.7 millionar innbyggjarar.³⁰ Denne folkeauken førte til eit problem: Kvar skulle alle dei nye menneska gjere av seg? Løysinga vart, ifølge historikarane, garddeling, nyrydding, og framfor alt framveksten av husmannsvesenet. Arnfinn Engen oppsummerer det kort: ”Dette var opphavet til det utbreidde systemet med husmenn, eit system som stutt sagt løyste to oppgåver: *På den eine sida å skaffe hus og levebrød til det store befolkningsoverskotet, på den andre sida å skaffe arbeidskraft til jordbruket.*”³¹ Husmannsvesenet fungerte altså både som *bumåte* og *arbeidssystem*.

Folkevekst aleine er ikkje den einaste forklaringsfaktoren hos historikarane, og er ikkje tilstrekkeleg til å forklare dei regionale forskjellane i husmannsvesenet. Hos Skappel såg vi at dei ulike økonomiske vilkåra, skogbruken på Austlandet, var vesentleg i hans analyse for den

²⁷ Skappel 1922, s. 38.

²⁸ Skappel 1992, s. 38.

²⁹ Skappel 1922, s. 40.

³⁰ Engen 2001, s. 10. Sjå også tabell 1 i Vedlegg.

³¹ Engen 2001, s. 13.

markante skilnaden i folkeauken mellom Austlandet og Kyst-Noreg. Engen, som tek for seg Gudbrandsdalen, er også opptatt av behovet for arbeidskraft til jordbruket som ein viktig faktor. Arnfinn Engen viser til at Vestlandet og Nord-Noreg var prega av andre næringar å ty til ved sida av jordbruket, som sjøen og fisket. Derfor meiner Engen at garddelinga her kunne gå mykje lenger, og ein kunne klare seg mindre bruk.³² Sølvi Sogner hevdar i sitt band av Aschehougs Norgeshistorie at husmannsvesenet utvikla seg i samspel mellom naturressursar, folkevekst og lovverk. Der det var mest jord og skog, på Austlandet og i Trøndelag, var det flest husmenn.³³ Her er også ho på linje med Skappel. Sogner stiller spørsmålet om kvifor så mange av dei nye familiane vart husmannsfamiliar og ikkje bondefamiliar. Ho meiner at lovverket her kjem inn og bestemmer utviklinga.³⁴

Ståle Dyrvik sette i ein artikkel frå 1989 opp ein fleirledda forklaringsmodell om årsakene til framveksten frå midten av 1700-talet, oppsummert slik:

1. Rask folkeauke.
2. Høg grad av sjølveige.
3. Enkel gardsstruktur med liten grad av fellesskap
4. Store gardsbruk med ubrukte jordressursar
5. Stort arbeidskraftbehov i jordbruket og/eller høve til sysselsetting i andre næringar.³⁵

I seinare tid har det blitt sett spørjeteikn ved det store fokuset på 1700-talet som eit slags startskot på framveksten av husmannsvesenet, og då særleg frå historikarar som har granska forholda på Sør-Vestlandet. I delar av husmannsvesenslitteraturen kan det verke som om dette var eit system som plutsleg dukka opp på midten av 1700-talet. Mellom anna tek boka til Arnfinn Engen, *Husmannstid og husmannsfolk*, til i 1750, årstalet for den første forordninga angåande husmennene (sjå kap. 2.6). Fokuset på siste del av 1700-talet og 1800-talet som startpunkt for den store utbreiinga av husmannsvesenet har blitt ståande hos dei fleste som har forska på husmannsvesenet. Om lag alle hovudoppgåver som er å finne i litteraturlista fokuserer på denne perioden, og særleg 1800-talet. Det er nok forståelege grunnar til dette, sidan husmannsvesenet fekk eit mykje større omfang fram mot midten av dette hundreåret. Ståle Dyrvik kjem likevel med innvendingar mot eit seint fokus i ein artikkel i 1990, og åtvare mot at ein av dei store farane i studiet av husmannsvesenet kan ligge i valet av innfallsport: "Dersom

³² Engen 2001, s. 13.

³³ Sogner 1996, s. 186.

³⁴ Sogner 1996, s. 191f.

³⁵ Dyrvik 1989, s. 95.

ein startar med slutten, kan ein snart hamna på avveggar.”³⁶ Ved å fokusere på den seine perioden, med fråflytting, ”flukt” frå husmannsplassane, med stadig eldre husmenn som ikkje får yngre og meir arbeidsdyktige til å ta over plassane, kan historikaren lett kome til å få eit skeivt bilete og svartmale heile systemet.³⁷ Samstundes kjem Dyrvik i same artikkel med ein brodd mot historikarar sin hittil manglande vilje til å gi husmennene og husmannsvesenet den rettmessige plassen i norsk historie:

”Kor bleikt er ikkje det biletet ettertida har danna seg av husmannsvesenet! Medan det enno blømde, var sosialhistoria knapt nok fødd, og få brydde seg med å portrettera dei små i samfunnet. Det vesle som finst av særskilt innsamla materiale, gir berre spreidde glimt frå sluttfasen. Dei bandsvære verka manglar heilt: Etter Simen Skappels studie frå 1922 har det berre kome ein handfull lokalstudier og berre ei stutt oversikt av Hovdhaugen (1975).”³⁸

Er Dyrvik sin kritikk framleis relevant i dag, eller er biletet blitt noko nyansert i dei tjue åra som har gått? Først kan det vere på sin plass å kommentere sitatet. Dyrvik hevdar at det vesle som finst av materiale, berre gir ”spreidde glimt frå sluttfasen”. Dersom vi ser på hovudoppgåvene frå denne perioden – før 1990 – så må nok dette biletet som Dyrvik skaper her nyanserast. Av dei som kan finnast i litteraturlista frå 70- og 80-talet, omhandlar sju av dei ulike aspekt ved husmannsvesenet *før* sluttfasen (om lag 1860-åra og framover),³⁹ medan fem tek for seg siste del av perioden og avviklinga av husmannsvesenet.⁴⁰ Men han har rett i at det etter Skappel, og delvis Hovdhaugen, ikkje har kome noko stort syntetiserande verk om husmannsvesenet. Når det gjeld dette manglande fokuset på den tidlege perioden kan det vere verdt å nemne at Skappel mellom anna bruker stor plass før han kjem til den spesielle husmannslovgivinga rundt midten av 1700-talet, og han går tilbake til mellomalderen når han drøftar utviklinga. Også Einar Hovdhaugen, i si oversiktsbok frå 1975, er inne på denne tidlege perioden. Han meiner at dei første husmennene i vår forstand (sjå kap. 2.1) kanskje kan førast tilbake til siste halvdel av 1500-talet, men som han seier, ”vi har lite og ingenting av dokumentariske prov på at dei eksisterte på denne tid.”⁴¹

I 2000 vart det utgitt ei bok, *Arbeid - armslag - armod. Husmenn og husmannsordningar på Sørvestlandet*, redigert av Nils Olav Østrem. Boka er ei samling artiklar som vart lagt fram under eit seminar som Lokalhistorisk Stiftelse arrangerte i samarbeid med

³⁶ Dyrvik 1990, s. 52.

³⁷ Dyrvik 1990, s. 53.

³⁸ Dyrvik 1990, s. 51.

³⁹ Bjordal 1983; Drange 1982; Myhren 1973; Sirevåg 1973; Solheim 1985; Stensrud 1974; Tranberg 1979.

⁴⁰ Andresen 1973; Beitrusten 1976; Kjøk 1976; Nilsen 1990; Nordtorp 1973.

⁴¹ Hovdhaugen 1975, s. 13.

Rogaland historie- og ættesogelag hausten 1997. Her blir denne vegringa mot å drage husmannsvesenet lenger tilbake i tid problematisert. Østrem refererer mellom anna til ei hovudoppgåve i arkeologi frå 1997 av Nina Elisabeth Ingebretsen, som har framsett tanken om at det fanst husmenn med jord og tilhøyrande husmannsplass allereie i mellomalderen – sjølv om, som nemnt ovanfor, husmannsongrepet hadde eit anna meiningsinnhald den gong.⁴² Mellom anna argumenterer ho for at trælane til Erling Skjalgsson kan ha gått over til å leige seg plassjord etter at han gav dei fri. Ho viser mellom anna til Frostatinglova, som nemner at ein leiglending kunne la trælen ha sin eigen åkerlapp på garden, samt arkeologiske utgravingar som har påvist at det i Dalane og på Jæren eksisterte ein god del svært små jordbrukseiningar.⁴³

Etnologen og bygdebokforfattaren Ernst Berge Drange tek i sitt bidrag i boka opp husmannsvesenet på 1600-talet, som han meiner ikkje har blitt gripe ordentleg fatt i av husmannsforskarane. Historikarane har ikkje skikkeleg oppdaga husmannen på 1600-talet, som han uttrykkjer det.⁴⁴ Dette var dei ikkje aleine om. Heller ikkje styresmaktene på denne tida, som ville ha skatteobjekt på skyldsett jord, ville ha eller sjå husmenn rundt om på bygdene. I denne samanhengen er det Drange meiner at det i denne perioden fanst ein ”skjult, uoffisiell og ulovleg” husmannsbusetnad.⁴⁵ I artikkelen sin tek han for seg husmannsbusetnaden i Tysnes i Sunnhordland og i Sand i Ryfylke, som han har granska i ei hovudoppgåve i 1983, og kjem fram til at ein her alt frå tidleg på 1600-talet kan finne eit betydeleg innslag av plassfolk i den vanlege 1800-talstydinga av omgrepet.⁴⁶ Denne husmannsbusetnaden på 1600-talet, og for den saks skuld langt inn på 1700-talet, er på mange måtar ein skjult busetnad. Desse husmennene er vanskelege å spore i den vanlege bruken av 1600-talskjelder.⁴⁷ Drange hevdar at husmennene i Sand og Tysnes på 1600-talet var ei stor og godt synleg gruppe i både samfunnsliv og kulturlandskap, og at husmannsskipnaden spelte ei betydeleg rolle i desse lokalsamfunna, ikkje berre som eit system som fanga opp fattige, men også som eit alternativ for folk som ville drive andre næringar.⁴⁸ Særleg viktig på Sør-Vestlandet var skogbruket, som vart ei viktig næring på første halvdel av 1600-talet, den såkalla ”skottetida”, med stor produksjon og eksport med tilsvarende behov for arbeidskraft.⁴⁹

To år etter denne boka skreiv Hans Eyvind Næss ein artikkel i festskriftet i høve 70-årsdagen til Sølvi Sogner. Her tek han for seg delar av den nyare litteraturen som har skrive om

⁴² Østrem (red.) 2000, s. 36; Ingebretsen 1997.

⁴³ Østrem (red.) 2000, s. 37.

⁴⁴ Drange 2000, s. 46.

⁴⁵ Drange 2000, s. 46; Drange 1983, s. 109.

⁴⁶ Drange 2000, s. 76.

⁴⁷ Drange 2000, s. 78.

⁴⁸ Drange 2000, s. 79.

⁴⁹ Drange 2000, s. 60.

husmannsvesenet (Dyrvik 1999, Dørum 1995, Sogner 1996) og hevdar at dei har neglisjert husmennene si historie før 1660, til tross for det faktumet at husmenn – han brukar i denne engelskspråklege artikkelen omgrepet *crofters*, som eigentleg er ei nemning for den særskilte gruppa av landarbeidarar som vaks fram i Skottland på 1800-talet - "as a group with a specific way of living, a social group in its own kind came into being several decades before the mid 17th century".⁵⁰ Næss sitt mål med denne artikkelen er å belyse denne tidlege husmannsperioden i det norske samfunnet ved å ta for seg det tidlege husmannsvesenet i Ryfylke. Hovudkjeldene hans er dei artiklane som vart publisert i *Arbeid - armslag - armod*, samt i nyare bygdebøker av både Østrem og Næss. I tillegg viser Næss til at tingbøkene for Ryfylke sin del nærast er komplette frå 1616 og framover. Næss kan påvise at det på mange av dei husmannsplassane som er registrert i dei seinare matriklane kan sporast husmenn tilbake til slutten av 1500-talet, og han konkluderer med det her er mykje å ta tak i for historikarane, som vil gi betre kunnskap og auka forståing av langvarige sosiale tradisjonar på dei husmannsplassane som er nemnt i folketeljingane i 1660-åra, 1701 og 1801.⁵¹

I 2004 via *Landslaget for lokallhistorie* eit eige nummer av tidsskriftet *Heimen* til nettopp framveksten av husmannsvesenet. Året før hadde blitt det halde ein sesjon om tidfestinga for framveksten på HIFO sitt seminar i Stavanger 9. – 11. mai 2003. Utgangspunktet for sesjonen var dei funna som Drange og Næss har påvist, og spørsmålet om den tidlege plassordninga på Sør-Vestlandet var eit særtilfelle.⁵² Det deltok fire innleiarar og éin kommentator på sesjonen. Knut Sprauten tok for seg framveksten av husmannsvesenet i Trøndelag, Arnfinn Kjelland presenterte dei første "moderne" husmenn i Lesja og Lom, Aanund Olsnes tok for seg alderen på husmannsvesenet sett frå Kviteseid i Telemark, medan Atle Døssland såg på Møre og Romsdal og "Strilelandet". Ståle Dyrvik var sett til å kommentere dei ulike bidraga. Han går god for både Drange og Næss sine funn, og samsvarer med sine eigne manglande funn for Etne, der skogbruket betydde omtrent null.⁵³ Når han tek for seg dei ulike undersøkingane frå andre delar av landet, meiner Dyrvik at den gamle kunnskapen har blitt stadfesta: Dei fleste vil datere startpunktet for husmannsvesenet til midten eller slutten av 1600-talet, og unntaka i Sunnhordland er interessante, men framleis unntak. Det har blitt konstatert kor viktige attåttnæringane har vore som "fødselshjelparar" for husmannsvesenet, men påfallande nok betydde fisket lite i forhold til skogbruket, og framfor alt bergverka.⁵⁴

⁵⁰ Næss 2002, s. 126f.

⁵¹ Næss 2002, s. 138.

⁵² Heimen 2/2004, s. 81.

⁵³ Dyrvik 2004, s. 116.

⁵⁴ Dyrvik 2004, s. 118.

Eit nytt innlegg i denne debatten kom i 2007. Historikaren og bygdebokforfattaren Håvard Havin Kongsrud diskuterer i ein artikkel i *Historisk tidsskrift* sjølv husmanns *omgrepet* på 1600-talet, særleg inspirert utifrå dei ovan nemnde bidraga frå dei siste åra. Kongsrud problematiserer den tradisjonelle definisjonen av ein husmann utifrå skyldperspektivet, noko som blir anakronistisk i forhold til tida før det matrikuleringsarbeidet som vart gjort på slutten av 1660-åra.⁵⁵ Kongsrud sitt poeng, utifrå hans eigen empiri frå Aurskog på 1660-talet, er at det ikkje går an å identifisere husmannen og husmannsfamilien før på 1660-talet utifrå den vanlege definisjonen av omgrepet. Det viste seg å vere skattemessig irrelevant om ein plass var skyldsett eller ikkje før 1668. Det er først frå dette året at det kan trekkast eit klart skilje mellom avgifter av husmannsplassar og skyld av gardar.⁵⁶ Kongsrud meiner at ein god, historiefagleg definisjon av husmannsvesenet – i ein periode der husmannsfamiliane skilte seg ut ved at dei sikra livsgrunnlaget ved å bruke ein vesentleg del av arbeidskrafta si utanfor den jorda dei sjølv kontrollerte – bør innehalde eit ledd om jordveien (åkeren) sitt omfang og ekskludere familiar som ikkje var avhengige av å bruke ein vesentleg del av arbeidskrafta si på den jorda dei rådde over.⁵⁷

Det siste bidraget i denne debatten som har blitt registrert er frå 2008, og er også skrive av Ernst Berge Drange. Også her tek han for seg det som han har kalla ”den skjulte busetnaden” på 16- og 1700-talet på Ryfylke. Når det gjeld Kongsrud si argumentering om at omgrepet i den tidlege perioden ikkje bør knytast til skyldsetting, meiner Drange at dette ikkje er ei like viktig problemstilling i Ryfylke som i Østfold. Drange trekker også her fram kor viktig skogbruksnæringa var for framveksten av husmennene – som han kallar ”entreprenørar i skogbruket” - i Ryfylke på slutten av 1500-talet.⁵⁸

2.3 Husmannsvesenet i eit nordeuropeisk perspektiv

Før vi går vidare i gjennomgangen av husmannsvesenet i Noreg kan det vere på sin plass å heve synet og først sjå litt utover landegrensene. Simen Skappel går mot slutten av si bok kort inn på husmannsvesenet i andre land. Husmannsvesenet er, som eit arbeidssystem i jordbruket, ikkje noko særnorsk fenomen, hevdar han. Tilsvarende har vore tilfelle i fleire andre land, med ein framvekst og utvikling som er mykje lik det norske husmannsvesenet.⁵⁹

Skappel nemner særleg Sverige som eit land der ein kan sjå den same utviklinga. Husmannsvesenet i Sverige, eller torparsystemet, oppstod på eit seinare tidspunkt, og kan

⁵⁵ Kongsrud 2007, s. 94ff.

⁵⁶ Kongsrud 2007, s. 105.

⁵⁷ Kongsrud 2007, s. 106.

⁵⁸ Drange 2008, s. 82ff.

⁵⁹ Skappel 1922, s. 177.

daterast frå slutten av 1700-talet. Likskapane er elles slåande: Torparsystemet oppstod som eit arbeidssystem som følgje av folkeauken på 1700-talet og, ifølgje Skappel, tenarklassa sin veksande trong til sjølvstende.⁶⁰ Det som i Noreg blir kalla husmenn (med jord) svarer til *torpare* i Sverige, og jordlause husmenn er det som på svensk blir kalla *backstugusittere*. I 1820- og 30-åra oppstod det ein ny landarbeidarklasse i Sverige, *stattorpare* eller *statare*. Dette var gifte arbeidarar som var busett i eit stattorp eller i ei statarebygning, med fleire arbeidarfamiliar.⁶¹

For Danmarks vedkomande oppstod den moderne landarbeidarklassa, som også på dansk blir kalla husmenn, i samband med dei utskiftingane og store landboreformene som tok til i slutten av 1700-talet.⁶² Før den tid hadde det ikkje vore stort behov for husmenn. Landboreformene var meint å skulle auke landet sin produksjon og inntekter gjennom å forbetre produksjonen i landbruket. Der var likevel ein forskjell mellom Danmark og Noreg. Dei danske husmennene si arbeidsplikt var aldri så stor som dei norske arbeidshusmenn (sjå kapittel 2.4), som regel var det éin vekedag, og i tillegg nokre ekstradagar under innhaustinga.⁶³

Samanlikninga med Danmark er ekstra interessant. Ikkje minst fordi det på same tid som det kom ei eiga husmannslov i Noreg i 1851 (sjå kapittel 2.6) også kom særigne husmannslover i Danmark, i 1848 og 1850, med mellom anna forbod mot pliktarbeid i framtidige kontraktar.⁶⁴ I 1899 kom vedtok Rigsdagen ei lov, ”Lov om Tilvejebringelse af Jordlodder for Landarbejdere”, eller Statshusmandsloven, som gav høve til landarbeidarar å få eit statslån, og skaffe seg eiga jord og bli såkalla *statshusmænd*.⁶⁵ Ein annan parallell i Danmark er husmennene som politiske aktørar på 1800-talet (sjå kapittel 2.7). På Lolland-Falster oppstod det også i 1830 og 40-åra ei husmannsrørsle, der ”landalmuens underklasse, småkårsfolkene i landdistrikterne plutselig stak hovedene frem af anonymitetens slør, fik mæle og gav udtryk for meninger og krav.”⁶⁶ Denne mobiliseringa førte også til ein offentleg debatt omkring husmannssaken i Danmark i denne perioden.⁶⁷

Skappel nemner også kort Tyskland. Dei landarbeidarane som ifølgje Skappel svarer til dei norske arbeidshusmenn er dei såkalla *dienstleute* eller *instleute*, som var særleg talrike i Nord- og Austtyskland. Dei hadde fast kontrakt med bonden, var plikta til å kvar dag jobbe på bonden sin eigendom. Dei hadde ein eigen bustad, og eit par husdyr.⁶⁸

⁶⁰ Skappel 1922, s. 178.

⁶¹ Skappel 1922, s. 179.

⁶² Skappel 1922, s. 179.

⁶³ Skappel 1922, s. 180.

⁶⁴ Nielsen 1991, s. 9.

⁶⁵ Smith 1999; Jensen 2001, s. 18ff.

⁶⁶ Simonsen 1977, s. 171.

⁶⁷ Simonsen 1977, s. 211ff.

⁶⁸ Skappel 1922, s. 181.

Eit land som Skappel ikkje nemner, men som også må takast med her er Skottland, nærare bestemt Highlands, området i det nordvestlege Skottland. Dei såkalla *crofters*, og *croftings*systemet oppstod i det nordvestlege Skottland på første halvdel av 1800-talet, då dei store godseigarane i Highland-området, overhovuda for dei store klanane, ville modernisere jordbruket, og kome i takt med tida. Det gamle klanssystemet, som var prega av fedrift, var i oppløysing, og godseigarane ville legge om til sauedrift og ullproduksjon, som var meir lønsamt. Særleg sank etterspurnaden og prisen på fe etter freden i 1815.⁶⁹ Resultatet var ei brutal tvangsflytting av befolkninga frå Høglandet og ein masseemigrasjon vestover mot kysten og øyane utanfor (Highland Clearances).⁷⁰ Dette førte til stor uro, som vart intensivert på 1880-talet, med store protestar frå croftersamfunnet (crofting community), gjerne kalla *The Highland Land War*.⁷¹ I motsetnad til husmannsvesenet i Noreg, forsvann ikkje crofterane i første halvdel av 1900-talet. Då den skotske historikaren James Hunter gav ut boka *The Making of the Crofting Community* i 1976 var det framleis om lag 10 000 crofterar i det nordvestlege Høglandet og på øyane utanfor kysten.⁷²

Husmannsvesenet i Noreg var altså ikkje eit fenomen som berre var bestemt av nasjonale forhold, men kan også synast å vere ein del av ein nordeuropeisk tendens i overgangen til det moderne jordbruket, med både parallelle trekk og ulike utcome.

2.4 Regionale skilnader i husmannsvesenet

Dette delkapitlet er tett forbunde med kapittel 2.3. Dei ulikskapane som eksisterte innanfor husmannsvesenet har naturleg nok samband med kva slags funksjon det hadde i samfunnet. Også i denne samanhengen, og kanskje særleg akkurat når det gjeld synet på ulikskapane i husmannsvesenet i ulike delar av landet, er det Simen Skappel som har vore den sentrale premissleverandøren av tolkingar som har blitt ståande. I boka si frå 1922 kjem han med den inndelinga som i stor grad har blitt ståande som den rådande oppfatninga blant seinare historikarar.

Arbeidshusmann og bygselhusmann

I kapittel 2.2 såg vi at husmannsvesenet, ifølgje Skappel, særleg vaks fram som følgje av mangel på arbeidskraft, og då særleg i samband med den ekspansjonen som fann stad i dei rike skogbruks- og jordbruksområda på Austlandet. Her kravde gardbrukaren husmannen, og ofte

⁶⁹ Newby 2010, s. 10.

⁷⁰ Hunter 2010, s. 49ff.; Newby 2010, s. 7ff.

⁷¹ Hunter 2010, s. 187ff.

⁷² Hunter 2010, s. 31.

heile familien hans, si totale arbeidskraft. Husmannsvesenet var eit *arbeidssystem i jordbruket*.⁷³ Husmannen i dei rike jordbruksbygdene karakteriserer Skappel altså som ein *arbeidshusmann*. Det var ein husmann med utstrakt arbeidsplikt, som regel på *tilsigelse* – såkalla uavgrensa arbeidsplikt. Når gardbrukaren måtte ha behov det kunne han kalle inn husmannen til arbeid. Det var gardbrukaren som tok initiativet til oppretting av plass, og som sette ned sin tidlegare tenar eller ein annan arbeider som han meinte var skikka.⁷⁴ Husmannsvesenet som arbeidssystem hørte heime i dei gode jordbruksdistrikta på Austlandet og i Opplanda, dvs. Østfold, Akershus, Hedmark, Oppland, Buskerud og Vestfold. Telemark ser han på som eit overgangsdistrikt.⁷⁵

I resten av landet, dvs. på Sørlandet, Vestlandet, til dels i Trøndelag og Øvre Telemark – han nemner ikkje Nord-Noreg i denne samanhengen – spelte derimot ikkje husmannsvesenet som arbeidssystem ei særleg stor rolle. Her fann vi det som Skappel kallar *bygselhusmenn*. Dette var husmenn med lita eller inga arbeidsplikt. Dei betalte som regel ein innfestings- eller bygselsum når dei inngjekk kontrakt med gardbrukaren. Elles betalte dei ei, ifølge Skappel ubetydelig, årleg avgift i form av arbeid eller pengar. Dei hadde altså bygsla jorda, eller tomta dersom dei ikkje hadde åker, og dei hadde kår som likna på leiglendingen sine. Som oftast var det også ikkje gardbrukaren som hadde teke initiativet til opprettinga av slike husmannsplassar, men arbeidaren.⁷⁶ ”Det var her leilændingsvæsenets terminologi og leicart som var gaat over paa husmandsforholdet.”⁷⁷

Dette er altså dei to kategoriane som karakteriserer husmannsvesenet i Noreg, og som i stor grad har festa seg i husmannsforskinga. Men Skappel er også open for at det fanst nyansar. I samband med skogsdrifta meiner han at det i dei områda der dette var framstående, utvikla seg eit husmannsvesen av ein noko forskjellig art, men som ifølge Skappel kan karakteriserast som ein mellomting mellom dei vestlandske bygselhusmenn og dei austlandske arbeidshusmenn.⁷⁸ I hovudsak er det altså likevel desse to idealtypene som han brukar for å forklare forskjellane i husmannsvesenet som vaks fram, og dei ulike funksjonane – skiljet mellom husmannsvesenet som *arbeidssystem* og *bumåte* – det hadde i landet.

Skappel si tolking og terminologi ser ut til å ha blitt akseptert av dei fleste historikarane som har skrive om husmannsvesenet. Vi finn desse to omgrepa att i det meste som er skrive om

⁷³ Skappel 1922, s. 84.

⁷⁴ Skappel 1922, s. 109.

⁷⁵ Skappel 1922, s. 86.

⁷⁶ Skappel 1922, s. 108.

⁷⁷ Skappel 1922, s. 83.

⁷⁸ Skappel 1922, s. 85.

husmannsvesenet, med meir eller mindre grad av refleksjonar rundt og nyansering av denne oppfatninga. Hans Eyvind Næss meiner mellom anna at dersom ein les dei store oversiktsverka om norsk historie kan ein få det inntrykket at Skappel si tolking framleis er gyldig, og at desse verka ser ut til å oversjå dei funna som ei rekkje enkeltstudiar har framvist.⁷⁹

Nils Olav Østrem hevdar i innleiinga til *Arbeid - armslag - armod* at det er påfallande kor nyansert Skappel eigentleg var i si skildring, og at seinare historikarar har vore langt meir firkanta i sine omtalar av husmannsvesenet.⁸⁰ Dei verka som Østrem eksplisitt nemner i denne samanhengen er verk som har vore meint for eit større publikum, Sverre Steen si populære bok *Langsomt ble landet vårt eget* frå 1967, utgitt på nytt i 1996, samt ulike band av Aschehoug si store Noregshistorie frå midten av 1990-talet, nærare bestemt dei banda som vart skriva av høvesvis Sølvi Sogner, Ståle Dyrvik, Anne-Lise Seip, Gro Hagemann og Knut Kjeldstadli. Her er rett nok skilnader mellom dei ulike forfattarane sine framstillingar, mellom anna er Ståle Dyrvik den som mest legg vekt på det mangfaldige og samansette ved husmannsordninga, ifølgje Østrem. Dersom vi ser også i andre oversiktsverk som ikkje Østrem nemner, kan vi finne det same. Mellom anna deler Hans Try, i sitt band av Cappelens Norgeshistorie, opp husmannsvesenet i ein austlands- og vestlandshusmann.⁸¹ Når han nyanserer dette biletet, så viser han til at ein også kunne finne såkalla "østlandshusmenn" på Vestlandet, og omvendt.⁸² Tore Pryser hevdar at det "viktigaste skiljet mellom husmenn med jord gjekk mellom *arbeidshusmannen* og *bygselhusmannen*." Den første typen dominerte frå Telemark og austover på flatbygdene på Austlandet og i Trøndelag, medan sistnemnde var vanlegast på Sørlandet og Vestlandet, i Nord-Noreg, i delar av Trøndelag og i fjellbygdene."⁸³ Sverre Steen tek også i bruk Skappel sine kategoriar når han skal forklare husmannsvesenet sin funksjon i boka *Det gamle samfunn*, fjerde bind i hans store verk *Det frie Norge*.⁸⁴

Østrem kan nok ha rett i at fleire av desse oversiktsverka kan vere prega av å ha noko stereotypiske og unyanserte framstillingar av eit bilete som var langt meir komplisert og mangefasettert enn det som var realiteten. Men dette er nok ikkje berre husmannsvesenet aleine om å vere utsett for.

Likevel er ikkje dette heile biletet. Fleire historikarar har stilt seg kritisk til Skappel si tolking. Brynjulf Gjerdåker påpeikar i sitt band av *Norges landbrukshistorie* at ei kategorisering

⁷⁹ Næss 2002, s. 125.

⁸⁰ Østrem (red.) 2000, s. 15.

⁸¹ Try 1979, s. 339ff.

⁸² Try 1979, s. 344.

⁸³ Pryser 1999, s. 114.

⁸⁴ Steen 1957, s. 59ff.

av husmannsgruppa fungerer best på eit høgt geografisk nivå. Dersom ein senkar perspektivet og fokuserer på husmennene på lokalt plan, blir skiljet utydeleg og todelinga ubrukeleg.⁸⁵

Ståle Dyrvik har også tatt til orde for å nansere den gamle tolkinga til Skappel. Han meiner at modellen er nyttig, men for primitiv, og meiner at kategoriane ”neppe [er] gangbare på den måten opphavsmannen og seinare forskarar har trudd.”⁸⁶ I ei nyare bok problematiserer Dyrvik Skappel si tese vidare. Dyrvik meiner at den større folkeauken på Austlandet rimar dårleg med at husmennene skulle vere så mykje meir etterspurd her enn andre stader i landet. Og det at det var såpass god tilgang på dyrkingsjord i meir grisgrendte delar på Austlandet burde ha ført til eit større innslag av ”bygselhusmenn”.⁸⁷ Eit problem er kjeldesituasjonen. Dei færraste husmannsplassane var tilstrekkeleg store for at ein kunne leve av dei sjølve, og husmannen måtte derfor, i større grad enn gardbrukaren, få inntekter utanfrå. Kjeldene gir ikkje tilstrekkeleg med informasjon om dette, og derfor har det vore vanleg å anta at jordbruksarbeid var det vanlegaste.⁸⁸ Det er her meir grundigare gransking kan vise at husmennene var djupt engasjerte i fiske, sjøfart, transport, handverk og handel, og dei representerte nyvinningar og auka arbeidsdeling i denne økonomien.⁸⁹ Døme på dette har allereie blitt presentert i førre kapittel, der studiar frå Ryfylke og Sunnhordland nettopp har påvist eit slikt bilete.⁹⁰ Ei anna studie som ofte blir trekt fram er hovudoppgåva til Eva Sirevåg frå 1973. I denne studien tok ho for seg husmannsvesenet i Nes på Romerike rundt år 1800, med fokus på kontraktforhold, funksjon og vilkår. Ved å bruke eit mangfaldig kjeldemateriale fann ho etter kvart ut at arbeidshusmannen som kategori, og som ein venta å finne i ei slik jordbruksbygd, ikkje var representativ for husmannsvesenet her. Gjennom kjeldematerialet vart det avdekka såpass mange varierte sider ved husmannsvesenet ”at det fortapte seg som mål å nå fram til noen samlende typebetegnelse.”⁹¹

Alt i alt meiner Dyrvik at den innsikta som slike undersøkingar gir, fører til at husmannsvesenet får ei meir positiv rolle i samfunnsutviklinga enn når det blir ”oppfatta som eit system for å skaffe gardbrukarane billig arbeidskraft, for ikkje å snakka om når ein ser det som eit symptom på overfolking og armod.”⁹²

⁸⁵ Gjerdåker 2002, s. 145f.

⁸⁶ Dyrvik 1990, s. 54.

⁸⁷ Dyrvik 1999, s. 132.

⁸⁸ Dyrvik 1999, s. 132.

⁸⁹ Dyrvik 1999, s. 132.

⁹⁰ Drange 2000; Drange 2008; Næss 2002.

⁹¹ Sirevåg 1973, s. 115.

⁹² Dyrvik 1999, s. 132.

2.5 Husmannsvilkår - Forholdet mellom bønder og husmenn

Det som kanskje er det bildet av husmannsvesenet som i størst grad har festa seg i det kollektive minnet her i landet, er oppfatninga av husmannen si underordning under bonden, og dei strenge kåra husmannen og hans familie levde under i det gamle bondesamfunnet. Det er særleg den stereotype austlandske arbeidshusmannen med utstrakt arbeidsplikt som har blitt ståande som ein representant for heile denne gruppa, ei oppfatning som vi såg i førre kapittel er noko nyansert. Det er nok likevel grunn til å tru at mange husmenn som hadde arbeidsplikt på tilseiing levde under "trælevilkår", som Brynjulf Gjerdåker formulerte det i *Norges landbrukshistorie*.⁹³ Gjerdåker meiner også at forholdet mellom husmannen og bonden hadde, på same måte som forholdet mellom den danske hoveribonden og godseigaren, føydale trekk.⁹⁴

Eit kjapt google-søk på ordet *husmannskontrakt* viser at det framleis i dag er eit negativt lada omgrep som blir brukt for å karakterisere ein urettferdig avtale mellom to ikkje-likeverdige partar. I samband med den føreståande EU-utvidinga austover i 2004 vart det på leiarplass i Aftenposten den 11. juni 2003 åtvåra mot at den "utvidede EØS-avtalen blir i enda større grad enn dagens avtale [er] en politisk husmannskontrakt."⁹⁵ Og i januar 2001 karakteriserte ein jusprofessor sponsoravtalen mellom Norges Fotballforbund og dei profesjonelle fotballspelarane for ei husmannskontrakt.⁹⁶

Når historikarar har tatt for seg vilkåra til husmennene og dermed også forholdet mellom bonden og husmannen, er det også husmannskontraktane som har vore hovudkjeldene. Arnfinn Engen hevdar at dei mest sentrale spørsmåla for husmannen var dei som galdt leigeforholda.⁹⁷ Det er særleg grundigare enkeltstudiar som har gjort bruk av husmannskontraktar som kjelder for å granske forholdet mellom bønder og husmenn, og kva slags vilkår sistnemnde levde og arbeidde under. I dei neste avsnitta vil tre slike undersøkingar frå tre ulike delar av landet bli presentert.

Eva Sirevåg, som har granska husmannsvesenet i Nes, viser til problemet med kontraktmateriale som ei representativ kjelde. Ho har funne 27 tinglyste kontraktar frå den perioden ho har undersøkt, og ingen ikkje-tinglyste kontraktar. I 1804 var det 410

⁹³ Gjerdåker 2002, s. 134.

⁹⁴ Gjerdåker 2002, s. 146.

⁹⁵ "En tidsbegrenset husmannskontrakt", leiar i Aftenposten 11.06.03, URL: <http://www.aftenposten.no/meninger/leder/article561387.ece>

⁹⁶ "Avtalen er en slags husmannskontrakt", intervju med jusprofessor Geir Woxholth i Dagbladet 04.01.2001, URL: <http://www.dagbladet.no/sport/2001/01/04/235414.html>

⁹⁷ Engen 2001, s. 26.

husmannsplassar i Nes. Over ein periode på 35 år har ho funne tinglyste kontraktar frå mindre enn 10 prosent av gardane og 5 prosent av husmannsplassane.⁹⁸

I dei kontraktane ho har funne, er det særleg er to forhold som er grunnleggande: varigheita av festetida og spørsmålet om arbeidsplikt. Desse to punkta avgjer også spørsmålet om husmennene kan karakteriserast som såkalla "bygselhusmenn" eller "arbeidshusmann".⁹⁹ Når det gjeld varigheit av feste har ho funne at det var ulike typar. Det var fire kontraktar med arvefeste, seksten kontraktar med feste på livstid for husmann og kone, to kontraktar med feste på livstid berre for husmannen, og to kontraktar med feste "så lenge husmannen oppfører seg slik som han plikter sin vert", altså feste på tilseiing.¹⁰⁰

Også når det gjaldt arbeidsplikt var det ulike typar. Ti kontraktar seier ingenting om arbeidsplikt, men har berre pengeavgift, noko som får Sirevåg til å konkludere med at dette var snakk om bygselhusmenn utan arbeidsplikt. Ti kontraktar inneheld avgift dels i pengar og dels i arbeid. Seks kontraktar inneheld arbeidsplikt på tilseiing, dvs. uavgrensa pliktarbeid, tre av dei berre for husmannen, to av dei for både husmann og kone, og i eitt tilfelle for både husmann, kone og born. Den faste lønna for arbeidet var 8 skilling for mannen og 6 skilling for kona om dagen, på husbonden sin kost. Dette var den vanlege taksten på husmannsarbeid på denne tida.¹⁰¹

Funna som Sirevåg har gjort viser at det var ulik praksis når det gjaldt husmannskontraktane, noko som gjer det vanskeleg å seie noko meir generelt og representativt om husmannsforholda. Derfor tek ho også i bruk forlikskommisjonsprotokollar. Storparten av dei sakene som kom opp mellom bonden og husmannen her gjaldt utseiing. Ut av denne gjennomgangen slår ho fast arbeidsplikt vart rekna for å vere det vanlege for ein husmann. Likevel slår ho også fast at utifrå desse to kjeldetypane var det berre éin ting som var felles for den gruppa husmenn som finst i kjeldene: dei leigde på annan manns grunn. Alle andre vilkår kunne variere.¹⁰²

I ei hovudoppgåve frå 1976 vart husmannsvesenet i Kvam i Gudbrandsdalen undersøkt. Geir Beitrusten har mellom anna gått gjennom 23 tinglyste kontraktar i perioden 1841-1878 for å finne ut husmannsvilkåra her. Også han påpeikar problemet med representativitet, mellom anna er ingen av dei aller minste husmannsplassane med, medan fire av dei ti største plassane er det. Likevel meiner han at dei kan gi eit rimeleg godt inntrykk av husmannskåra.¹⁰³

⁹⁸ Sirevåg 1973, s. 28.

⁹⁹ Sirevåg 1973, s. 29.

¹⁰⁰ Sirevåg 1973, s. 30.

¹⁰¹ Sirevåg 1973, s. 31.

¹⁰² Sirevåg 1973, s. 41.

¹⁰³ Beitrusten 1976, s. 20.

Det Beitrusten kan lese ut av dei 23 kontraktane er at den vanlege husmannen i Kvam var ein typisk "arbeidshusmann" med noko varierende plikter. Det karakteristiske for husmennene var at dei svarte ei årleg leige i fastsette arbeidsytingar. Dei fleste kontraktane, nærare bestemt 17, hadde arbeidsplikt på tilseiing, også ut over det å dekke husleiga. Dei kunne ikkje ta på seg arbeid for andre utanom plassen, og når arbeidsbodet kom, måtte husmannen legge frå seg det han hadde i hendene.¹⁰⁴ Husleigene varierte mykje. Dersom ein reknar om husleigene til sommararbeidsdagar – 8 skilling løn om dagen – svarer den strengaste kontrakten til 225 arbeidsdagar, og den mildaste 45.¹⁰⁵ Alt i alt var kontraktane temmeleg strenge, ifølge Beitrusten. Her skil enkelte plassar seg ut. Dei plassane som låg lengre enn ei halv mil unna gardane stod i ei friare stilling. Dei slapp å arbeide etter tilseiing – noko som nok hadde vore upraktisk også, med tanke på avstanden -, og leigene var lave i forhold til storleiken. Dei kunne dermed seiast å nærme seg Skappel sine såkalla bygselhusmannsplassar.¹⁰⁶

Beitrusten påpeikar at det er vanskeleg å skulle seie noko sikkert om husmannsvilkåra, diskusjonen om dei bygger på eit nokså dårleg kjeldegrunnlag. Mellom anna kjem tidsfaktoren dårleg fram i det, og det store fleirtalet av husmenn hadde truleg ikkje skriftlege kontraktar med dei bøndene dei leigde hos.¹⁰⁷

Den siste studien som her tatt med her er frå ei hovudoppgåve som har tatt for seg husmannsvesenet i Hornindal og Innvik i Nordfjord. Roald Solheim har også tatt for seg dei tinglyste kontraktane for å granske dei kontraktmessige forholda mellom bonde og husmann med jord her. Han vel periodane 1825-35 og 1860-70. I førstnemnde periode fann han berre 12 kontraktar, eller bygselsetlar, frå Hornindal og 13 frå Innvik. Frå den siste perioden fann han høvesvis 31 og 44 kontraktar. I 1835 var der 102 husmenn med jord i Innvik og 36 i Hornindal. I 1865 var det høvesvis 99 og 156 husmannsplassar i Hornindal og Innvik, og kontraktane utgjer i 1835 12 og 33 prosent av plassane og i 1865 utgjer dei 31 og 28 prosent av plassane, noko Solheim meiner bør kunne karakteriserast som representativt.¹⁰⁸

Når det gjeld innhaldet i kontraktane, så var det for det første tidsrommet feste på livstid i alle kontraktane frå begge periodane. Eit unntak var ein plass vart gitt til husmannen og kona i 60 år framover. I nokre av kontraktane finn ein punkt som at også etterkomarane etter plassfolket skal få høve til å ta over plassen.¹⁰⁹ Når det gjeld eigedomsrett til bygningane på plassen finn han visse ulikskapar i materialet frå 1860 til 1870. I Innvik var det berre 2 av 44

¹⁰⁴ Beitrusten 1976, s. 20.

¹⁰⁵ Beitrusten 1976, s. 22.

¹⁰⁶ Beitrusten 1976, s. 24.

¹⁰⁷ Beitrusten 1976, s. 99.

¹⁰⁸ Solheim 1985, s. 47.

¹⁰⁹ Solheim 1985, s. 48.

kontraktar som sa at husmannen eigde husa. Men samstundes er det ingen informasjon om at det var brukaren som eigde dei. I Hornindal var det 8 av 31 kontraktar som stadfesta at husmannen var han som eigde. I berre ei kontrakt står det at husa på plassen skal følgje grunnen.¹¹⁰ Den typiske vestlandske bygsellhusmannen eigde husa han budde i. Solheim meiner derfor at mykje tyder på at dei fleste husmennene eigde husa sine sjølv. Han påpeikar mellom anna at i 1756 eigde 24 av 25 husmenn i Innvik eigde husa dei budde i.¹¹¹

Solheim finn også store skilnader i kontraktane når det gjeld arbeidsplikt. Opplysningar om dette manglar i perioden 1825-35 i 25 prosent av tilfella i Hornindal og i 85 prosent av dei tinglyste festesetlane i Innvik. Tilsvarende for 1860-70 er 35 prosent i Hornindal og 57 prosent i Innvik. For Innvik er det éin kontrakt der husmannen har uavgrensa arbeidsplikt, men dette er unntaket. Solheim tolkar denne mangelen på skriftlege opplysningar som at det heller ikkje eksisterte noko munnleg tilleggsavtale om ei slik plikt. Om dette er rett var arbeidsplikt lite utbreidd i Innvik. Dei aller fleste husmenn slapp unna i første perioden, og over halvparten i 1860-åra. I Hornindal derimot var biletet noko anna, her var arbeidsplikt mykje meir utbreidd. Omfanget av pliktarbeidet var ikkje så stort, korkje i Hornindal eller Innvik. Dei som hadde arbeidsplikt, hadde i all hovudsak under 8 dagar i året.¹¹²

Når det gjeld årleg pengeavgift og innfestingsavgifter har Solheim funne ein samanheng mellom desse to. Innfestingsavgifta var ein relativt høg eingongssum som husmenn måtte betale før plassen kunne takast i bruk. Der det var høg årleg avgift var det lav innfestingssum og omvendt. Her var ikkje store skilnader på dei to bygdene. På det området dei skilte seg mest var når det gjaldt arbeidsplikt, noko som får Solheim til å spørje seg om husmannsvesenet i Hornindal til dels hadde ein annan funksjon enn i Innvik.¹¹³

Til no er det pliktene til husmannen som har blitt nemnt, men husmannen hadde også rettar som det vart opplyst om i kontraktane. Solheim nemner retten til brennefang til eige bruk, samt beiterett, ein rett som ofte var kombinert med gjeteplikt.¹¹⁴

Desse tre studiane viser at det var store skilnader i husmennene sine kontraktar og dermed også store forskjellar på husmenn sine økonomiske kår i dei ulike bygdene. Her skil studien frå Hornindal og Innvik seg markant ut. Kontraktane viser at husmenn slett ikkje var noko homogen gruppe utifrå kva dei måtte yte overfor bonden eller kva slags rettar dei hadde på plassen. Det kjem også fram store skilnader på kor mange kontraktar som vart registrert.

¹¹⁰ Solheim 1985, s. 50.

¹¹¹ Solheim 1985, s. 53.

¹¹² Solheim 1985, s. 54f.

¹¹³ Solheim 1985, s. 64.

¹¹⁴ Solheim 1985, s. 64.

Solheim sitt kontraktmateriale tilsvara om lag ein tredel av husmannsplassane, noko som er mykje høgare enn dei to andre lokalstudiane frå Austlandet. Kva som er årsaken til dette kan ein spekulere i. Var bønder på Vestlandet meir villige til å tinglyse husmannskontraktane enn bøndene på Austlandet?

Fleire andre hovudoppgåver har også tatt for seg kva slags vilkår husmennene hadde utifrå kontraktmateriale. Dei hovudoppgåvene som er å finne i litteraturlista og som inneheld slike undersøkingar er: Jarnfrid Kjøk si studie av Lom i Ottadalen, Jan Inge Næss si studie av Ullensvang i Hardanger, Ruth Andresen si studie av Ullensaker, Anna Tranberg si studie av Laurvigen, samt Ingebjørg Strand Heiberg si studie av Luster og Jostedal.

Dei kontraktane, eller rettare sagt dei få kontraktane, som har blitt granska seier sjølvstilt ikkje alt om forholdet mellom bonde og husmann. Mykje kan ha blitt ordna ved hjelp av munnlege avtalar, og som det kjem fram i neste kapittel var ikkje nødvendigvis bøndene så veldig interesserte i at deira forhold til husmennene skulle ordnast etter påbod ovanfrå. Omgrep som ofte blir trekte fram er paternalismen i det gamle bondesamfunnet. Bonden, som ein sosialt sett høgareståande person i samfunnet enn husmannen, skulle ha eit visst ansvar for husmannen og husmannsfamilien sin tilstand. Om det var dårlege tider kunne mellom anna husmannen få tildelt nødvendig korn av bonden for å klare seg.

2.6 Lovverket omkring husmannsvesenet

Styresmaktene sitt forhold til husmennene kan ein først og fremst få eit innblikk av gjennom lovverket. Simen Skappel hevdar at forholdet mellom husmenn og bønder i hovudsak fekk vere i fred frå styresmaktene si innblanding fram til midten av 1700-talet.¹¹⁵ Arnfinn Engen formulerer seg på ein annan måte. Han seier at styresmaktene har forsøkt å styre utviklinga av husmannsvesenet så lenge denne institusjonen har eksistert.¹¹⁶ Dette skil seg klart frå det det vi var inne på i kapittel 2.1 om husmannsavgrepet, der Sølvi Sogner vart sitert på at det ”moderne” husmannsvesenet frå byrjinga av var ”privatisert”.¹¹⁷ Også Ståle Dyrvik viser til at husmannsvesenet i sitt opphav var av privat karakter, sidan det låg utanfor skattleggingsinteressene til styresmaktene.¹¹⁸ Når Engen verkar å ha ei såpass ulik oppfatning av omstenda, er det fordi han opererer med andre årstal, og hans undersøking av husmannsvesenet tek til nettopp då styresmaktene si interesse for denne ”institusjonen” aukar, og dei går inn og freistar å regulere forholdet mellom bønder og husmenn i 1750. Ikkje då å

¹¹⁵ Skappel 1922, s. 69.

¹¹⁶ Engen 2001, s. 18.

¹¹⁷ Sogner 1996, s. 189.

¹¹⁸ Dyrvik 1999, s. 133.

forstå at Engen meiner at husmannsvesenet tok til akkurat dette året, han viser til at styresmaktene *aktivt* motarbeidde husmannsvesenet før 1700, men at dette synet endra seg utover 1700-talet.¹¹⁹

Husmannsforordningane på 1700-talet

9. oktober 1750 vart det utlyst ei kongeleg forordning som sa at bøndene i Noreg skulle gi husmennene sine bygselsetlar, altså skriftlege kontraktar. I forordninga stod det at desse setlane skulle tinglysast og gjelde for livstid for husmannen og hans enke. Berre eit og eit halvt år seinare vart desse føresegnene endra med ei ny forordning, som var utlyst 29. april 1752. I denne forordninga gjekk styresmaktene tilbake på dei tidlegare påboda. Det vart skilt mellom plassar som var rydda i innmarka og plassar som var rydda i utmarka. Berre for sistnemnte husmannsplassar vart det krav om skriftleg kontrakt. Dei førstnemnte skulle bli sett på som tenestefolk, og kunne utseiast (*utsigelse* – tvungen til å forlate plassen) når bonden ønskte det.¹²⁰

Desse to forordningane, som altså er dei første døma på styresmaktene sine forsøk på å regulere kontraktforholdet mellom bøndene og deira husmenn, har blitt særleg granska i ei hovudoppgåve frå 1973 av Ingelise Myhren. I si omfattande undersøking, med fokus på Austlandet, tek ho særleg for seg spørsmåla om bakgrunnen for innføringa av desse to forordningane samt dei ulike gruppene – bønder, husmenn og embetsmenn – sine reaksjonar på desse nye føresegnene. Myhren viser til at få historikarar har skrive noko særleg om desse to forordningane, og det som er skrive er gjerne å finne i større oversiktsverk. Ho trekkjer fram Sverre Steen sitt bind nummer fem av *Det norske folks liv og historie* frå 1932, Simen Skappel og Oscar Albert Johnsen si bok *Norges bønder* frå 1919, som kort nemner dei. Både Steen og Skappel hevdar, ifølge Myhren, at føresegnene i forordninga frå 1750 stilte husmenn meir på linje med leiglendingar.¹²¹ Alle tre meiner også at denne forordninga fekk stor motstand hos bøndene.¹²²

Når det gjeld bakgrunnen for forordninga frå 1750, viser Myhren at initiativet kom frå Noreg, nærare bestemt stiftamtmanden og biskopen i Akershus, von Rappe og Dorph. Dei kom med eit forslag til kongen og Kanselliet i København om at bøndene burde gi bygselsetlar til husmennene og konene deira på dei plassane dei brukte som skulle vare livet ut. Dette skulle hindre at så mange husmenn vart utsagt frå plassane sine så ofte som von Rappe og Dorph meinte var tilfelle. Desse husmennene vart ei byrde for samfunnet, enten som ei byrde for

¹¹⁹ Engen 2001, s. 20.

¹²⁰ Myhren 1973, s. 4.

¹²¹ Myhren 1973, s. 2.

¹²² Myhren 1973, s. 3.

fattigkassene eller for allmugen som fattiglemmar på legd. Myhren forklarer initiativtakarane sitt engasjement for denne saka med at begge to var direktørar for fattigvesenet i stiftet. I tillegg til dette viser ho at stiftamtman Rappe også i åra før forordninga hadde engasjert seg i husmennene si sak, og reagert på bøndene si vilkårlege behandling av husmennene. I dei fleste saker der husmenn hadde blitt utsagt som han hadde fått til behandling, hadde han vore på parti med husmennene, også i eit tilfelle der konflikten stod mellom ein embetsmann og ein husmann.¹²³ Ståle Dyrvik kallar han då også ”husmannsvenen Rappe”.¹²⁴

I 1752 kom der som nemnt ei ny forordning, som var ei betydeleg innskrenking i kravet om rettar for husmennene. Myhren viser at initiativet til endring i forordninga frå 1750 også denne gongen kom frå Noreg, frå Jakob Benzon. Han hadde vore visestathaldar – det høgste sivile embetet i Noreg under eineveldet – sidan 1750. Benzon vendte seg til sentralmakta i København og fortalte om atskillige klager frå bøndene som følgje av forordninga. Bøndene vegra seg no for å ta inn nye husmenn og let heller jorda vere udyrka, noko Benzon meinte kunne få veldige negative økonomiske følgjer. Benzon såg på husmennene som verdifull arbeidskraft for bøndene og næringslivet, og for å oppretthalde talet på husmenn ville han fjerne dei krava som vart sett på bøndene i forordninga frå 1750.¹²⁵ Dette fekk han gjennomslag for, og resultatet vart den nye forordninga. Dyrvik og Sogner viser til at bøndene fekk viljen sin ved si ”sabotering” av dei opprinnelege krava.¹²⁶ Myhren har i kjeldematerialet berre klart å spore opp éi klage, frå åtte bønder i Østfold.¹²⁷ Likevel meiner ho at bøndene sine reaksjonar på forordninga må ha vore det viktigaste for Benzon.¹²⁸ Dyrvik og Engen, som begge byggjer på arbeidet til Myhren, poengterer skilnaden både i prioriteringane og synet på husmennene hos von Rappe og Benzon. Medan Rappe stod på husmennene si side, var ”bondevenen” Benzon mest opptatt av å støtte bøndene sitt behov for arbeidskraft.¹²⁹

Førti år etter dette kom ei ny forordning angående regulering av husmannsvesenet. Denne har ikkje fått same merksemd som dei to føregåande, og fall for eksempel utanom Myhren sitt undersøkingsområde. Arnfinn Engen viser til at det også denne gongen var høgststående embetsmenn i Noreg som stod bak endringa, nærare bestemt stiftamtman Moltke, som meinte at bønder ikkje skulle kunne ta inn husmenn utan at det vart inngått ei skriftleg kontrakt, og altså hindre den vilkårlege behandlinga som husmenn vart utsett for.

¹²³ Myhren 1973, s. 9.

¹²⁴ Dyrvik 1999, s. 133.

¹²⁵ Myhren 1973, s. 62.

¹²⁶ Dyrvik 1999, s. 133; Sogner 1996, s. 190.

¹²⁷ Myhren 1973, s. 56.

¹²⁸ Myhren 1973, s. 74.

¹²⁹ Dyrvik 1999, s. 133; Engen 2001, s. 21.

Utgangspunktet var ei spesiell rettssak mellom ein bonde og ein husmann.¹³⁰ Resultatet vart ei forordning av 26. juni 1792, som sa at husmenn, også dei som var busett i innmarka, skulle ha skriftlege kontraktar for at dei skulle stå tryggare i ein eventuell konflikt med bonden. Når Engen skal summere opp styresmaktene under eineveldet sitt syn på husmannsvesenet, meiner han at dei for det første tok omsyn til husmennene i lovgjevinga. Grunnen var at dei var ein viktig ressurs for staten som arbeidskraft både i jordbruket og dei andre næringane. Når det gjeld dei tiltaka som vart gjort for å hindre at situasjonen for husmennene vart verre, var det i stor grad som følgje av eit mål om å hindre at fattigutgiftene for dei skatteytarane som betalte for det, vart for store. I all hovudsak vart ikkje problema sett utifrå husmennene sitt synspunkt. ”Det var interessene til staten, det vil seie makthavarane, dei tente, ikkje husmennene.”¹³¹

Husmannslova 1851

Dei føresegnene som hadde blitt innført i siste halvdel av 1700-talet viser at husmennene hadde blitt ei gruppe som var såpass viktig, særleg med tanke på deira rolle som god arbeidskraft, at myndigheitene såg seg tente med at husmannsvesenet vart regulert under ordna forhold. Ei viktig forklaring hos historikarane som har skrive om dette er at styresmaktene ville hindre vilkårlege utseiingar av husmannsfolk og ei påfølgjande byrde for fattigvesenet. Likevel har historikarane vist til at dei nye føresegnene ikkje vart etterlevd av bøndene, og at mykje fortsette som før.¹³² Det skulle gå eit heilt hundreår frå den første statlege inngrep i husmannsvesenet til ein fekk ei ”gjennomregulering av husmannsvesenet”, som Sølvi Sogner karakteriserer Husmannslova av 1851.¹³³

Kvifor kom denne ”gjennomreguleringa” akkurat i dette året? Det har tidlegare blitt vist til at husmannsvesenet reint talmessig nådde sitt toppunkt berre nokre år seinare, befolkningsauken dei siste tiåra hadde vore kraftig og den store utvandringa til Amerika hadde enno ikkje tatt heilt av. Denne befolkningsauken hadde skapt store grupper som ikkje hadde noko tilgang til jord, og som vart lausarbeidarar, som var billegare arbeidskraft enn husmennene. Francis Sejersted meiner at presset frå denne nye gruppa med lausarbeidarar har verka inn på den gamle husmannsklassen sine kår. Lønna til husmannen heldt seg stabil, medan priser og arbeidsbyrden auka, og Sejersted undrar seg også på om presset frå dei nye arbeidarane svekka den gamle paternalismen i det gamle systemet, bøndene si pliktkjensle

¹³⁰ Engen 2001, s. 23.

¹³¹ Engen 2001, s. 23.

¹³² Engen 2001, s. 23;

¹³³ Sogner 1996, s. 190.

overfor husmenn som ikkje lenger kunne arbeide, og som no hamna på fattigkassa.¹³⁴ I tillegg vart det mindre fokus på nydyrking, bøndene skulle heller bruke den jorda dei hadde betre.¹³⁵

Arnfinn Engen har i si bok gått inn i kjeldematerialet og granska den direkte bakgrunnen for husmannslova. Han meiner at den viktigaste årsaken til denne lovforma er å finne i den sosiale uroa og sterke organiseringa av husmenn og arbeidarar som tok til i 1848 som følgje av den internasjonale økonomiske krisa i denne perioden, og som fekk namnet Thrane-rørsla (sjå kapittel 2.7). Eitt av dei fremste politiske pressmidla til denne rørsla var innsamling av underskrifter, 12 833 i talet,¹³⁶ på ein petisjon som vart sendt inn til kongen i mai 1850. Denne inneheldt fleire krav. Fleire av desse krava omhandla husmennene, til dømes kravet om alminneleg verneplikt, alminneleg røysterett for alle menn, fjerning av vernetoll, og ei undersøking og forbetring av husmannsklassen sine kår.¹³⁷

Engen viser at styresmaktene hadde sett i gong arbeidet med å revidere husmannslovgivinga allereie før denne petisjonen hadde blitt levert inn. Allereie heilt mot slutten av 1849 hadde statsråd Frederik Stang tatt initiativ til å sende ut eit rundskriv til amtmennene i landet der han bad om lokale vurderingar kring dette spørsmålet. Deretter vart det oppretta ein kommisjon på tre embetsmenn – ein av dei var ein ung T. H. Aschehoug - og to bønder som vidare skulle arbeide med spørsmålet. Bakgrunnen for dette var nemleg, ifølge Engen, dei store omveltingane i store delar av Europa som hadde skjedd i dette revolusjonsåret. I Noreg hadde som nemnt Thrane organisert ei arbeidarrørsle som hadde eit medlemstal som relativt sett var den største i heile Europa.¹³⁸ Til saman skal dei om lag 400 arbeidarforeiningane som vart stifta rundt omkring i landet ha hatt eit samla medlemstal på rundt 30 000 personar.¹³⁹ Derfor var det eit viktig mål å demme opp for denne rørsla. Det Engen ikkje nemner er at Thrane allereie i desember 1849 hadde kunngjort i bladet sitt at han hadde skrive ein petisjon til kongen om krava frå arbeidarane, og at han straks drog rundt til ei rekke arbeidarforeiningar og leste den opp og fekk samla inn underskrifter.¹⁴⁰ Styresmaktene hadde nok derfor god kunnskap om intensjonane til Thrane før sjølve petisjonen vart sendt inn.

Engen legg stor vekt på det arbeidet som husmannskommisjonen utførte, og meiner denne gir stor innsikt i og kunnskap om kva for syn styresmaktene hadde på husmannsvesenet i

¹³⁴ Sejersted 1978, s. 260.

¹³⁵ Engen 2001, s. 27.

¹³⁶ Sars 1904, s. 410.

¹³⁷ Engen 2001, s. 28.

¹³⁸ Engen 2001, s. 28.

¹³⁹ Seip 1974, s. 188ff.

¹⁴⁰ Sars 1904, s. 410.

den perioden då dette var på sitt største.¹⁴¹ Amtmennene hadde henta inn informasjon frå formannskapa i sine distrikt, så det vart samla inn eit stort materiale. I samband med dette arbeidet fann det samstundes stad ein offentleg debatt i avisene, som Engen har sett seg inn i. Det Engen har å seie om denne er at denne bar preg av å sjå på husmannen sin situasjon utanfrå. Avisinnlegga var i stor grad skriva av embetsmenn og bønder, og også i vurderingane frå formannskapa var det dei som hadde kome til orde. Dette bar dei preg av. Engen siterer mellom anna Asker formannskap, som meinte at "Der maa og skal være Fattige i Landet, thi ellers vilde den skjønneste Christelige Dyd, den at gjøre vel og meddele, savne Opfordring og Anledning".¹⁴²

Når det gjaldt kommisjonen sitt syn på husmennene, var mellom anna arbeidskraftspørsmålet viktig. Då kommisjonen behandla eit forslag om forbod mot at bøndene skulle få sette ned husmenn utan jord, gjekk dei imot dette fordi det ville "lægge Hindringer iveien for Industrianlæg, som kræve et større Antal Arbeidere".¹⁴³ Det var altså viktigare å sikre nok arbeidarar enn å sikre levevilkåra deira, kommenterer Engen. Her er det klare likskapar til forordninga frå 1752.

Kommisjonen meinte også at årsaken til dei vanskelege kåra for husmennene i stor grad var deira eiga skuld. Årsaken til fattigdommen blant husmennene var at dei brukte meir pengar enn dei tente. Når husmennene ikkje tente meir enn dei gjorde, var ikkje dette eit resultat av "en Undertrykkelse fra Driftsherrens Side", men som følgje av at arbeidet ikkje var verdt meir. Men dersom ein husmann hadde det bra og ein husmannsplass var veldriven, "skyldes det næsten altid en Insigt, der ikke oprindelig til hører Huusmandsclassen, men som skriver sig fra en Gaardbrugers Exempel og Veiledning", slik Engen siterer kommisjonen si innstilling.¹⁴⁴ Engen kommenterer ikkje desse sitata noko vidare, men det er kanskje heller ikkje nødvendig.

Når det gjeld utforminga av lova, deler Engen kommisjonen sitt forslag inn i tre delar. For det første var det eit sett med reglar for den formelle opprettinga av kontrakten. Den skulle vere skriftleg og tinglysast. Det vart også prøvd å definere kva ein husmann var, og hovudvekta var lagt på arbeidsplikta. Andre del inneheldt reglar for innhaldet i kontrakten. Det vart foreslått at husmannen skulle ha fri visse dagar i veka, rekneskapsoppgjer skulle haldast til visse tider, samt reglar om når husmannen mista retten til plassen, og kva som skulle skje då. Resten av innhaldet i forslaget frå kommisjonen gjaldt rettar og pliktar husmannen hadde overfor det offentlege, samt generelle reglar som elles skulle gjelde for husmenn. Dette var berre ei samling

¹⁴¹ Engen 2001, s. 28f.

¹⁴² Engen 2001, s. 30.

¹⁴³ Engen 2001, s. 30.

¹⁴⁴ Engen 2001, s. 30.

av det som hadde blitt bestemt i tidlegare lover. Med små endringar – den viktigaste ved behandlinga i Stortinget var innlemminga av eit punkt om forbod mot arbeidsplikt for husmannskona – vart kommisjonen sitt vedtak lagt fram for Stortinget, og lova vart sanksjonert 24. september 1851.¹⁴⁵

Kva slags reell innverknad fekk husmannslova? Dei fleste historikarar har hevda at den ikkje fekk så mykje å seie for husmennene sine kår. Simen Skappel påpeikar dette, og viser til at lova ikkje hadde nokon føresegner om kontroll for etterleving av den. Konsekvensen var då at lova strida mot gammal skikk og sedvane, og dermed vart den ikkje følgd.¹⁴⁶ I si hovudoppgåve om husmannsvesenet i Lom på 1800-talet har Jarnfrid Kjøk tatt for seg husmannskontraktane, og meiner at kontraktmaterialet etter 1851 er svært lite i forhold til talet på husmenn. Ho tolkar dette som om at påbodet i lova vart omgått.¹⁴⁷ Tore Pryser meiner også at reglane vart lite kjende, og at dette, saman med det faktum at det var så lett å omgå dei, gjorde at lova i praksis fekk lite å seie.¹⁴⁸ Arnfinn Engen er inne på det same som Skappel og Pryser. Årsaka til at den nye lova fekk så lite å seie var for det første at den i utgangspunktet meinte at der ikkje var mykje som kunne endrast på, og for det andre at det ikkje vart lagt til rette for noko kontrollorgan som kunne sjå til at lova vart etterlevd. ”Når det likevel skjedde store endringar i husmannsvesenet etter 1850, hadde det heilt andre årsaker enn lovgjevinga”, hevdar Engen.¹⁴⁹

Ruth Andresen, som har granska husmannsvesenet i Ullensaker, viser derimot til at der var ein auke i tinglyste kontraktar etter 1851, noko som viser at lova iallfall i nokon grad var kjent og fekk ein viss verknad. Ein annan observasjon ho har gjort er at dei kontraktane som no vart tinglyste var meir juridiske og ber preg av å vere standardiserte. Likevel, til tross for auken sat berre knapt 18 prosent av husmennene med tinglyst kontrakt i 1865.¹⁵⁰

Også tidlegare historikarar har granska husmannslova og den effekten den hadde. Ernst Sars, den store norske venstrehistorikaren, fokuserte på det politiske perspektivet, og særleg utifrå bondepolitikarane – 42 av 106 stortingsrepresentantar i 1851 var bønder¹⁵¹ – på Stortinget. Han meinte å sjå at desse krava som hadde blitt brakt på bane av ”Arbejderagitationen”, som han kallar Thrane-rørsla, om ikkje splitta så iallfall svekka samhaldet i den gamle bondeopposisjonen på Stortinget. Ifølge Sars var det stor usemje mellom bonderepresentantane

¹⁴⁵ Engen 2001, s. 31.

¹⁴⁶ Skappel 1922, s. 174.

¹⁴⁷ Kjøk 1976, s. 86.

¹⁴⁸ Pryser 1999, s. 115.

¹⁴⁹ Engen 2001, s. 31.

¹⁵⁰ Andresen 1973, s. 79.

¹⁵¹ Sars 1904, s. 414.

frå høvesvis Vestlandet og Austlandet på fleire punkt i lovarbeidet. Medan dei austlandske bøndene, "Østlandskaxerne" som Sars kallar dei, kvar hadde mange husmenn under seg og ifølgje Sars var som kapitalistar å rekne, sat vestlandsbøndene på små bruk, måtte karakteriserast som arbeidarar og "stod forsaavidt ganske paa samme Trin som Husmændene".¹⁵² Om ikkje husmannslova fekk mykje å seie for husmennene, så fekk den blottlagt dei sosiale skilnadane mellom dei bøndene som sat på Stortinget, og førte også til at opposisjonen på Stortinget sprakk, og mange av austlandsbøndene gjekk til høgre.¹⁵³

Sjølv om husmannslova sin reelle innverknad på husmennene sine levekår var liten, syner likevel arbeidet rundt den og bakgrunnen for dette arbeidet at husmennene ikkje lenger var ei gruppe i samfunnet som styresmaktene berre kunne forvente skulle innfinne seg med den sosiale og økonomiske underordninga i bondesamfunnet som hadde eskalert utover 1800-talet, utan at dette skulle få politiske følgjer.

2.7 Husmennene som politisk gruppe - mobilisering og organisering

Opp mot midten av 1800-talet hadde talet på husmenn og lausarbeidarar auka så kraftig at dei i 1855, om ein tel både husmenn med jord, husmenn utan jord og daglønningar, var den talrikaste gruppa i landet. Dei hadde per definisjon ikkje stemmerett. I Grunnlova av 1814 sin §50 var stemmeretten på landet innskrenka til dei som eigde eller i meir enn 5 år hadde bygsla matrikulert jord. I dei føregåande kapitla har vi sett at husmenn i stadig aukande grad var ei gruppe som fekk myndigheitene si merksemd, noko som resulterte i Husmannslova i 1851, ein direkte konsekvens av organisatorisk verksemd på vegne av husmannsklassen.

Husmenn og Thrane-rørsla

Marcus Thrane vart redaktør i Drammens Adresse i august 1848. Hans radikale haldning og virke førte til at han vart oppsagt allereie ved årsskiftet. På dette tidspunktet tok han initiativet til å stifte dei første arbeidarforeiningane, og i mai 1849 hadde han starta si eiga avis, *Arbeiderforeningernes Blad*, som han var redaktør for i to periodar, fram til årsskiftet 1850-51 og frå 1854 til juli 1855, då han vart arrestert.¹⁵⁴

Koplinga mellom husmennene og det som har blitt kalla den første arbeidarrørsla i Noreg har vore synleg for historikarane lenge. I førre kapittel såg vi kor viktig Thrane-rørsla var for utarbeidinga av husmannslova i 1851. Likevel ser ikkje det ut til at eldre historikarar har

¹⁵² Sars 1904, s. 429f.

¹⁵³ Handgaard 1977, s. 127.

¹⁵⁴ Steiro 1974, s. 8.

vore altfor interesserte i husmennene som ein del av den politiske organiseringa som fann stad. I 1903 vart det rett nok skrivi ei bok om Thrane-rørsla, av historikaren Ole Andreas Øverland. Han brukar fleire sider på å gå gjennom Thrane sine krav for betring av husmennene sine kår.¹⁵⁵ Hundreårsdagen for Thrane sin fødsel vart mellom anna markert av Arbeidarpartiet med ein publikasjon med kjelder omkring Thrane. Halvdan Koht skreiv eit innleiande essay om Thrane-rørsla. Når han tek for seg bakgrunnen for denne første arbeidarrørsla er det nettopp husmennene sine dårlege kår som spelar inn. Den viktigaste arbeidsklassen i bondesamfunnet var husmennene, meiner Koht, som han sjølv talfestar til 60 000, og størsteparten busett på Austlandet. ”Vilkaarene for disse husmændene rettet sig næsten bare efter gammel skik og bruk, og de vart hardt bundne. Om de saa hadde personlig frihet, levde de i økonomisk trældom.”¹⁵⁶ Misnøya vaks berre utover første halvdel av 1800-talet, og med revolusjonsåret 1848 reiste ”Marcus Thrane [...] de norske arbeidere til den første striden for deres livssak.”¹⁵⁷

Likevel er nok desse to unntak. Simen Skappel har til dømes ikkje funne Thrane-rørsla så interessant i samband med husmannsvesenet. Han brukar eit par sider på lovkommissjonen sitt arbeid forut for husmannslova, men koplur ikkje dette opp mot den politiske rørsla som var direkte årsak til dette arbeidet.¹⁵⁸ Arnfinn Engen påpeikar at målgruppa for Thrane-rørsla ikkje først og fremst var husmennene.¹⁵⁹ Dei første arbeidarforeiningane vart oppretta i byane, først i Drammen i desember 1848, og så i Kristiania, og deretter i arbeidarmiljøa i byane på Austlandet og Sørlandet. Bygdene vart for alvor med frå våren 1850.¹⁶⁰ Likevel fekk den stor innflytelse på bygda, og særleg i dei austlandsbygdene som hadde ein stor førekomst av det som i litteraturen har blitt kalla ”arbeidshusmenn”. Marcus Thrane skal sjølv ha skrivi at forskjellen mellom arbeidarrørsla i Noreg og den utanlandske var at den norske i særleg grad retta sitt blikk på ”landsfolkets kår.”¹⁶¹ Samanhengen mellom utbreiinga av Thrane-rørsla og husmannsvesenet på Austlandet blir klart når vi ser på fordelinga av medlemmane. Thranittane utgjorde mellom anna 20 til 30 prosent av vaksne menn i dei to store husmannsfylka Hedmark og Oppland. I dei andre austlandsfylka utgjorde dei mellom 10 og 20 prosent, i Rogaland under 5 prosent, og på resten av Vestlandet var det så få at det ikkje er noko poeng å mål i prosent.¹⁶²

¹⁵⁵ Øverland 1903, 59ff.

¹⁵⁶ Koht 1917, s. 2.

¹⁵⁷ Thrane 1917, s. 5.

¹⁵⁸ Skappel 1922, s. 171ff.

¹⁵⁹ Engen 2001, s. 97.

¹⁶⁰ Pryser 1999, s. 269.

¹⁶¹ Seip 1974, s. 190.

¹⁶² Bull 1985, s. 72.

Kor mange av medlemmane var husmenn? For å få ei oversikt over dette har dei styresmaktene som freista å ta knekken på Thrane-rørsla vore til stor hjelp for seinare historikarar. I samband med politifølgjingane av thranittane fekk nemlig lensmennene på landet og byfutane i byane i oppgåve å lage medlemslister over thranittane. Edvard Bull d. y. meiner at desse listene kan vere upålitelege, sidan det mange stader vart gitt høve til å melde seg ut før listene vart utarbeidd. Ifølge Bull var det også forskjellar på lensmennene. Nokon var ivrige etter å "ta" så mange som mogeleg, medan andre såg helst ein annan veg. Bull meiner at det kan sjå ut til at det særleg var gardbrukarar som strauk seg frå listene før lensmannen kom, og at lensmannslistene kan gi eit noko skeivt bilete av medlemsmassen.¹⁶³ Likevel gir dei nok eit bilete som er tilnærma riktig av den sosiale samansetninga.

Undersøkingar har vist at det var store skilnader i denne sosiale samansetninga i dei ulike bygdene. I Hedemarken fogderi var 37 prosent husmenn, 27 prosent var tenarar, innerstar og dagleiarar, eit samla tal på 64 prosent, medan heile 18 prosent var bønder eller søner av bønder.¹⁶⁴ Tore Pryser meiner at den gamle oppfatninga, som stammar frå Koht, at Thrane-rørsla på landet var ei slags bygdeproletariatsreising mot både embetsmenn og bønder, må modererast.¹⁶⁵ Pryser viser til at det var lokale skilnader. Medan thranittane i Fåberg var over 90 prosent eigedomslause, og dei fleste av desse husmenn, hadde nær 60 prosent av medlemmene i Våler bakgrunn frå gard. Dei fleste var småbrukarar, men nokre få var også større gardbrukarar.¹⁶⁶ I dei arbeidarforeiningane som vart stifta på Vestlandet og Sørlandet var det størst innslag av gardbrukarar.¹⁶⁷ Som Jens Arup Seip på sin sedvanlege korte, presise og poengterte måte formulerte det: "Thrane-bevegelsen var i det hele sammensatt av sosiale elementer som var meget forskjellige, og som ikke hadde stort annet til felles enn sin misnøye."¹⁶⁸

Uansett må husmenn alt i alt seiast å vere den mest talrike gruppa i dei ulike arbeidarforeiningane på landet der desse var mest utbreidd. Engen, som har tatt for seg husmannsvesenet i Gudbrandsdalen, viser at det i alt vart stifta 20 arbeidarforeiningar med eit samla medlemstal på 1622 personar. Rundt 70 prosent av desse var husmenn.¹⁶⁹ Geir Beitrusten, som har tatt for seg husmannsvesenet i bygda Kvam i Gudbrandsdalen, har berre funne éi foreining i sitt distrikt. 32 av medlemmane var frå Kvam, over halvparten (17) var

¹⁶³ Bull 1985, s. 98.

¹⁶⁴ Semmingsen og Moshaug 1977, s. 93.

¹⁶⁵ Pryser 1977, s. 269; Pryser 1999, s. 272.

¹⁶⁶ Pryser 1999, s. 275.

¹⁶⁷ Pryser 1999, s. 274.

¹⁶⁸ Seip 1974, s. 190.

¹⁶⁹ Engen 2001, s. 98.

husmenn, sju var mindre gardbrukarar eller søner av mindre gardbrukarar, medan resten truleg var handverkarar og dagarbeidarar. Beitrusten meiner at foreininga var lita og ganske passiv, og frå den delen av bygda der det var flest husmenn var det faktisk berre eitt medlem.¹⁷⁰

Kva rolle spelte så husmennene i Thrane-rørsla og kva var det dei ønskte? Historikarane har påpeikt at Thrane-rørsla ikkje var revolusjonær, den ville ikkje ha ei total samfunnsomvelting. Leiaren sjølv, Thrane, var sa ved fleire høve at det ikkje var revolusjon han ønskte.¹⁷¹ Einar Hovdhaugen meiner det er eit stort spørsmål kor djupt opprørskjensla stakk i husmannsklassa. Den sterke oppslutninga, særleg på Austlandet, fortel ifølgje Hovdhaugen om ein nødssituasjon og ei indre spenning i samfunnet. Men det at det ”sovna så stille inn” overalt, meiner han kan tyde på at det var eit blaff. Det gamle, lagnadsbundne synet i bondesamfunnet kan ha verka dempende på opprørstanken hos mange husmenn.¹⁷² Vidare meiner Hovdhaugen at Thrane-rørsla helst førte til ei skjerpning av klassemotsetnadane, og for mange av dei husmennene som hadde vore direkte involverte, var det ein draum og eit håp som slokna, særleg for dei som hadde vore lokale førarar. Han viser mellom anna til at mange thranittar emigrerte - noko også Thrane sjølv gjorde - til Amerika, då den store utvandringa tok til for fullt i tiåret som kom.¹⁷³ Kva grunnlag han baserer dette på, går ikkje fram. Tore Pryser viser mellom anna at ingen av thranittane i Ullensaker utvandra til Amerika, men at dei aller fleste vart verande i bygda.¹⁷⁴

Edvard Bull d. y. hevdar at dei utslaga av ”revolusjonære” draumar i 1850-51 var knytt til dei områda der husmenn dominerte i rørsla. Dei få vitnesbyrda frå husmannshald frå denne perioden som han har funne, ber preg av at husmennene ville ha ei ny oppdeling av jorda, og at maktbruk vart diskutert på møter.¹⁷⁵ Brynjulf Handgaard viser til at det berre eksisterer få førstehandsskildringar frå verksemda i dei lokale arbeidarforeiningane. I eit referat frå eit møte kan ein lese om at det vart snakk om å samle ein thranitthær på Fåberg mot gardbrukarane og embetsmennene.¹⁷⁶ Om dette var tomt snakk eller ikkje, så meiner Handgaard at arbeidsfolket gjennom Thrane-rørsla fekk opp auga for at dei var ein maktfaktor, og at å ta makta i samfunnet med vald var ein utveg dei diskuterte.¹⁷⁷

Sjur Fedje og Landarbeidarforeiningane

¹⁷⁰ Beitrusten 1976, s. 30.

¹⁷¹ Steiro 1974, s. 86ff.

¹⁷² Hovdhaugen 1975, s. 112.

¹⁷³ Hovdhaugen 1975, s. 113.

¹⁷⁴ Pryser 1977, s. 254.

¹⁷⁵ Bull 1985, s. 102ff.

¹⁷⁶ Handgaard 1977, s. 125.

¹⁷⁷ Handgaard 1977, s. 126.

Etter at styresmaktene slo ned på Thrane-rørsla skulle det gå fleire tiår før kampen for husmennene sine rettar igjen vart ei kjernesak i organisasjonsverksemd. Og denne gongen var det husmennene og husmannsvesenet som var hovudfokuset. I 1880-åra vaks det fram ei rekkje landarbeidarforeiningar på Austlandet. Initiativtakaren til opprettinga av desse foreiningane var ein lærar og kyrkjesongar i Gausdal, Sjur Fedje, som samstundes starta opp avisa "Husmanden", som på same måte som foreiningane skulle tene interessene til arbeidsfolket på landsbygda.

Sjur Fedje var gardbrukarson frå Sogn. Han byrja som lærar i Gausdal som 22-åring i 1875, og var lærar her til han gjekk av i 1920. Her var han også kyrkjesongar. Då Fedje kom til Gausdal var det eit rikt folkehøgskulemiljø der, og då Bjørnstjerne Bjørnson også flytta til Aulestad i nabolaget oppstod det eit rikt kulturliv, og Fedje fekk impulsar herfrå til sitt arbeide for dei små i samfunnet.¹⁷⁸

Sjur Fedje sitt arbeid med landarbeidarforeiningane og husmannsspørsmål på Austlandet har særleg blitt granska i éi hovudoppgåve, skriven av Ingebjørg Nordtorp i 1973. Ho sett seg føre å kaste lys over foreiningsverksemda som var i gang på Austlandet før Johan Castberg i 1888 danna "Opplandenes Felles Arbeiderforening". Samstundes tek ho for seg bladet "Husmanden" for å få eit inntrykk av både redaktøren Fedje samt arbeidarane sine haldningar til arbeidarspørsmål, arbeidarforeiningar og "Husmanden". Mesteparten av kjeldematerialet hennar er henta frå bladet "Husmanden".

Bakgrunnen for landarbeidarforeiningane til Fedje var ei studiereise som han hadde føretatt på Austlandet i 1884. Fedje hadde dette året søkt Stortinget om eit stipend for ei 6 månaders reise rundt om i landet for å granske husmannsforholda. Han hadde allereie starta opp bladet "Husmanden", og meinte at han gjennom ei slik reise ville få ei betre innsikt i forholda, og dermed også betre ville vere rusta til å gi ut eit blad som skulle fungere som eit talerør for husmennene.¹⁷⁹ Justiskomiteen på Stortinget var einig i dette og var villig til å gi han stipend, men på eitt vilkår. Fedje skulle bruke sine undersøkingar til å granske husmannsforholda etter den gjeldande husmannslova av 1851, finne ut kva husmennene sjølv syntes om den, og kome med forslag som kunne kome til nytte i behandlinga av eit føreliggande forslag til ei ny lov om husmannsvesenet.

Allereie før Fedje tok til på studiereisa si, hadde han stifta tre arbeidarforeiningar der han budde. Nordtorp spekulerer i om han hadde fleire slike arbeidarforeiningar i tankane då

¹⁷⁸ Nordtorp 1973, s. 3.

¹⁷⁹ Nordtorp 1973, s. 7.

han søkte om stipend, noko han kanskje såg lurast i å ikkje nemne i søknaden.¹⁸⁰ Uansett la han ut på reisa sommaren 1884, og i løpet av sommaren hadde han vore rundt om i heile Hedmark og halde foredrag for dei som møtte fram. Langs heile reisa vart det oppretta arbeidarforeiningar, anten rett etter foredraga eller etter at Fedje hadde gitt tilhøyrarane ideen om foreiningsdanningar. Hausten 1884 og våren 1885 reiste så Fedje rundt i Kristians amt (Oppland), som førte til at ei rekkje foreiningar vart oppretta rundt om i heile amtet. Sommaren 1885 drog Fedje sørover, og reiste rundt i Romerike og i Smålenene amt (Østfold). Det vart oppretta arbeidarforeiningar både i Askim, Nittedal og Eidsvoll, men elles verkar det som om Fedje sine foreiningstankar ikkje slo like godt til her som i Hedmark og Oppland.¹⁸¹ I 1886 drog han igjen ut på reise, til Trøndelag, og fleire foreiningar vart danna også her. I løpet av få år hadde Fedje sørja for at rundt 70 foreiningar vart stifta på Austlandet og i Trøndelag.¹⁸²

Når det gjaldt spørsmålet om kva desse arbeidarforeiningane skulle bidra med, så publiserte Fedje eit forslag til lover i "Husmanden" i desember 1883. Foreiningane sine hovudføremål skulle vere å jobbe for sjølvhjelp. Dette var grunntanken og hovudføremålet til foreiningane, og nøkkelen til å løyse arbeidarspørsmålet. Arbeidarane skulle bli flittige, sparsommelege og leve eit sømeleg liv. Dette ville gi dei betre tru på seg sjølv og dermed også betre respekt frå dei andre samfunnsklassene. Og dersom dei fekk større sjølvtilitt ville dei også stille visse krav, mellom anna høgare løn.¹⁸³ For det andre skulle foreiningane vere upolitiske, dvs. ikkje vere knytt til noko bestemt politisk parti. Sjølv om han sjølv var Venstre-mann, ville han ikkje at foreiningane skulle vere tufta på eit politisk grunnlag. For det tredje skulle foreiningane arbeide for sparing, noko som vart sett på som ein hovudmål. Arnfinn Engen kallar då også dei for arbeidarspareforeiningar.¹⁸⁴ Fedje meinte også at opplysning var viktig for arbeidarane om dei skulle kunne ta hand om sine egne problem. Særleg var det foredragsverksemd han tenkte på, som saman med samtalemøter var dei vanlegaste aktivitetane i foreiningane, der stemmeretten ofte vart diskutert.¹⁸⁵ Nordtorp har ein fyldig og grundig gjennomgang av fleire aspekt ved arbeidarforeiningane til Fedje, som det ikkje er nødvendig å gå noko nærare inn på her. Mellom anna diskuterer ho fyldig innhaldet i avis "Husmanden" og kva dei ulike bidragsytarane og innsendarane til avisa skreiv om. Avisa hadde på det meste 1200 abonnentar.¹⁸⁶ Like interessant er kanskje den utviklinga som skjedde i kjerneområda til

¹⁸⁰ Nordtorp 1973, s. 8.

¹⁸¹ Nordtorp 1973, s. 10.

¹⁸² Bull 1985, s. 476.

¹⁸³ Nordtorp 1973, s. 14f.

¹⁸⁴ Engen 2001, s. 98.

¹⁸⁵ Nordtorp 1973, s. 20ff.; Engen 2001, s. 98.

¹⁸⁶ Engen 2001, s. 98.

arbeidarforeiningane, i Oppland og Hedmark, og den overgangen som skjedde til ein politisk organisasjon.

Johan Castberg og Arbeiderdemokratene

Allereie våren 1885 inviterte Nes Felles-Arbeiderforening alle landarbeidarforeiningane i Hedmark og Oppland til eit fellesmøte, der det skulle takast stilling til spørsmålet om danninga av ei fellesforeining. Resultatet vart negativt, og det vart ikkje noko av forslaget. Fedje var ikkje til stades på møtet, og meinte det var for tidleg. Han kritiserte også dei som ville omdanne arbeidarforeiningane til politiske støttespelarar for Venstre.¹⁸⁷

Tre år seinare heldt "De Forenede Norske Arbeidersamfund" sitt landsmøte på Hamar. Dette var det fjerde norske arbeidarmøtet, og Fedje sine arbeidarforeiningar var representerte for første gong, med representantar frå 19 ulike foreiningar.¹⁸⁸ Fleire saker vart diskutert, mellom anna krav om arbeidarane sin rett til å krevje å kjøpe plassane sine. Møtet gjekk inn for at staten burde ekspropriere all jord som ikkje var dyrka opp, samt kjøpe opp anna jord. For det andre burde denne jorda anten seljast til landarbeidarane etter billig takst eller bli tildelt dei til bruk for heile levetida mot ei avgift med lågast mogleg rente. Endeleg burde landarbeidarane ha rett til å krevje kjøp av den plassen dei leigde mot å betale etter offentleg takst.¹⁸⁹ Nordtorp hevdar at dette var ei linje som var mykje meir radikal enn den Fedje og hans arbeidarforeiningar hadde lagt seg på.

På dette møtet vedtok også dei utsendte frå Hedmark og Oppland å stifte kvar si amtsarbeidarforeining. 8. desember same året vart det haldt eit stiftingsmøte, med representantar frå 25 arbeidarforeiningar. Her vart det vedtatt å danne ei fellesforeining for dei to amta, "Opplandenes Felles Arbeiderforening". Johan Castberg vart valt til formann.¹⁹⁰ Den skulle jobbe for større opplysning og større økonomisk og politisk sjølvstende blant arbeidarklassen, og øvst på programmet til foreininga stod kravet om alminneleg stemmerett, i tillegg til husmannssak, skattesak og skulesak.¹⁹¹ Nordtorp viser til at foreiningane no kom over i hendene på menn med ei heilt anna politisk skolering enn Fedje. Han vart heller ikkje vald med i foreiningsstyret, og gjekk "i ti års politisk landflyktighet". I og med at foreiningane kom under Castberg si leiing, vart dei no politiserte, og i 1900 vart det vedtatt å gjere "De forenede

¹⁸⁷ Nordtorp 1973, s. 39f.

¹⁸⁸ Nordtorp 1973, s. 41f.

¹⁸⁹ Nordtorp 1973, s. 42.

¹⁹⁰ Nordtorp 1973, s. 43.

¹⁹¹ Nordtorp 1973, s. 43.

norske Arbeidersamfund” om til eit politisk parti.¹⁹² Same året deltok dette partiet, som ifølgje Knut Kjeldstadli var eit ”lokalparti på indre Østlandet for småkårsfolk utenom arbeiderklassen”,¹⁹³ i stortingsvalet med egne lister.¹⁹⁴ I 1906 nådde ”Arbeiderdemokratene”, som dei no heitte – i 1912 fekk dei namnet *Arbeiderdemokratene. Det radikale folkeparti*¹⁹⁵ - sitt toppunkt i rikspolitikken, og mellom anna kom Castberg og Fedje inn på Stortinget.¹⁹⁶ Etter dette valet gjekk det så nedover med veljartilslutninga til dette partiet, som støtta Venstre. Arbeidarpartiet vaks fram og særleg Hedmark vart etter kvart ”det raude fylket”. Ifølgje Engen gjekk nok mange husmenn over i Arbeidarpartiet, utan at det finst noko oversikt over omfanget av dette.¹⁹⁷

Det er ulikt i kva grad norske historikarar har kopla framveksten av Castberg sitt radikale folkeparti med Fedje sine husmannsforeiningar. I dei breie oversiktsverka ser ikkje dette ut til å ha vore særleg sentralt. Fokuset har vore på partiet som ein radikal, ikkje-sosialistisk fløy av Venstre, sett opp mot den sosialistiske arbeidarrørsla i byane og danninga av Arbeidarpartiet i 1887. Her er verdt å påpeike at Edvard Bull nemner Fedje som ein sentral aktør i sitt bind av *Arbeiderbevegelsens historie*. Kanskje er dette som følgje av Ingrid Semmingsen sin artikkel i festskriftet til Bull sin 70-årsdag. Semmingsen påpeikar at ”i arbeiderbevegelsen på Opplandene fra 1880-åra av var det første frøet sådd av en lavkirkelig skolelærer fra Vestlandet. Det grodde etter ham.”¹⁹⁸ Då Det norske Arbeiderpartiet byrja si verksemd i landdistrikta etter hundreårsskiftet ”kom partiet så å si til dekket bord hva organisasjonsbevissthet og -praksis angikk.”¹⁹⁹

2.8 Avvikling av husmannsvesenet

I reine tal har vi sett at husmannsvesenet var på topp i 1850 og 60-åra. Deretter gjekk talet på husmenn gradvis nedover. Medan talet på husmenn var 65 050 i 1855, minka det til 29 623 i 1890 og var nede i 14 766 i 1917, ein fjerdedel av talet seksti år tidlegare.²⁰⁰ Etter første verdskrigen gjekk utviklinga betydeleg raskare, og etter andre verdskrigen vart det knapt nokon husmenn att.

¹⁹² Thorud 1947, s. 38. Både Trond Nordby og Rune Slagstad hevdar at Castberg i 1906 etablerte eit eige parti med namnet ”Arbeiderdemokratene”, noko som då ikkje er heilt korrekt. Nordby 1990, s. 131; Slagstad 2001, s. 157.

¹⁹³ Kjeldstadli 1994, s. 24.

¹⁹⁴ Fuglum 1978, s. 430.

¹⁹⁵ Thorud 1947, s. 95f.

¹⁹⁶ Semmingsen 1984, s. 199.

¹⁹⁷ Engen 2001, s. 100.

¹⁹⁸ Semmingsen 1984, s. 202.

¹⁹⁹ Semmingsen 1984, s. 202.

²⁰⁰ Skappel 1922, s. 176.

Då Skappel skreiv si bok om husmannsvesenet, var det framleis mange husmenn i Noreg. Avviklinga av husmannsvesenet var framleis svært synleg, og noko han kunne observere nær sagt med egne auge. Skappel si forklaring på husmannsvesenet sin tilbakegang er rett og slett at utviklinga no var kome så langt at arbeidarane hadde høve til å gå over i andre "for dem mer ønskværdige stillinger end husmandens".²⁰¹ For Skappel er forklaringa på tilbakegangen den same som forklaringa på framveksten. "Landarbeidernes stræben efter at faa egne hjem er det som har skapt husmandsvæsenet." Men i den forstand blir husmannsvesenet for Skappel berre for ein "mellomstasjon" å betrakte, mot målet om fullt sjølveige og full "emancipation".²⁰² Vendepunktet kom rundt midten av 1800-talet, "og fra den tid er man blit vidne til en likesaa rask nedgang i husmandsantallet som stigningen et aarhundrede tidligere". Ein annan observasjon som Skappel gjer seg er alderssamansetninga. I 1910 var 44 prosent av husmenn over 60 år og 21 prosent var over sytti år. Tilsvarende tal for 1801 var høvesvis 15 prosent og 4 prosent.²⁰³ Det hadde altså blitt ein stagnasjon i rekrutteringa av husmenn. Dei gamle sat framleis på plassane sine og når dei ikkje fekk nokon til å overta, vart dei nedlagd.

"Intet illustrerer husmandsvæsenets stilling i nutiden bedre end dette billede: de gamle husmænd i de gamle brøstfaldne huse. Fornyelsens og foryngelsens kraft er veget bort fra denne institution, utviklingen er slaa tind paa andre baner."²⁰⁴ Dette er det biletet som Skappel har av husmannsvesenet i hans samtid, og det kan nok langt på veg seiast å vere ganske treffande for eit bilete som framleis eksisterer i dag.

I staden for var det no ei ny gruppe som vaks fram i samfunnet, sjølveigande småbrukarar. Dette passar inn i Skappel sin utviklingsteori om at landarbeidarar sitt mål er å bli sjølveigande. Denne overgangen frå husmenn til sjølveigande småbrukarar er ifølge Skappel "nutidens mere utviklede økonomiske liv", som han ikkje forklarar vidare.

Då Skappel skreiv dette var det fleire stader i landet framleis ein god del husmenn, og husmannsvesenet var langt frå avskaffa. Men Skappel såg kva veg det bar. "Selv om resterne av husmandsvæsenet endnu kan komme til at holde sig længe, navnlig i visse distrikter, vil dog institutionens betydning herefter bli ringe, sammenlignet med tidligere tider. [...] Den har i hovedsaken opfyldt sin mission, og forsvinder sammen med naturaløkonomien, en av dens vigtigste forudsætninger."²⁰⁵ Og Skappel skulle få rett i det.

²⁰¹ Skappel 1922, s. 190.

²⁰² Skappel 1922, s. 190.

²⁰³ Skappel 1922, s. 191.

²⁰⁴ Skappel 1922, s. 191.

²⁰⁵ Skappel 1922, s. 191.

Utvandring

Ingrid Semmingsen karakteriserer i andre bind av si utvandringshistorie endringa i befolkningsstrukturen i austlandsbygdene frå og med 1860-talet som "en alminnelig folkevandring bort fra jordbruket [...] bort fra tjenerstillinger, fra husmannsplasser og innersthytter".²⁰⁶ Bakgrunnen var den økonomiske krisa som ramma jordbruket kraftig, særleg på Austlandet og i Trøndelag, i 1860-åra.²⁰⁷ Billig Svartehavs-bygg kom inn på marknaden igjen og prisane fall – bygg var det viktigaste kornslaget på Austlandet og i Trøndelag – etter at Krimkrigen var over.²⁰⁸ Samstundes var det uår og flaum over store delar av Austlandet i 1860, og fleire dårlege år følgde.²⁰⁹ Det vart mindre arbeid tilgjengeleg, og arbeidsløysa, fattigdom og naud ramma mange jordbruksarbeidarar.²¹⁰ "Landets hovednæring hadde fått den første føling med en alvorlig, dyptgående krise. Store grupper av mennesker – befolkningsreserver som var demmet opp på landsbygda gjennom det siste halve hundreårs økonomiske utvikling, og som hadde fått rom og levebrød der – de så nå sin levestandard eller til og med sin eksistens truet," hevdar Semmingsen.²¹¹ Hans Try viser til at krisa i 1860-åra var med og gav nådestøyten til det gamle jordbruket i Gudbrandsdalen og enkelte andre fjell- og indre fjordbygder. Den gamle driftsforma hadde blitt pressa mot grensa til det rimelege og moglege. I slike bygder vart utvandring den vanlege løysinga.²¹² I låglandsbygdene førte krisa til stor utvandring på kort sikt, men på lengre sikt førte den også til store omleggingar i jordbruket, til ei driftsform som var tilpassa dei nye marknadsmoglegheitene, konkurransen utanfrå og den nye arbeidskraftssituasjonen.²¹³

Den økonomiske krisa hadde altså hardast råka dei områda der husmannsvesenet var mest utbreidd, og der folkepresset hadde vore sterkast. Hans Try hevdar at mange bygder hadde fått fleire husmenn enn det no var bruk for som arbeidskraft i jordbruket. Mange husmenn og husmannsborn forlét bygdene og reiste anten til byane, til kysten, til Amerika, eller dei fann seg ein annan jobb i bygda.²¹⁴

I den tidlegare nemnte hovudoppgåva frå Kvam er avviklinga av husmannsvesenet blitt granska. Geir Beitrusten bekreftar mykje av det same biletet. Han spør seg kvifor husmannsstatusen vart så upopulær. Eit syn, som mellom anna Einar Hovdhaugen har lagt

²⁰⁶ Semmingsen 1950, s. 64.

²⁰⁷ Semmingsen 1950, s. 58ff.

²⁰⁸ Pryser 1999, s. 182.

²⁰⁹ Try 1979, s. 257.

²¹⁰ Semmingsen 1950, s. 65.

²¹¹ Semmingsen 1950, s. 69f.

²¹² Try 1979, s. 259.

²¹³ Try 1979, s. 263.

²¹⁴ Try 1979, s. 346.

fram, er at bøndene ikkje lenger var interesserte i å halde husmenn, som følgje av modernisering av jordbruket.²¹⁵ Dette gjaldt ikkje for Kvam. Då bøndene i Kvam tok til å modernisere jordbruket sitt hadde allereie avviklinga vore godt i gang. Det var, ifølgje Beitrusten, ikkje bøndene som lenger var interesserte i å vere husmenn, men nye generasjonar med arbeidardom var ikkje lenger interesserte i å "gå husmann". Det "eksisterte ei djup og ålmenn misnøye i husmannsklassen".²¹⁶ Derfor meiner Beitrusten at spørsmålet ikkje er kvifor *vart* husmannsstatusen upopulær, men kvifor den *var* det. Årsaksforklaringa til den store forskjellen på situasjonen i 1850-åra og rundt hundreårsskiftet er altså at det hadde dukka opp alternativ – utflytting, andre yrkesalternativ, muligheiter til å ta opp lån – som dei unge valde i staden for å gå husmannsvegen. Som industriarbeidarar tente dei mykje meir enn som husmenn på landet. Rundt år 1900 var gjennomsnittsinntekta for ein arbeidar på landet i aldersgruppa 25-50 år frå 320 til 380 kroner, medan det for tilsvarende for byarbeidarane var på 620 til 680 kroner.²¹⁷

Berre svært få husmannsplassar vart kjøpt opp som eigne småbruk før 1900. I perioden 1865 til 1900 vart 93 prosent av dei plassane som forsvann, borte i utmarka eller lagt til andre plassar eller bruk. Ved hundreårsskiftet var det 116 plassar igjen i Kvam, og av desse vart 79 (68 prosent) kjøpte, og 70 av dei vart drive som småbruk. I kva grad dette er representativt for eit større område er usikkert, og vil nok måtte bli stadfesta av fleire enkeltstudiar, men Beitrusten meiner at biletet i grove trekk skulle vere nokolunde det same i andre Austlandsbygder, og påpeikar at utviklinga først og fremst var styrt av faktorar som langt ifrå var lokale.²¹⁸

Når det no var så mange fleire husmenn kjøpte opp plassane sine frå og med hunderårsskiftet, og ein fekk danninga av "en ny klasse, småbrukerne", som Knut Kjeldstadli formulerte det,²¹⁹ hadde dette samanheng med at styresmaktene no hadde lagt til rette for at dette skulle bli lettare.

Lovgivning – styresmaktene og avviklinga av husmannsvesenet

I samband med kapittelet om lovgjeving og husmannsvesenet vart det vist til at Husmannslova av 1851 ikkje fekk stort å seie, iallfall ikkje for husmannsfolket sine sosiale og økonomiske kår. Likevel skulle det ta fleire tiår før myndighetene igjen sette fokuset på dette. Arnfinn Engen har tatt for seg korleis dette utvikla seg i dei siste tiåra av husmannsvesenet si epoke i det norske

²¹⁵ Hovdhaugen 1975, s. 131.

²¹⁶ Beitrusten 1976, s. 90.

²¹⁷ Engen 2001, s. 131.

²¹⁸ Beitrusten 1976, s. 102.

²¹⁹ Kjeldstadli 1994, s. 60.

samfunnet. Han viser at det i 1880-åra dukka opp ny debatt og arbeid om lovforslag. I første kapittel såg vi korleis husmennene tok til å organisere seg i denne perioden, særleg i Oppland og Hedmark, og blant føremåla deira var å revidere husmannslovgivinga. Samstundes peikar Engen at utvandringa og utflyttinga til byane auka i omfang frå slutten av 1870-åra, som følgje av dårlegare økonomiske tider. Mangelen på arbeidskraft som oppstod i jordbruket vart større og større, samstundes som misnøya til husmennene auka. På grunn av dette vart det derfor nødvendig å gi betre økonomiske og sosiale kår for landarbeidarane for å skaffe jordbruket nødvendig arbeidskraft.²²⁰

I første kapittel om den politiske organiseringa såg vi at Sjur Fedje søkte Stortinget om stipend for ei studiereise. Dette fekk han mot at han skreiv ein rapport til Stortinget om tilhøva for husmennene etter den gjeldande lova frå 1851, og kva slags endringar husmennene sjølve foreslo. Likevel tok det bortimot tre år før noko vart gjort. I mellomtida vart det i Stortinget tatt opp eit par lovforslag omkring husmennene som vart nedstemte i Stortinget. I februar 1884 la tre medlemmer av justiskomiteen fram eit privat forslag til ny husmannslov. Dei viktigaste endringane i forhold til den gjeldande lova var 1. Oppheving av arbeidsplikt, 2. Minimum fem års kontrakttid, og 3. utvida rett til erstatning ved fråflytting dersom det hadde blitt føretatt arbeid på hus eller jordveg (åker) som hadde auka verdien av plassen.²²¹ Forslaget vart sendt til regjeringa, som deretter sendte det ut til høyring i kommunestyra. Då saka vart tatt opp att i 1887 viste svara frå kommunestyra liten støtte til lovforslaget. Motstanden var størst i amta på Austlandet.²²²

Etter å ha blitt etterlyst fleire gonger kom så rapporten til Fedje i november 1887. Han kom med eit oversyn over korleis forholdet var for husmannsfolket dei stadane han hadde besøkt, og kom også med opplysningar om kva for ønske det var husmennene sjølve hadde ytra om lovendringar.²²³ Av desse var dei viktigaste: innskrenking eller oppheving av arbeidsplikta, at dagløna til husmenn skulle vere lik andre dagarbeidarar, at festet skulle vere på livstid, og at husmenn som flytta skulle få erstatning for eventuelle forbetringar dei hadde gjort på plassen.

Fedje kom også med forslag til lovendringar. Engen viser til at det først og fremst var dei same punkta som forslaget frå 1884. I tillegg foreslo Fedje at det skulle opprettast eit fond kor husmenn kunne få låne pengar med billig rente for å hjelpe dei med kjøp av plassane sine. Det vart likevel ikkje heller ikkje denne gongen gjort noko i Stortinget i første omgang, og saka vart

²²⁰ Engen 2001, s. 126.

²²¹ Engen 2001, s. 127.

²²² Engen 2001, s. 128.

²²³ Engen 2001, s. 128.

lagt i protokollen.²²⁴ Likevel ser ein tydlegare her tendensen som vart synleg rundt lovarbeidet i 1850. Styresmaktene sentralt tok husmannsspørsmålet på alvor, og husmennene fekk også no høve til å kome til orde og uttale seg som sin eigen situasjon og bidra til å betre sine kår.

I 1890-åra var det særleg den auka fråflyttinga frå bygdene og den påfølgande arbeidskraftmangelen som opptok styresmaktene, og i staden for ei reformering av lovverket rundt husmannsvesenet vart no den føretrekte ideen å freiste å binde arbeidskrafta til bygdene ved å gi dei høve til å sjølv eige jord. Det skulle skapast ei klasse landarbeidarar med sjølveigarjord, som Engen formulerer det.²²⁵ Dette spørsmålet, om staten direkte skulle gå inn og skaffe jord til landarbeidarar, kom i 1894. Det vart lagt fram eit forslag for Stortinget om oppretting av eit Jordinnkjøpsfond. Kommunane skulle kunne låne pengar til innkjøp av jord som dei kunne dele opp og fordele til folk som ikkje hadde kapital. Staten løyvde 200 000 kroner til fondet, og kvar låntakar kunne få låne opp til 1500 kroner til eit bruk som kunne vere på maksimalt 50 mål. Engen meiner at dette må kunne seiast å vere det første steget som staten tok for å avvikle husmannsvesenet.²²⁶ Han påpeikar likevel at hensikta ikkje var å oppheve den samfunnsklassa dei kom frå, men å hindre at dei reiste frå landet. Funksjonen deira var den same som den alltid hadde vore; dei skulle vere arbeidskraft i jordbruket.²²⁷

Det vart likevel ingen umiddelbar stor suksess, og i 1899 vart det oppnemnt ein ny komité som skulle sjå på eventuelle endringar i reglane for fondet og samstundes kva som kunne gjerast for å skaffe arbeidarane jord og hus. Komiteen hadde tre medlemmar, med Johan Castberg, leiaren for De forenede norske Arbeidersamfund, som formann.²²⁸

Denne komiteen kom med eit forslag i mars 1900. Stortinget skulle løyve ein viss sum til to føremål: småbrukarar og husmenn med livstidsfeste skulle få premiar for nydyrkingsarbeid, for god dyrking av jorda og for god drift. Og for det andre skulle dei same gruppene få premielån til planlagde nydyrkingsarbeid og tiltak for betre dyrking. Forslaga vart vedteke av Stortinget. Den viktigaste delen av komiteen sitt arbeid vart derimot lagt fram i september 1900. Komiteen la fram eit forslag ”om laan til oprettelse af arbeiderbrug for landarbeidere og til opførelse m.v. af boliger for andre ubemidlede”, som det heitte i innstillinga.²²⁹ Dei hevda at dersom arbeidarane i jordbruket lettare fekk høve til å kjøpe jord, ville dette både reformere den vanskelege arbeidskraftsituasjonen i jordbruket, betre kåra for arbeidarane, samt minske utflyttinga til byane og Amerika. Utifrå statistikk viste komiteen til at folkemengda særleg hadde

²²⁴ Engen 2001, s. 128.

²²⁵ Engen 2001, s. 129.

²²⁶ Engen 2001, s. 130.

²²⁷ Engen 2001, s. 130.

²²⁸ Engen 2001, s. 130.

²²⁹ Engen 2001, s. 131.

minka i futedøma der jordbruk var den utprega næringsvegen. Det var særleg blant husmannsklassen at folketalet hadde gått ned. Den veksande gruppa med lausarbeidarar hadde på langt nær erstatta husmennene. Samstundes meinte komiteen at, trass i det aukande talet av landbruksmaskiner som hadde blitt tatt i bruk for å kompensere for tapet av arbeidskraft, så hadde jordbruksproduksjonen gått tilbake. Og dei sette dette opp mot den raske veksten som fann stad i dei andre næringsvegane. Komiteen stadfesta at husmennene flytta og plassane vart nedlagt på grunn av husmannsklassen sine dårlege økonomiske og sosiale kår i forhold til dei andre mulighetene som eksisterte for ein arbeidar.²³⁰ Komiteen sitt forslag for å sikre ei stabil arbeidskraft i jordbruket var å få i stand ei låneordning der jordbruksarbeidarane fekk mulighet til å kjøpe si eiga jord ved hjelp av billege lån frå staten. Dette ville både løyse eit sosialt problem, sikre arbeidskraft til jordbruket, og også frenje nydyrking av landet.²³¹ Måten dette skulle gjerast på var no, i staden for eit fond, å opprette ein eigen bank, og resultatet vart opprettinga av Den norske Arbeiderbruk- og Boligbank i 1903.²³²

Spørsmålet om å skaffe arbeidarar billig jord var framleis aktuelt, og kom opp att i Stortinget på ny. I 1907 vart det nedsett ein ny komité, som kom med forslag om ny lov om småbruk- og boliglån. Det nye var at lån ikkje berre skulle kunne bli gitt til arbeidarbruk, men også til sjølvstendige småbruk av ein slik storleik at storparten av inntekta til ein familie kunne hentast frå bruket. I tillegg kom komiteen med eit lovforslag om tvungen avståing av jord som skulle gå til småbruk, og hevda at det burde kome ei eiga lov om ekspropriasjon.²³³ I 1915 vart så lov om småbruk- og boliglån vedtatt, og banken, som straks vart populær, kom i gang to år seinare. Saman med etableringa av organisasjonen Ny Jord, som sette i gang det første bureisingstiltaket i landet, vart det sett i gang eit nytt viktig tiltak som Engen meiner fekk ein del å seie for avviklinga av husmannsvesenet, nemleg bureisinga, "landets indre kolonisering" som Kjeldstadli kallar den.²³⁴

Siste kapittel i styresmaktene sitt initiativ til å avvikle husmannsvesenet ovanfrå og ned tok til i den same perioden. Engen viser til at Stortingets socialdemokratiske forening i 1914 vedtok eit framlegg om "jordspørsmålet" frå mellom andre representantane Hornsrud og Bonnevie. Dei kravde at husmannsvesenet skulle avskaffast og at løns- og arbeidsforholda for jordarbeidarar skulle ordnast gjennom lov om normalarbeidsdag og minsteløn ved alle større jordbruk.

²³⁰ Engen 2001, s. 131.

²³¹ Engen 2001, s. 132.

²³² Engen 2001, s. 133.

²³³ Engen 2001, s. 133.

²³⁴ Engen 2001, s. 134; Kjeldstadli 1994, s. 60.

To år seinare kom eit nytt forslag frå fleire stortingsrepresentantar om endring i husmannslova. Husmannen skulle ikkje ha plikt til å arbeide meir enn fire av dei seks arbeidsdagane i veka, og for dei dagane han arbeidde på garden skulle han få vanleg løn. Det andre punktet var reglane for erstatning for betringar dersom husmannen flytta frå plassen. Det var altså gamle forslag på nytt. Dette førte til at Landbruksdepartementet i 1916 nedsette ein komité som skulle ta for seg spørsmålet om ein revisjon av husmannslovgivinga. Innstillinga frå komiteen vart lagt fram i 1921, der Engen peikar på særleg fire saksområder. For det første kom fleirtalet med forslag om å gi husmennene eigedomsrett til plassen, anten ved forkjøpsrett, eller ved tvungen avståing av plassen. For det andre meinte fleirtalet at den gjeldande husmannslova måtte endrast, trass i den store tilbakegangen i talet på husmenn, ei utvikling som kom til å fortsette. Dei meinte at avtalane om arbeidsplikt som vilkår for plassleige måtte avviklast, husmannsfamilien skulle sitje trygge på plassen på rimelege vilkår, og endeleg måtte husmannen få større rett på erstatning for forbedringar av plassen. Det tredje forslaget var reglar som skulle hindre spekulering av frikjøpte plassar, og det fjerde var spørsmålet om tvungen avståing av jord til etablering av småbruk.²³⁵

Då departementet la fram innstillinga si, hadde forslaga blitt kraftig reduserte. Grunnen til dette, ifølge Engen, var at det i 1919 hadde blitt oppretta ein eigen Jordkommisjon, som også behandla dei spørsmåla som husmannskommisjonen hadde drøfta. Forslaget til departementet var ikkje like omfattande som det husmannskommisjonen hadde lagt fram. Mellom anna var forslaget om endring av husmannslova, reglar for å hindre spekulasjon, og om tvungen avståing av jord til småbruk var fjerna. Likevel kom det forslag til ei lov, noko Engen forklarar med at det hadde blitt reist krav om å finne ei løysing på husmannsspørsmålet frå så mange hald at departementet ikkje kunne utsetje det noko lenger.²³⁶

Når det etter kvart kom ei endeleg løysing på husmannsspørsmålet var det ikkje husmannskommisjonen, men jordkommisjonen av 1919 sitt arbeid som la grunnlaget, ifølge Engen. Denne kommisjonen la fram innstilling i 1923. Det tok likevel fleire år før saka vart avgjort, mykje på grunn av hyppige regjeringsskifter og politisk motstand. I 1928 vart så "Lov om ordning av visse jordspørsmål" vedtatt, som mellom anna inneheldt kapittelet "Om ordning og avvikling av eldre husmanns-, bygsel- og leilendingsforhold". Lova opna mellom anna for at arbeidsplikt kunne gjerast om til pengeavgift og at leigeforhold kunne forlengast utover den kontraktfesta perioden. Det viktigaste med denne lova var at den gav husmennene forkjøpsrett til plassane sine, og at dei også i mange tilfelle kunne krevje plassane eksproprierte. Desse

²³⁵ Engen 2001, s. 135.

²³⁶ Engen 2001, s. 136.

reglane meiner Engen førte til den endelege avviklinga av husmannsvesenet i dei få tilfella der det ikkje hadde kome til sal på frivillig grunnlag. Berre ved å sjå på lokalt materiale meiner Engen at ein kan finne ut kva slags reell rolle denne lova spelte.²³⁷

Engen har ein god og grundig gjennomgang av heile denne parlamentariske prosessen og gir verdifull innsikt i noko som nærast kan karakteriserast som ei politisk styrt avvikling av husmannsvesenet. Det han ikkje i like stor grad har tatt med i denne gjennomgangen er det større politiske bildet, kva for ideologiske og storpolitiske føresetnadar som låg til grunn for det lovarbeidet som vart gjort, og kva rolle til dømes den russiske revolusjon og radikaliseringa av Arbeidarpartiet i siste del av denne perioden spelte. Han nemner at Hornsrud sat i husmannskommisjonen, men går ikkje så mykje nærare inn på det. Knut Kjeldstadli hevdar at Jordspørsmålet var eit heitt tema på Stortinget, og at delar av Venstre, Arbeidardemokratene og Det norske Arbeidarparti ville ekspropriere. Han påpeikar at Jordlova opna for dette, men at der ikkje var politisk vilje til ei radikal jordreform. ”Jordbolsjevismen”, som han kallar det, skremte også dei små eigedomsmennene. ”Individualismen stakk dypt i norske småbønder.”²³⁸

Det som er slåande i Engen sin gjennomgang er kor viktig husmannsvesenet framleis var for styresmaktene, i ei tid der avviklinga av det var i full gang og fullstendig synleg for alle. Mellom anna er til dømes det som framleis blir sett på som standardverket innanfor forskingslitteraturen om husmannsvesenet, Simen Skappel si bok, skriven seks år før Jordlova kom, og som nemnt ovanfor meinte Skappel at husmannsvesenet kunne eksistere ei god stund til. Når det ikkje kan seiast å ha gjort det, var det ikkje minst som følgje av også styresmaktene, saman med arbeidarane i jordbruket, såg ein annan og meir fordelaktig utveg.

2.9 Lokalhistorisk litteratur - bygdebøker

Dette delkapittelet er tatt med sjølv om bygdebøker ikkje har blitt tatt med i litteraturoversynet. Store delar av det som blir gjort av historisk forskning i lokalsamfunna i Noreg er bygdebøkene, eller gards- og ættesogene som dei gjerne blir kalla. Om lag kvar einaste bygd i landet har fått si eiga bygdebok, gjerne også fleire, etter kvart som dei eldre utgåvene har blitt sett på som noko forelda. Kva fortel dei om husmannsvesenet? Det har falle utanfor rammene til denne rapporten å skulle gå gjennom alle bygdebøkene som finst i Noreg, samstundes som også den andre forskingslitteraturen skulle kartleggast og lesast. Det er då likevel nokon som har gjort det. Ståle Dyrvik gjekk i 1990 gjennom bygdebøkene for å finne ut korleis husmannsvesenet

²³⁷ Engen 2001, s. 136.

²³⁸ Kjeldstadli 1994, s. 61.

vart framstilt. Det han fann i dei såkalla gards- og ættesogene, var at ofte var ikkje ein gong husmennene tatt med i bygdehistoria. Særleg var dette tilfelle i dei eldre bøkene frå før andre verdskrig. Ein annan observasjon han gjorde var at husmennene var oftare utelatt i bøkene frå Austlandet enn frå andre landsdelar.²³⁹ Dyrvik meiner at gards- og ættesogene avspeglar sosiale motsetnader i bondesamfunnet, og at dei er eit uttrykk for ein "gardbrukar-ideologi". Han meiner at det er meir spennande å sjå på den almenne bygdehistoria (kultursoga), og korleis husmannsvesenet blir behandla. Også her har Dyrvik funne at det er dei nyaste arbeida som er fylldigast og mest balansert når det gjeld husmannsvesenet. Likevel undrar han seg over i kor stor grad dei gamle oppfatningane heng att og blir "omfamna" også hos mange nyare forfattarar.²⁴⁰

Hans Eyvind Næss meiner at dei nyare gards- og ættesogene har vore til stor hjelp med sine grundige undersøkingar for å identifisere alle personar i lokalsamfunnet og kople dei til gardane og med presis informasjon om kva for sosial gruppe dei høyrde til.²⁴¹ Her meiner han nok særleg dei nyare bygdebøkene av han sjølv, Østrem og Drange, som har gitt verdifull innsikt i det tidlege husmannsvesenet på Sørvestlandet (sjå kapittel 2.2). Også Næss viser til at eldre bygdebøker knapt nok tek for seg husmenn. Bygdebokforfattarane var mest interesserte i å dekke dei lokale tradisjonane blant overklassa i bondesamfunnet, odelsbøndene. Dette meiner Næss har endra seg i nyare tid. Han hevdar at forskning rundt lokal familiehistorie no inkluderer husmennene i like stor grad som andre familiar, og er viktige bidrag for å korrigere dei forenkla utlegningane som finst i lærebøkene.²⁴²

2.10 Konklusjon

Med dette litteraturoversynet har eg prøvd å trekkje ut dei mest sentrale aspekta ved husmannsvesenet, slik det har blitt framstilt i den litteraturen som eg gjennom arbeidet har fått tid til å kartlagt, samla inn og gått gjennom. Samstundes har eg prøvd å gi eit overblikk over historia til husmannsvesenet frå framveksten til avviklinga. Det har vore nødvendig å gjere nokre prioriteringar, og det er nok ikkje alle tema som har fått den plassen dei kunne ha hatt krav på i eit slikt oversyn. Fokuset har mest vore på dei meir nasjonale aspekta og utviklinga av husmannsvesenet over tid, og i mindre grad på lokale djupdykk i ein viss periode, som var eitt av alternativa som vart vurdert i samband med korleis denne fagrapporten skulle strukturast. Det har blitt gitt noko plass til nokre små djupdykk der dette har vore hensiktsmessig, og der lokale studiar har gitt ny innsikt i å nyansere det store biletet av husmannsvesenet.

²³⁹ Dyrvik 1990, s. 51.

²⁴⁰ Dyrvik 1990, s. 52.

²⁴¹ Næss 2002, s. 128.

²⁴² Næss 2002, s. 129.

Det denne gjennomgangen av historia til husmannsvesenet og litteraturen om husmannsvesenet har vist, er at denne historia inneheld mange ulike tema som det i ulik grad har blitt forska på og som i ulik grad har blitt tatt opp i den nasjonale forteljinga om både husmenn og bønder og framveksten av arbeidarklassen i det moderne Noreg.

I lokale nærstudiar av husmannsvesenet i dei ulike bygdene, som hovudfagsstudentar særleg på 1970-talet føretok, var fokuset på dei økonomiske og sosiale forholda for husmennene og deira forhold til bøndene. Desse undersøkingane har gitt ny innsikt i kor differensiert og heterogent husmannsvesenet var, sjølv innanfor enkelte bygdelag, og har vore med på å viske ut, iallfall delvis, det svart-kvitt-biletet som har eksistert av husmennene i norsk historie. Dei seinare åra har det også blomstra opp ei ny interesse for å nyansere det tradisjonelle bildet av husmannsvesenet, noko som lover godt for meir fokus omkring desse spørsmåla og ei auka innsikt i kva dette husmannsvesenet egentleg var.

Eit anna aspekt som er verdt å trekke fram, er det politiske. Husmennene som ei politisk gruppe frå midten av 1800-talet er svært interessant, og her står det nok mykje forskning att. Vi står mellom anna framfor det som ser ut til å bli ei storslagen markering av Grunnlova i 2014, og då kan det vere på sin plass også å minne på kva for store grupper i samfunnet det var som *ikkje* fekk stemmerett, og som vart sett utanfor det politiske fellesskapet i den nye sjølvstendige staten Noreg. Dette var i hovudsak kvinner og husmenn, samt lausarbeidarar og tenestefolk. Dette fokuset på husmennene som ei sosial og politisk gruppe, særleg på 1800-talet, og husmennene som nærast ei slags "proto-arbeidarrørsle", bør vere sentrale stikkord for eit vidare arbeid med eit nasjonalt dokumentasjonssenter for husmannsvesenet.

Kva er det eventuelt som manglar av tema i husmannsforskinga? Eit naturleg tema som dukkar opp og opnar for nye spørsmål er kjønnsaspektet. Sjølve omgrepet husmann er kjønnssekskluderande. Bak dei fleste husmann var det som regel ein heil familie, kone og barn. Kva var husmannskona si rolle, og korleis var arbeidsdelinga mellom husmann og huskone? Ikkje før med Husmannslova av 1851 vart konene fritekne for pliktarbeid. Kva for rolle spelte dei, mellom anna under framveksten av husmannsvesenet?

Eit anna spørsmål er det geografiske. Det store fokuset har vore på husmannsvesenet på Austlandet, og delar av Vestlandet. Kva med Sørlandet, Vestlandet, Trøndelag, Nord-Noreg.. Her er nok ikkje litteraturoversynet heilt representativt. Der er nok skrive mykje meir om husmannsvesenet frå ulike delar av landet enn det som har kome fram i denne fagrapporten, og her har nok ikkje dette fått sin rettmessige plass. Det har ikkje vore høve til å gå gjennom alt det som finst av lokallhistorisk litteratur, ikkje berre bygdebøker, men også dei fylkes- og regionalhistoriene for ulike delar av landet som har blitt utgitt dei seinare åra, samt alt som

måtte finnast av mindre arbeid i alle dei årbøkene til ulike lokale historieföreiningar og sogelag rundt om landet. Det vil krevje ein stor arbeidsinnsats å kartlegge all denne forskinga. I denne fagrapporten har dette blitt prioritert vekk til fordel for andre og meir overordna tema.

I forlenging av dette siste punktet må då også behovet for eit nytt syntetiserande standardverk som tek for seg husmannsvesenet i Noreg i ein heilskap påpeikast. Det er framleis Skappel si no snart 90 år gamle inndeling som er utgangspunktet for det meste som blir skrivne om husmannsvesenet. Dette kan godt vere eit uttrykk for kor god hans studie er, og at den framleis står seg som ein god inngangsport til dette emnet. Likevel, med all den forskinga som har blitt gjort sidan den tid, bør det vere eit godt grunnlag for å revidere Skappel sine teser og utarbeide nye omkring husmannsvesenet, basert på lokale studiar frå heile landet.

3. Kjeldeoversyn

Eit problem som dei historikarane som har arbeidd med husmannsvesenet kanskje i større grad støyter på enn historikarar som har vald andre studieobjekt, er kjeldesituasjonen. Dette kom fram i litteraturoversynet som tok for seg forholdet mellom bonde og husmenn. Skriftlege kjelder er som oftast offentlege dokument, og som det vart påvist i samband med framveksten av og funksjonen til husmannsvesenet, var husmannsvesenet lenge ei privatsak mellom bonden og husmannen som leigde plass hos han. Og når det gjeld dei av historikarane hyppig brukte kjelder som ikkje er av offentlig karakter, som dagbøker, brev, aviser og liknande, har nok ikkje husmenn vore dei mest produktive bidragsytarane opp gjennom tidene. Kjelder som likevel er sentrale er²⁴³:

3.1 Personopplysningar

Manntal og folketeljningar har opplysningar om enkeltpersonar, i manntala berre menn over ein viss alder. Folketeljningane gjev i prinsippet opplysningar om alle personar.

Fute- og prestemanntala 1663-66. Manntala 1663-1666 kom i stand etter eit initiativ frå Titus Bülche. Etter eit forslag frå han vart alle prestane og futane pålagde å senda inn manntal over alle **mannkjønn** som var over 12 år. I 1665 kom ei ny ordre som sa at også 12 år gamle gutar skulle inkludrast. Desse kom dermed med i manntalet frå 1666. I manntala er personar over 12 normalt skild og karakterisert med termane bønder, bondesønner, tjenestedrenger, husmenn, strandsittere og løsgjengere. Personane er lista gardvis og gardane er organisert etter prestegjeld, prosti eller fogderi. Dei enkelte manntala har lakunar, men dei fleste prestegjeld har

²⁴³ Denne gjennomgangen er i stor grad utarbeida av førsteamanuensis Arne Solli.

minst eitt bevart manntal.²⁴⁴ Manntala er transkribert for fleire prosti (hovudsakeleg prestemanntala)²⁴⁵ og alle bevarte manntala frå perioden, både fute- og prestemanntala er tilgjengeleg som digitale faksimilar.²⁴⁶ Ved hjelp av manntala er det mogeleg å identifisere alle gardar som hadde husmenn på 1660-talet.

Manntalet 1701 omfatta landdistrikta i heile Noreg sør for Finnmark futedømme, men store delar av materialet er gått tapt. Det er tapt for nesten heile "sønnafjelske" Noreg (i dag Sør- og Østlandet, men er i behald for Rygge prestegjeld, Nedre Romerike futedømme, for Odal prestegjeld, for Larvik grevskap og Nedenes futedømme). Vidare manglar manntal for Jostedal prestegjeld i Indre Sogn, og det manglar for Stjør- og Verdal futedømme. Manntalet 1701 er transkribert for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Berre enkeltprestegjeld er transkribert på Aust- og Sørlandet. Trøndelagsfylka og Nordland har noko betre dekningsgrad.²⁴⁷ Heile den bevarte delen av manntalet er tilgjengeleg i skanna form (digitale faksimilar).²⁴⁸ På same måte som ved manntala i 1660 er det skild mellom oppsitjarar, søner og husmenn. Det er dermed råd å identifisere alle gardar med husmenn i 1701.

Ekstraskatten 1762-65. Ved forordning av 23. september 1762 blei det norske folk pålagt ein ekstraskatt for å dekke gjelda etter utrustning og forsterkning av krigsmakta. Alle personar over 12 år skulle svare 8 skilling i månaden. I samband med dette blei futane pålagt å utarbeide eit fullstendig skatteregister og hovudmanntall. Ekstraskatten er ei regelrett folketeljing over alle personar - menn og kvinner - over 12 år. Husmenn/husmannshushalda er skild ut i eigen kolonne/rubrikk. Ekstraskatten gjev ei særskild god kjelde til husmannsvesenet, men bevaringsgraden for materialet er uvisst. Arkivmaterialet etter ekstraskatten av 1762 ligg i forskjellige regnskapsseriar i Rentekammerets arkiv. Trass i likskap ved materialet, er det store variasjonar når det gjeld kva for opplysningar vedlegga inneheld og kor mykje som er bevart. Materialet er i liten grad transkribert, berre 15-20 prestegjeld er tilgjengeleg i digitalarkivet, men det finst også tilgjengeleg transkripsjonar av materialet utanfor digitalarkivet på historielag- og private nettsider. Materialet er førebels ikkje gjort tilgjengeleg av arkivverket som digitale faksimilar.

²⁴⁴ <http://digitalarkivet.no/1660reg/>

²⁴⁵ <http://www.digitalarkivet.no/cgi-win/WebMeta.exe?slag=vismeny&fylkenr=&knr=&katnr=1&aar=&dagens=&emnenr=1>

²⁴⁶ <http://arkivverket.no/Arkivbevaring/Papirmateriale/Digitalisering/Skanning/Manntallene-1664-1666>

²⁴⁷ <http://www.digitalarkivet.no/cgi-win/WebMeta.exe?slag=vismeny&fylkenr=&knr=&katnr=1&aar=&dagens=&emnenr=10>

²⁴⁸ <http://arkivverket.no/arkivverket/Arkivbevaring/Papirmateriale/Digitalisering/Skanning/Manntallet-1701>

Folketeljingar 1801 - 1910. Frå og med 1801 har det blitt halde 10-årlege folketeljingar i Norge. Men for teljingane i perioden mellom 1801 og 1865 er teljingane berre summariske, utan opplysningar på individnivå.

Fire folketeljingar for Norge er pr. i dag komplett transkriberte og tilgjengelege på arkivverkets sider (Digitalarkivet). Dette er folketeljingane 1801, 1865, 1900 og 1910.²⁴⁹ Alle teljingane har yrkesrubrikk som m.a. viser om hovudpersonen er gardbrukar, husmann eller strandsitjar. Folketeljingane er organisert prestegjeldsvis, seinare kommunevis. I 1801-teljinga er gardar og bustader berre identifisert med namn, i dei seinare teljingane både ved gardsnamn og matrikkelnummer (løpenummer, gards- og bruksnummer), dels også bruksnamn. Ikkje særskild matrikulerte bustader manglar matrikkel-nummer i teljingane frå og med 1865 og dette gjev dermed to uavhengige måtar å skilje ut og identifisere husmannsplassar, både med yrkesnemning og med manglande matrikkelnummer.

3.2 Egedomsopplysningar

Ein **matrikkel** er eit offentleg register over alle grunneigedomar i eit land, eit egedomsregister. Den første norske matrikkelen blei etablert i 1660-åra på grunnlag i forarbeidet til landkommisjonen av 1661. Etter 1660 finst det tre hovudmatrikuleringar, i 1723, 1838 og 1886. I prinsippet er matrikkelen av 1886 gjeldande. Matrikkelen av 1723 blei trekt tilbake av kongen etter få månader, men heile materialet er bevart. I tillegg til dei fire hovudmatriklane (1664-67, 1723, 1838 og 1886) finst det matrikkelforarbeid og matrikkel-liknande register. Matrikkelforarbeida er sjølve grunnlaget for matrikkelen.

Sidan ein husmannsplass er definert som eit ikkje særskild matrikulert egedom/plass vil husmannsplassane pr. definisjon mangle i ein matrikkel. Dersom husmannsplassen blei matrikulert, slik dei blei i perioden etter 1851, vil plassen pr. definisjon opphøre som husmannsplass.

Dermed skulle ein også vente å finne lite informasjon om husmannsplassar i matriklane og i matrikkelforarbeida, og det stemmer i hovudsak. Men om sjølve matrikkelen manglar husmannsplassane, er det opplysningar om husmannsplassar i matrikkelforarbeida. Materialet frå matrikuleringskommisjonane på 1800-talet er bevart i Riksarkivet.²⁵⁰ I 1980 blei matrikkelen av 1886 avløyst av GAB-registeret (Grunneiendom, Adresse, Bolig).

Landkommisjonen 1661 og matrikkelen 1665. Matrikkelgrunnlaget frå 1660-åra har ingen særskilde opplysningar om husmannsplassar. Matrikkelen 1723 har ein eigen rubrikk for

²⁴⁹ Folketeljinga 1910 er tilgjengeleg gjennom eigen teneste <http://da.digitalarkivet.no/ft/sok/1910>, medan dei andre teljingane er tilgjengeleg med felles teneste på <http://www.digitalarkivet.no/>

²⁵⁰ Håndbok for Riksarkivet, 1992, s. 271-273.

husmannsplassar, dvs. talet på husmannsplassar skal oppgjevast under kvar gard. Matrikkelen 1723 er tilgjengeleg som digitale faksimilar på arkivverkets sider.²⁵¹

Jordavgifta av 1802 er eit matrikkel-liknande register. I 1802 kom forordninga om ei årlig avgift på "Besiddelse, Nytte og Brug" av fast eigedom, altså ei avgift på jordeigedom på landet. I kommisjonsprotokollane finst det døme på at husmannsplassane er registrerte med tal og namn under ein gard. Det er uklart kor omfattande og konsekvent denne registreringa var.

Matrikkelen 1838 er den første trykte matrikkelen. Delar av matrikkelen er transkribert av Registreringssentralen for historiske data (RHD) ved Universitetet i Tromsø. Førebels omfattar gardsmatrikkelen for 1838 kun fylka Hedmark, Buskerud, Telemark og Troms og fins som Excel-filer.²⁵² Den øvrige del av landet er tilgjengeleg i skanna form (digitale faksimilar) på arkivverkets sider.²⁵³ Matrikkelen er i trykt i med gotisk trykk.

Matrikkelen for 1886 blei også trykt, og Registreringssentralen for historiske data (RHD) har transkribert den trykte matrikkelen. Gardsmatrikkelen for heile landet utanom Finnmark er tilgjengeleg som excel-filer.²⁵⁴ Finnmark blei ikkje matrikulert med gards- og bruksnummer før med innføringa av GAB-registeret i 1980.

Matrikkelutkastet frå 1950 er ei samling av omtrent 85.000 lister over fast eigedom i Noreg. Listene er ordna etter stigande gardsnummer innafor kvar kommune. Listene er utarbeidde av Finansdepartementet. Listene er ordna etter stigande gardsnummer innafor kvar kommune. Listene er utarbeidde av Finansdepartementet. Matrikkelutkastet er eit sentralt hjelpemiddel for namnekonsulenttenesta i staten, og vert brukt i arbeidet med å normere stadnamna. Matrikkelutkastet av 1950 er digitalisert av Dokumentasjonsprosjektet (UiO) og tilgjengeleg i søkbart format.²⁵⁵ Matrikkelutkastet av 1950 vil innehalde husmannsplassar som blei matrikulerte etter matrikkelen 1886

3.3 Rettergangsmateriale og tinglysing.

Rettergangsmateriale og tinglysing består av tingbøker, dombok og pantebøker med tilhøyrande register (panteregister).

Pantebøker inneheld avskrifter eller gjenpartar av tinglyste dokumenter ordna kronologisk etter tinglyingsdato. Panteregister inneheld korte skildringar av og tilvisingar til dei tinglyste dokumenta, ordna eigdomsvis (etter matrikkelen). Pantebøkene og panteregistra frå

²⁵¹ Matrikkelforarbeidet 1723,

<http://arkivverket.no/Arkivbevaring/Papirmateriale/Digitalisering/Skanning/Matrikkelforarbeidet-1723>

²⁵² <http://www.rhd.uit.no/matrikkel/excel.html>

²⁵³ <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Arkivbevaring/Papirmateriale/Digitalisering/Skanning/Matrikkelen-1838>

²⁵⁴ <http://www.rhd.uit.no/matrikkel/excel.html>

²⁵⁵ <http://www.dokpro.uio.no/cgi-bin/stad/matr50>

1600-talet til 1935 utgjer ca. 14 millionar sider. Pr. august 2011 er 13,5 millionar sider skanna frå mikrofilm og gjort tilgjengeleg som digitale faksimilar i Digitalarkivet.²⁵⁶ Pantebøkene inneheld tinglyste husmannskontraktar og grunnsetlar, dersom dei blei tinglyste. I panteregisteret vere indeksert under hovudbrukets gards- og bruksnummer.

Tingbøkene refererer dei rettslege forhandlingane som fann stad ved domstolen (tinget) og gir oss tildels frodige skildringar av folk sine levevis. Her finnes gjeldstvistar og nabokrangler, brotne ekteskapslofter og alvorlige kriminelle handlingar. Protokollane er nedskrivne under rettsmøta, og ber ofte preg av å være skriva i høgt tempo. Handskrifta er gotisk. Tinglysing av grunnsetlar (husmannskontraktar) kan vere ført inn i tingbøkene i 1750-52 då lova påbaud slik tinglysing. Lova blei oppheva i 1752 og tinglysing av grunnsetlar var då ikkje lenger påbode. Tingbøker er transkribert for fleire område av landet og i ulike tidsperiodar. Tingbokprosjektet ved Universitetet i Oslo har i hovudsak transkribert tingbøker frå 1600-tallet, og få (ingen?) frå perioden etter 1750. Aker, Drammen, Ryfylke og Nord-Hordland er godt representerte i utvalet av transkriberte tingbøker.²⁵⁷ I Digitalarkivet finst også eit digital samling av transkriberte tingbøker, frå Hordaland, Finnmark, Sunnfjord og Nordfjord. Dei fleste avskriftene er frå den eldste perioden, berre tingbøkene frå Hordaland gjeld perioden etter 1750.²⁵⁸ Store delar av dei norske rettsprotokollane i Digitalarkivets teneste "Skannet rettargangsmateriale" tilbyr navigering i og framvising av skanna rettsprotokollar frå forskjellige rettsinstansar (under, over- og øvste rett). Det er i hovudsak mikrofilma materiale som er skanna, men noko er skanna frå originalane.²⁵⁹

3.4 Andre skriftlege kjelder

Lover og forordningar. I litteraturoversynet har dei ulike forordningane og lovene som vedkom husmannsvesenet blitt presentert. Viktigast var forordningane av 1750, 1752, 1792 og Husmannslova av 1851. Lokalhistorisk Institutt har laga ei samling av kjelder angående husmannsvesenet. Her finn ein mellom anna forordningane om husmannsvesenet frå 1700-talet, og ikkje minst heile Husmannslova av 1851. I tillegg finn ein ei rekkje andre offentlege dokument der husmenn er nemnde.

²⁵⁶ Arkiverket, Skannede tinglytingsdokumenter, http://www.arkiverket.no/URN:tl_read

²⁵⁷ Om prosjektet: <http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/> Søkjesystemet: http://www.dokpro.uio.no/tingbok/tingbok_ramme.html

²⁵⁸ Håkon Åsheim, Tingbøker frå Hordaland, Digitalarkivet, <http://digitalarkivet.no/da/tb1200.htm>

²⁵⁹ Arkiverket, Skannet rettergangsmateriale, http://www.arkiverket.no/URN:rg_read

http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Kjeldearkiv:Husmannsvesenet_i_lover_og_forordninger.

Aviser og periodika. Synet på husmannsvesenet i den offentlege debatten, særleg i samband med lovarbeid frå midten av 1800-talet og utover vil . I 1883 vart det starta ei eiga avis, ”Husmanden”, som skulle fronte husmannssaka. Fleire av leserinnlegga i avisa vart skrivne av husmenn, og i avisa foregjekk der meiningsutvekslingar mellom husmenn og gardbrukarar.

3.5 Ikkje-skriftlege kjelder

Fysiske spor. Tidlegare husmannsplassar og fysiske spor av husmannsplassar representerer i seg sjølv ei viktig kjelde til husmannsvesenet. Nokre få husmannsplassar har blitt tatt vare på og lagt under ulike museum. Også lokale museum og historielag arbeider med å ta vare på og kartlegge fysiske spor etter husmannsplassar.²⁶⁰

Fotografi. Frå slutten av 1800-talet har husmannsvesenet i si avslutningsfase blitt dokumentert gjennom fotografi. Har dette forma vårt bilete av husmannen og huskona som eldre menneske som budde på slitne plassar, og som ikkje hadde kapasitet til vedlikehalde bustadane sine? Jamfør eit sitat frå Simen Skappel: ”Intet illustrerer husmandsvæsenets stilling i nutiden bedre end dette billede: de gamle husmænd i de gamle brøstfaldne huse. Fornyelsens og foryngelsens kraft er veget bort fra denne institution, utviklingen er slaat ind paa andre baner.”²⁶¹ Arnfinn Engen har mange fotografi av husmenn og siste del husmannstida i si bok. Han nemner at han har fått stor hjelp frå biblioteket på Maihaugen til å finne fram fotografi, i tillegg til Norsk Folkemuseum og lokale historielag. I Årboka for Ryfylkemuseet for 2008 er også husmannsvesenet framstilt gjennom fotografi frå denne delen av landet. Det finst nok mange lokale fotosamlingar rundt om i landet med slikt innhald.

²⁶⁰ Eksempel: <http://nesodden.historielag.org/husmannsmerking.php>

²⁶¹ Skappel 1922, s. 191.

4. Husmannssenter, funksjonar og oppgåver

Dersom eit nasjonalt husmannssenter skal kunne støtte opp under forskning, utdanning, formidling og lokalthistorisk verksemd om husmannsvesenet føreset det at senteret må forvalte kunnskapsbasen om husmannsvesenet. Det føregåande litteratur- og kjeldeoversynet har synt at denne er omfattande og variert, men i liten grad systematisert. Også viktige delar av kjeldematerialet til husmannsvesenet er digitalisert av arkivverket, både som transkripsjonar og som skanna protokollsider. Viktige oppgåver for husmannssenteret blir derfor å kunne byggje tenester for å lette arbeidet med å hente fram relevant informasjon frå mengda av kjelder. Vidare å organisere, systematisere og katalogisere slik at både forskarar, lokalthistorisk interesserte, studentar og elevar kan navigere og ta seg fram i mengda av litteratur og kjelder.

Husmannssenteret som kunnskapscenter bør ha minst fire kunnskapsbasar:

Skulestova, Husmannsarkivet, Husmannsbiblioteket og Husmannsregisteret. Desse tre basane ha både fysisk, konkret materiale og digitale komponentar i form av digitalisert materiale. Overbygninga til arkivet, biblioteket og registeret kan vere digitalt oppslagsverk, og per i dag representerer wikipedia og wikipedia-teknologien eit nyttig utgangspunkt for korleis eit slikt oppslagsverk kan utformast og fungere.

4.1 Skulestova

Undervisningsopplegg - husmannsvesen for skulebruk

Ein viktig del av eit slikt senter sitt arbeid bør vere formidling, og då kanskje særleg til skulebruk. Arkivnett Oppland, som høyrer under Fylkesarkivet i Oppland, har oppretta ei eiga nettside med undervisningsopplegg for bruk i skulen, med fokus på husmannsvesenet i Oppland. Her finn ein mykje informasjon om dei ulike aspekta ved husmannsvesenet tilrettelagt for undervisningsbruk i skulen. Hovudkjelda til dei ulike artiklane ser ut til å vere Arnfinn Engen si bok "Husmannstid og husmannsfolk" frå 2001. Adressa er:

<http://www.arkivnett.ol.no/husmenn/>

På denne nettsida finn ein mellom anna oppgåver som er utarbeida for at elevar skal få lære meir om husmannsvesenet i sin heilskap og også frå elevane sine heimtrakter, med bruk av både det som finst på Arkivnett Oppland samt bruk av folketeljingane inne på digitalarkivet sine nettsider. Oppgåvene kan finnast på denne sida:

<http://www.arkivnett.ol.no/husmenn/index.php?id=4>

Husmannssenteret bør initiere eit samarbeid med institusjonar for lærarutdanninga i Norge for å utvikle undervisningsopplegg basert på tenestene og materialet som skal forvaltast av husmannssenteret.

4.2 Husmannsbiblioteket - på papir og digitalt.

Det finst ein rikholdig lokal og regional litteratur om husmenn, husmannsfamiliar og husmannsplassar. Større og mindre artiklar har blitt publisert i mindre opplag og lokalt. Per i dag finst truleg store delar av den lokalhistoriske litteraturen berre lokalt, på eit fåtal enkeltbibliotek. Men det er også publisert ein del nasjonalt og regionalt i bokform og det eksisterer fleire hovud- og masteroppgåver. Nokre har husmannsvesenet som hovudtema, men mange har det som side- eller underordna tema. Husmannssenteret bør ha som viktig oppgåve å kartlegge og samle fysisk eller digitalt "alt" som har blitt publisert i trykt form omkring husmannsvesenet. Særleg viktig er det å få samla sentrale forskingspublikasjonar (jfr. Rapportens bibliografi) og forskingslitteratur frå andre nord-europeiske land.

Nasjonallbiblioteket i Rana, Google books og Openlibrary er i dag dei fremste aktørane på digitalisering av norsk og internasjonal litteratur - og all type litteratur. Ein viktig funksjon for husmannsbiblioteket er å etablere ein digital søkbar katalog (bibliografi) over både eiga samling av litteratur, men og den som berre er digitalt tilgjengeleg i eit av dei digitale biblioteka (t.d. Bokhylla hos nasjonalbiblioteket).

4.3 Husmannsarkivet - fysisk og virtuelt

Husmannsarkivet bør også bestå av eit fysisk arkiv med samling av ulike typar materiale, foto, kart, gjenstandar osv. Men først og fremst er det behov for eit "virtuelt arkiv" eller "digitalt arkiv". Ein stor del av kjeldematerialet for perioden før 1900 vert i dag digitalisert. Viktige kjelder til husmannsfolket og husmannsplassane, som kyrkjebøker, folketeljingar, rettergangsmateriale og tinglysingsmaterialet er digitalisert. Andre omfattande kjeldeseriar som lensrekneskap og futerekneskap er eller vil bli digitaliserte. Husmannssenteret må etablere eit arkiv som består av peikarar (lenker) til relevant materiale for husmannsvesenet. Dette kan vi

kalle eit virtuelt, digitalt arkiv. Samstundes er det naturlegvis viktig at senteret også tek initiativ til digitalisering og kan yte tenester for forskarar, lokallhistoriske lag osb. m.ot. til digitalisering av eige materiale med relevans for husmannsvesenet.

Husmannsminner.

I 1950 sette Norsk Folkemuseum i gang ei innsamling av husmannsminne. Husmannsminna er ei minnesamling med lokale forteljingar omkring husmenn sine kår. Det var Ingrid Semmingsen som sto for dette arbeidet. I alt vart det samla inn så mange som 700 historier. Storparten av desse er utrykte.²⁶² I 1960 vart det utgitt ei bok, *Husmannsminner*, redigert av Semmingsen, der 18 slike innsendte forteljingar frå husmannsfolk frå fleire ulike stader i landet er tekne med.²⁶³ I boka som tok for seg husmannsvesenet i Sogn og Fjordane som Anders Timberlid var redaktør for, er det tatt med utdrag frå dei bidraga til husmannsminneinnsamlinga som kom frå Sogn og Fjordane.²⁶⁴ Husmannsminna er i dag arkivert på Norsk Folkemuseum. Eit forslag er å digitalisere desse husmannsminna og gjere dei allment tilgjengeleg, kanskje også i samband med undervisningsopplegg for ulike delar av landet, samt å nytte dei i samband med "husmannswikien" (sjå kap. 4.5). Dette må nok eventuelt skje i samråd med Norsk Folkemuseum.

Husmannsfotodatabase

Den avsluttande perioden av husmannsvesenet er godt dokumentert gjennom fotografi. Eit forslag er at eit nasjonalt dokumentasjonssenter opprettar ein nasjonal "husmannsfotodatabase", i samråd med til dømes Maihaugen, Norsk Folkemuseum, Norsk Lokallhistorisk Institutt, andre folkemuseum, og med ulike lokallhistoriske organisasjonar som kan sitje på samlingar. Norsk Lokallhistorisk Institutt har laga ei fylldig oversikt over ulike fotosamlingar frå heile landet som kan vere av nytte i ein slik samanheng:

<http://www.lokalhistorie.no/nettverk/lokalhistorisk/bilder/bildesamlinger.html>

Persongalleri – kjende personar frå husmannsklassen

²⁶² Engen (red.) 1979, s. 22.

²⁶³ Semmingsen (red.) 1960.

²⁶⁴ Timberlid (red.) 1981, s. 159-174.

Eit anna forslag til formidlingsaspektet ved eit slikt dokumentasjonssenter er å trekke fram kjente personar frå husmannsklassen som har utmerka seg i norsk historie og kultur- og samfunnsliv. Dette vil gjere senteret meir interessant og relevant ikkje berre for publikum, men eventuelt også for ulike kulturinstitusjonar, Kulturdepartementet osv., og vil vise kor mange sentrale aktørar i norsk kulturhistorie som kom frå denne samfunnsgruppa. Barndomsheimane til fleire av dei mest kjende personane frå husmannsklassen høyrer i dag under ulike lokale museum og der er dei nok godt dekkja. Men for eit nasjonalt dokumentasjonssenter bør nok også denne sida ved husmannsvesenet vere relevant.

Dei mest kjende som har blitt spora opp er, i kronologisk rekkefølge:

- Hans Allum, 1777-1848, husmannsson, lærar og forfattar frå generasjonen før Wergeland frå Vestfold. Allum har mellom anna eit auditorium ved Høgskulen i Vestfold oppkalla etter seg.
- Knud Knudsen, 1812-1895. Husmannsson som vart ein av dei store språkreformatorane på 1800-talet (husmannsplassen i Tvedestrand som han vaks opp i er i dag eigd av Aust-Agder kulturhistoriske senter)
- Aasmund Olavsson Vinje, 1818-1870. Han som vaks opp på "Plassen" som låg under garden Vinje.
- Ole Vig, 1824-1857. Husmannsson frå Stjørdal og ein av dei store folkeopplysarane på 1800-talet.
 - Merk: Koplinga mellom desse. Dei inngår i det som Øystein Sørensen kallar "kulturgrundtvigianismen"²⁶⁵
- Lars Kinsarvik, 1846-1925. Husmannsson frå Kinsarvik (no Ullensvang). Kjend og viktig treskjerar som også hadde eit tett forhold til folkehøgskulen, som lærar både i Hardanger og på Sunnmøre.
- Ivar Kleiven, 1854-1954. Frå Vågå. Lokalhistorisk forfatter. Mor hans kom frå husmannsslekt og han engasjerte seg i husmannssaka.
- Knut Hamsun, 1859-1952? (Han skal ha vore fødd på husmannsplassen Skultbakken i Vågå, men dette er noko usikkert)

²⁶⁵ "Mer uformelt ble Ole Vig det naturlige senteret i en grundtvigiansk inspirert krets. En rekke yngre intellektuelle inngikk i denne kretsen: Olaus Arvesen, Ivar Aasen, Aasmund Olavsson Vinje, Eilert Sundt, Bjørnstjerne Bjørnson. Ikke alle var grundtvigianere i religiøs forstand. Men de var, i større eller mindre grad, inspirert av det man gjerne kaller kulturgrundtvigianismen; de samlet seg om folkeopplysningstanken." Sørensen 2001, s. 270. Han nemner ikkje Knud Knudsen blant dei, men han viser til at Knudsen var bidragsyter til *Folkevennen*, bladet til Vig. Og i tidsskriftet *Den norske Folkeskole*, som han gav ut samstundes med *Folkevennen*, samarbeida han med Knudsen. Sørensen 2001, s. 270f.

- Johan Nygaardsvold, 1879-1952, husmannsson frå husmannsplassen Nygårdsvollen og statsminister. Han har eit eige museum i Hommelvik:
<http://www.malvik.kommune.no/index.php?cat=168254>
- Lars Moen, 1885-1964, husmannsson frå Gudbrandsdalen og stortingspolitikar i 30 år for DNA, kyrkje- og undervisningsminister 1948-53. Skreiv også diktsamlinga *Dikt frå Sachsenhausen*.
- Sverre Støstad, 1887-1959, husmannsson frå Nord-Trøndelag, sosialminister under Nygaardsvold 1939-45.
- Alf Prøysen, 1914-1970 (husmannsplassen Prøysen ligg i dag under Prøysen-huset)
- Tor Jonsson, 1916-1951. Kjend diktar og husmannsson frå Lom (barndomsheimen hans er no ein del av Lom bygdemuseum).
- Hans Børli, 1918-1989. Husmannsson frå Eidskog i Hedmark og ein av dei mest populære lyrikarane etter andre verdskrig.

4.4 Plassregister

Norsk husmannssenter må ha som eit viktig mål å etablere og vedlikehalde eit register (database) over alle husmannsplassar som har eksistert. Dette registeret kan vi kalle eit husmannsplass-register.

Når det gjeld oppbygging og strukturen i eit slikt plassregister kan ein dra nytte av å sjå på Sogn og Fjordane sitt Fylkesarkiv, som er eit særskilt godt døme på eit historisk arkiv på nett. På nettsida til Fylkesarkivet kan ein finne søkbare databasar med både gards- og stølsleksikon, kommunale og private arkiv, manntal og folketeljingar, kyrkjebøker, matriklar, panteregister, forlikskommisjons- og saksregister, samt skifte frå perioden 1700-1860.²⁶⁶ Alt av materiale gjeld Sogn og Fjordane fylke, tidlegare Nordre Bergenhus amt. Mest sentralt i denne samanhengen er matriklane. Ein kan søke i matrikkelen for 1838, 1890 og 1950. I førstnemnte matrikkel er det opplysningar om amt, fogderi, tinglag, prestegjeld, sokn, nytt matrikkelnummer, gammalt matrikkelnummer, løpenummer, gard, bruk, oppsitjar, gamal skyld og ny skyld. Når ein skal søke, kan ein velje å søke på tinglag, prestegjeld, sokn, gardsnamn eller oppsitjar, og då kjem desse opplysningane fram for kvar matrikulerte eigedom.

Eit eigedomsregister har vanlegvis fire komponentar:²⁶⁷

²⁶⁶ <http://www.fylkesarkiv.no/side/s%C3%B8k-i-basar/?http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?lang=nor>

²⁶⁷ Hans Sevattal: 1990:57-59

1. Egedomsregister med identifikasjon av einingane og eit utval av viktige eigenskapar ved egedomane. Dette er det vi i norsk samanheng har kalla ein matrikkel.
2. Rettighetsregister, som m.a. viser eigarforhold, rettar og hefte, så som pantsetjing
3. Kart som syner egedomsgrenser og andre fysiske forhold
4. Verdi-, vurderings-, eller takstdata for m.a. skatteføremål.

Plass-registeret. Registerdelen. Nokre husmannsplassar blei særskild matrikulert på slutten av levetida (etter lova av 1851) og fekk eige gards- og bruksnummer, andre plassar blei lagt inn under eit gardsbruk (hovudbruket) og andre berre forsvann. Egedomsregisteret bør også innehalde namn på brukarane. Namn på brukarane kan trekkast ut frå dei tre komplette folketeljingane i 1801, 1865 og 1900 og matrikkelen 1886. Identifikasjon av husmannsplassane vil bestå av fire element, kommunenummer, gardsnummer, bruksnummer og evt. festenummer. Det betyr at plassane i registeret som aldri blei særskild matrikulert også må tildelast ein identifikasjon i form av eit gards- og bruksnummer. For at dette konstruerte gards- og bruksnummer ikkje skal kunne komme i konflikt med eksisterande matrikulering kan ein gi dei konstruerte einingane negative festenummer. Egedomsregisteret må i tillegg innehalde namn på plassen og andre lokaliseringe namn.

Rettighetsregisteret (Tinglysing og pant). For ein særskild matrikulert gardsbruk viser rettighetsregisteret eigarforhold, rettar og hefte og pantsetjing. Dette er realpanterregisteret eller grunnboka. Pantebøker blei sett i regulært system med Christian den femtes norske lov 1687, panteregister blei etablert med eiga forordning i 1738, vidareutvikla med lov om pantevesen 1845-48 og lov om tinglysing i 1935. Sidan husmannsplassane ikkje var særskild matrikulerte (eige matrikkelnummer) hadde husmannsplassane heller ikkje eige blad eller folio i grunnboka. Dermed må eit rettighetsregister etablerast på basis av tinglyste grunnsetlar eller bygselsetlar i tingboka. Det var ikkje vanleg at grunnsetlar blei tinglyste. I perioden 1750-52 påbaud lova slik tinglysing, men etter påtrykk frå bøndene blei lova oppheva. Frå 1792 var tinglysing frivillig, og etter husmannslova som kom i 1851 skulle bygselsetlane, husmannskontraktene, tinglystast. Registeret må innehalde namn på personar som leigde plassen. Truleg vil det vere samanheng mellom namn på brukarane i folketeljingane og namn på personen som hadde rettar på plassen etter grunnsetelen. Men det er viktig at desse to opplysningane blir haldne frå kvarandre då vedkommande som budde på ein plass i ei folketeljing nødvendigvis ikkje var den same som hadde bruksrett etter grunnsetelen.

Eigedomskart og kartfesting. I det norske matrikulære systemet slik det var fram til ca. 1980 var kartdelen særst dårleg utvikla. På gardar der innmarka blei utskifta etter ca. 1880 finst det normalt gode kart i målestokk ca. 1:2000-1:5000. På utskiftingskarta i denne perioden vil også husmannsplassane vere kartfesta og grensene innteikna. Men det vil vere særst vanskeleg å få etablert eit godt kartverk over husmannsplassar, slik at i registeret bør ein først og fremst ta siktemål på å kartfeste (punkt) husmannsplassane.

Verdivurderingar og produksjonsopplysningar. Sidan husmannsplassane ikkje var særskild matrikulerte har dei heller ingen oppgåver over verdiar, ressursar og produksjon i dei ulike matrikuleringane/matrikuleringsforarbeida (1660-åra, 1720-åra, 1802-1804 (jordavgifta), 1830-åra og 1860-80 åra. I dei digitaliserte folketeljningane (1801, 1865, 1900 og 1910) er det berre 1865-teljninga som har opplysningar om jordbruksproduksjon (utsæd og vinterfora dyr). I verdidelen av husmannsregisteret vil opplysningane frå folketeljninga 1865 kunne ekstraherast og inngå som ein del av dei økonomiske opplysningane om husmannsplassen.

Bygdebøkene vil vere eit viktig reiskap for å etablere eit husmannsregister. Men opplysningar om husmannsplassane manglar i dei eldre bygdebøkene, og heile landet er heller ikkje dekkja av bygdebøker. Derfor bør registeret etablerast på eit sjølvstendig grunnlag og deretter supplerast med opplysningar frå bygdebøkene.

Folketeljningane frå 1801 og 1865 vil vere sentrale for å få etablert “Matrikkeldelen”, eigedomsregisteret, i husmannsregisteret. Ved å bruke folketeljingsdatabasane er det mogleg å konstruere eit husmannsregister pr. 1801 og 1865. I 1801-teljninga ved hjelp av yrkesnemningar, og i 1865-teljninga på basis av yrkesnemningar og hushald/bustader som ikkje har særskild matrikkelnummer. I 1865-teljninga har gardbrukarbustadar matrikkelnummer etter 1838-matrikkelen, medan husmannsplassar, strandsitjarar o.a. manglar denne informasjonen, men er ført etter det matrikulerte “hovudbruket” i teljninga.

Rettighetsregisteret er vanskeleg å få generert automatisk og denne informasjonen må hentast frå alt digitaliserte tingbøker og bygdebøker.

Kartfesting av husmannsplassar må også etablerast manuelt ved hjelp av eksisterande kartverk og bygdebøker. Verdidelen av husmannsplass-registeret kan m.a. etablerast på basis av jordbruk- og produksjonsopplysningane i folketeljninga 1865, som er komplett digitalisert.

Kort oppsummert: Å etablere eit nasjonalt husmannsregister er komplisert og arbeidskrevjande, men naudsynt. Både forskingsmiljø og historieinteresserte lokalt vil ha stor nytte av at informasjonen om husmannsplassane er organisert i eit husmannsregister. Men for å

lukkast med å konstruere eit register med desse eigenskapane er eit nært samarbeid med Statkart, matrikelstyresmaktene, Norge Digitalt og det kommande Norsk historisk befolkningsregister påkravd.

Ein del av forprosjektet bør klargjere om det er mogleg å etablere eit husmannskadaster ved å lage eit pilot eller prøve-kadaster i eit skripreide eller futedømme/sorenskriveri.

4.5 Husmanns-wiki, kunnskapens overbygning

Eitt anna forslag i samband med både innsamling og formidling av kunnskap til eit dokumentasjonssenter, er å opprette ein "husmannswiki", med inspirasjon henta frå det gratis og verdsomspennande nettleksikonet Wikipedia. Eit av dei viktigaste prinsippa med ein "wiki", som er namnet på ein spesiell type hypertekst-kopling som mellom anna Wikipedia er basert på, er at kven som helst når som helst kan gå inn og redigere sider, og at ingen derfor har eigarskap til sidene.²⁶⁸

Ein husmannswiki kan fungere som eit lett tilgjengeleg digitalt oppslagsverk og kunnskapsbase omkring husmannsvesenet og som ein stad der brukarar kan leite fram og finne den relevante kvalitetssikra informasjonen og kunnskapen om det dei måtte ønske samla på éin stad. Når det gjeld i kva grad brukarar sjølve kan gå inn og redigere sidene, er nok dette noko som må drøftast vidare, der mellom anna er eit spørsmål både når det gjeld kvalitetssikring av sidene, samt kor omfattande ein slik wiki er meint å vere.

Norsk Lokalhistorisk Institutt (NLI) har allereie oppretta sin eigen lokallhistoriewiki, som er laga og fungerer om lag på same måte som Wikipedia. Nettsida blir driven av NLI, men artiklar og bilete blir lasta opp av frivillige som har interesse og kompetanse innanfor dei områda som den dekkjer. Sida er open for både faghistorikarar og amatørar til å bidra, og det einaste som blir kravd er at ein registrerer seg som bidragsytar. Kriteria for artiklar er at dei skal ha lokallhistorisk relevans, dvs. at dei er knytt til lokallhistoria til ein bestemt stad i Noreg, frå landsdel til lokalt nivå, eller at artikkelen er av direkte nytteverdi for folk som driv med eller interesserer seg for lokallhistorie. Ifølgje nettsida har wikien per dags dato (17/10 2011) heile 10 620 artiklar og 13 091 bilete.²⁶⁹

²⁶⁸ <http://no.wikipedia.org/wiki/Wiki>

²⁶⁹ <http://lokalhistoriewiki.no/index.php/lokalhistoriewiki.no:Hovedside>

5. Lokalisering av husmannssenet.

Når det gjeld ei vidare prosjektering av eit nasjonalt senter for husmannsvesenet bør også spørsmålet om lokalitet drøftast. Utgangspunktet for forprosjektet er sentrert rundt Luster. Dersom det vil vere spørsmål om andre moglege lokalitetsalternativ, kva slags hjelp og retningsliner kan gjennomgangen frå fagrapporten gi? Eit inntrykk frå litteraturoversynet er at det særleg er nokre område som peikar seg ut i husmannssamanheng, og om ein skal velje eit par av dei, vil til dømes Ryfylke og Gudbrandsdalen vere sentrale.

Sogn og Fjordane og Luster

Utgangspunktet for dette forprosjektet er ønsket om eit nasjonalt dokumentasjonssenter for husmannsvesenet i Luster. Initiativet til dette prosjektet har kome frå Luster, ikkje minst som følgje av det lokale engasjementet som eksisterer for å ta vare på husmannsplassane i kommunen og dermed også å ta vare på den materielle arven som er att av husmannsvesenet i Luster. Luster har ikkje blitt teke så mykje med i sjølve litteraturoversynet, noko som nok kan seiast å vere eit resultat av måten strukturen i denne gjennomgangen vart løyst på. Det betyr ikkje at det ikkje finst litteratur om husmannsvesenet i Luster og Indre Sogn. Tvert imot blir Luster og Indre Sogn trekt fram som eit særmerka område i husmannssamanheng.²⁷⁰

Det har blitt påpeikt at Luster og Indre Sogn inneheld dei fleste dei ulike ”typane” av husmenn utanom den typiske ”kysthusmannen”. Mellom anna hadde ein i Sogn fleire såkalla ”husmannslandsbyar”, som Sogndalsfjora, der innbyggjarane var strandsitjarar, jordlause husmenn.²⁷¹ Det finst òg fleire slike dømer på ”husmannslandsbyar” eller strandstader, og det vil vere ei viktig forskingsoppgåve å foreta komparative studiar av desse.

Luster og Indre Sogn skil seg også ut med dei spora som ein finn att av ei fortid prega av stor rikdom, med stavkyrkjer frå mellomalderen og adelege storgardar. Dette har sett sitt preg på husmannsvesenet her. Ein kan nemne storgarden Kroken i Luster, som på 1800-talet vart eit sentrum for nasjonalromantiske kunstnarar. Ikkje så langt frå Luster er ein anna særmerka stad i husmannssamanheng. I Kaupanger, nærare bestemt under dei to gamle adelsgodsa i bygda, hadde husmennene ein heilt spesiell funksjon på 1800-talet. Dei var reine jord- og

²⁷⁰ Assev 1991; Heiberg 1996;

²⁷¹ Aage Engesaeter har skrivne ein artikkel om Sogndalsfjora si historie, som er å finne på Sogn og Fjordane Fylkesarkiv sine nettsider:

<http://www.sffarkiv.no/samsok3/Artikkel/180/SogndalsfjoraSogndalAageEngesaeter2000?husmenn::20:7:ResultSimple:Alle>

skogsarbeidarar på dei to godsa, noko som skil seg markant frå den stereotype vestlandske husmannen.²⁷²

Sogn og Fjordane ligg sentralt i forhold til forskingsmiljøa ved Høgskulen i Volda, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Universitetet i Bergen. Alle institusjonane har også lærarutdanning.

Indre Austland og Gudbrandsdalen

Gudbrandsdalen er eit naturleg alternativ. Oppland var det største husmannsfylket i Noreg på 1800-talet. Her var det flest husmenn både i absolutt forstand (i reine tal), relativt (i forhold til folketalet i fylket), og også i forhold til talet på skyldsette gardsbruk.²⁷³ Husmannsvesenet her har også vore gjenstand for mykje gransking, både i hovudoppgåver frå 1970-talet, og ikkje minst i den nyare boka til Arnfinn Engen. Fylkesarkivet i Oppland har allereie oppretta ei nettside for husmannsvesenet for bruk i skulen.

Sør-Vestlandet og Ryfylke:

Dei siste åra har det husmannsvesenet på Ryfylke vore via merksemd frå forskarar. I kapittel 2.2 såg vi korleis nyare studiar særleg frå dette området var konsentrert seg om den tidlege framveksten av husmannsvesenet, og det finst ein god del lokallhistorisk kompetanse omkring husmannsvesenet, mellom anna Ryfylkemuseet, der mellom anna Ernst Berge Drange er tilsett, og Universitetet i Stavanger, der Nils Olav Østrem er tilsett.

Alle områda vil kunne dra nytte av fysiske spor og lokalitetar, og det er også eit særskilt viktig aspekt ved oppbygginga av ein nasjonalt husmannssenter.

²⁷² Timberlid (red.) 1981, s. 20.

²⁷³ Beitrusten 1976, s. 2.

6. Vedlegg

6.1 Husmannsvesenet i tal

Tabell 1 Gardbrukarar og husmenn

	1723	1801	1855
Gardbrukarar	67.213	77.810	113.204
Husmenn med jord	11.814	39.972	65.060

Kjelde: Norsk økonomisk historie 1500-1850, s. 186 og 195

Tabell 2 Husmenn med jord 1723-1855

Landsdel	1723	1801	1855
Austlandet I*	5.345	17.495	23.686
Austlandet II*	3.130	7.182	9.090
Vestlandet	1.020	6.408	15.925

Austlandet I = Østfold, Akershus, Hedmark og Oppland

Austlandet II = Buskerud, Vestfold og Telemark

Tabell 3. Endring i tal husmenn og gardbrukarar fra 1723 til 1825.

År	Tal på gardbrukarar	Tal på husmenn
1660- åra	57 000	17 000 (husmenn, strandsitjarar, kårfolk m.m.)
1723	67 000	12 000 (husmenn med jord)
1801	77 000	48 000 (husmenn)
1825	90 000	96 000 (husmenn og dagleigarar)

Kjelde: Mykland, 1980, *Norges historie, bind 15*, Cappelen, Oslo, s. 238.


Tabell 5. Tal på gardbrukarar, husmenn m. v. I 1801 og 1855, etter den offentlege statistikk.

Bygdene fylkesvis	Gardbrukarar		Husmenn med jord		Husmenn utan jord		Dag-lønnarar		Tenarar		Innerst ar
	1801	1855	1801	1855	1801	1855	1801	1855	1801	1855	
Østfold	4203	6279	2947	3423	363	1100	504	1059	2110	2484	282
Akershus	4488	6160	4013	5329	643	1639	903	2046	3213	3629	528
Hedmark	5284	7842	4740	6053	506	2180	541	1748	2775	3831	1241


Oppland	5296	7468	5851	8871	426	1259	761	3261	2886	3422	1708
Buskerud	4365	7249	3353	4052	784	1109	1012	2913	1908	2056	738
Vestfold	4164	5245	1130	1146	390	715	554	1823	1160	1744	443
Telemark	3890	5833	2752	3892	341	1030	868	2182	1843	2037	418
Aust-Agder	3456	4325	883	1799	606	669	647	1708	1113	1449	328
Vest-Agder	5236	7548	444	1028	169	682	484	1378	701	629	282
Rogaland	5274	7218	1520	3533	275	920	219	1100	2078	2872	802
Hordaland	9677	10944	1509	4011	950	1690	396	2029	3034	4554	1014
Sogn og Fjordane	7109	6803	1323	4366	915	1549	241	925	3670	5571	1262
Møre	7703	7820	1642	4015	724	894	298	1097	4092	5533	1346
Sør-Trøndelag	5399	6431	2908	4873	407	1220	738	2649	2583	3474	726
Nord-Trøndelag	4664	4399	2698	6070	306	1047	542	2075	2628	3940	850
Nordland	6842	6643	961	1915	448	2469	151	484	3545	5418	1063
Troms og Finnmark	2846	4997	773	684	235	1810	47	507	1436	1988	318

Kjelde: Skappel, 1922, *Om Husmandsvæsenet i Norge. Dets oprindelse og utvikling*, s. 170.

Tal på gardbrukarar, husmenn m. fl. i 1801



Tal på gardbrukarar, husmenn m. fl. i 1855



Tabell 6. Tal på husmenn med jord 1801-1960

År	Tal
1801	40 067
1855	65 060
1865	60 296
1875	52 826
1890	29 653
1900	27 319
1910	19 811
1920	8 848
1930	4 046
1946	413
1950	121
1960	4

Kjelde: Mykland, K. (red.), 1980, *Norges historie, bind 15*, Cappelen, Oslo, s. 227.

Tabell 7. Folkeauken i Noreg 1665-1801, fordelt fylkesvis.

Fylker	Folkemengde		Stigningsprosent
	1665	1801	
Østfold	21 300	42 290	99

Akershus	22 360	56 950	155
Hedmark	19 700	60 390	206
Oppland	26 120	66 430	154
Buskerud	17 820	51 560	189
Vestfold	16 980	35 450	109
Telemark	15 790	44 410	181
Aust-Agder	19 610	32 570	66
Vest-Agder	26 970	34 550	28
Rogaland	25 050	39 560	58
Hordaland	34 780	60 840	75
Sogn og Fjordane	33 860	52 710	56
Møre	36 120	55 270	53
Sør-Trøndelag	29 680	51 270	73
Nord-Trøndelag	25 050	43 460	73
Nordland	29 530	51 460	74
Troms og Finnmark	9 220	26 670	189
Heile landet	410 000	805 840	97

Kjelde: Skappel, Simon, 1922, *Om husmandsvæsenet i Norge. Dets oprindelse og utvikling*, s. 35

Tabell 4 Folkemengda i Noreg 1520-1855

	Heile landet	Austlandet (Akershus stift)	Vestlandet (Bergen Stift)
1520	ca. 120-165.000		
1665	440.000	145.000	91.000
1701	512.000	189.000	101.000
1769	727.000	317.000	131.000
1801	883.000	378.000	154.000
1855	1 490 047	643.000	244.000
1900	2 240 032		

Tabell 8. Husmenn med jord pr. gardbrukar

Landsdel	1723	1801	1855
Austlandet I*	0,38	1,06	0,85
Austlandet II*	0,36	0,64	0,50
Vestlandet	0,06	0,25	0,49

Austlandet I = Østfold, Akershus, Hedmark og Oppland

Austlandet II = Buskerud, Vestfold og Telemark

Tabell 9 Husmenn utan jord, dagleigarar og innerstar pr. gardbrukar

Landsdel	1801	1855
Austlandet I*	1,79	1,37
Austlandet II*	1,26	1,03
Vestlandet	0,64	0,80

Austlandet I = Østfold, Akershus, Hedmark og Oppland

Austlandet II = Buskerud, Vestfold og Telemark

Kjelde: Norsk økonomisk historie 1500-1850, s. 195

Tabell 10 Oversyn kjelde materiale om husmannsplassar, husmenn og husmannsfamiliane

Kjelde-kategori	Kjelde	Digital avskrift og dekning	Digital skanning ²⁷⁴	Opplysningar om husmenn og plassar
Manntal	1663-66	Delvis, Vestlandet	JA	JA
	1701	Delvis, Vestlandet og Trøndelag	JA	JA
	1762-63	Spordiske	Nei	JA
Folketeljingar	1769	Nei	Nei	Summariske (statistiske)
	1801	Ja	Nei	JA
	1815-55	Nei	Nei	Summariske
	1865	Ja, komplett		JA
	1875	Delvis, Nord-Norge		JA
	1891	Fåtal		JA
	1900	Komplett		JA
	1910	Komplett		JA
Matriklar	1661-67		JA	Nei?
	1723		JA	Ja, eigen rubrikk
	1838		JA	Nei (matrikulerte JA)
	1886	RHD	Nei	Nei(matrikulerte JA)
	1950	Dokumentasjonsprosjektet	Nei	Nei(matrikulerte JA)
Rettargang	Tingbøker	Aker, Ryfylke og Hordaland ²⁷⁵	JA	Opplysningar om grunnsetlar
Tinglysing	Pantebøker og Panteregister		JA	Innførte grunnsetlar (husmannskontrakt)
	Register til pantebøkene	JA, Hordaland og Sogn og Fjordane		
Fiskalt	Lensrekneskap	Komplett	JA	JA
	Statthalderarkivet	Under etablering	JA	JA

²⁷⁴ Arkivverket, Digitalisering av papirmateriale ved skanning, <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Arkivbevaring/Papirmateriale/Digitalisering/Skanning>

²⁷⁵ Tingbokprosjektet, <http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/>

Døme på ei husmannsvise "Håkastadvisa" frå Gudbrandsdalen, som skal vere retta mot storbonden og stortingspolitikaren Ole Haagenstad, ein av dei største gardbrukarane i Gudbrandsdalen:

*Og tænk naar du i fra Jorden gaar
og Sjælen skal udaf Kroppen fare
- og Satan rede ved Døren staar
at bringe dig udi Helveds Skare
Der skal du lide
al Qual og Quide
og sorte Djævla
dit Kjød skal slide
paa Bjørnevis*

Sitert i Beitrusten, Geir, 1976, *Husmannsvesenet under avvikling. Ei lokalundersøking frå Kvam i Gudbrandsdalen ca. 1860-1915*, hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, s. 30.

Eksempel på husmannskontrakt

1825 August 6te.

Fæsteseddel. Jeg undertegnede Wilhelm Friman Koren Christie, Stiftamtmand, Kommandør af Nordstjerneordenen, gjør herved vitterligt at have fæstet til Ingebrigt Jensen Søreide en Husegrund paa et Sted kaldet Strømme - Støen den ved Strømmen værende Husmandsplads under dend Eiendomsgaard Strømme Matr. No.94 i Skjolds Skibrede Nordhordl. Fogderi paa hvilken Grund han skal være berettiget til at lade opføre sig et Vaaningshuus 12 Alen langt og 6 Alen bredt imod at han opfylder nedenstaaende Forpligtelse

1. At svare mig eller efterkommende Grundeier aarlig Grundleie, som erlegges ved Juletider 1 Spd.

2. At ... gjøre Skyds for mig og Dagarbeide paa Gaarden, naar jeg maatte forlange det imod at han erholder den samme Dagløn, som jeg tilstaaer min Forpagter nemlig 24 Sk. daglig paa deres egen Kost.

3. At han ikke hugger eller hugge lader nogensteds Træer i den mig tilhørende Mark eller Skov og heller ikke ... Lyng eller Ener i min Mark østenfor Strømme-Elven, hvorimod jeg tillade ham at ... Lyng og Ener i min Udmark vestenfor Strømme-Elven, dog kun til hans eget Behov.

4. At han skal reise bort fra Pladsen og vortflytte sine Huse fra Tomten saafremt han eller hans Hustru skulde opføre sig saaledes, at jeg eller Gaardens efterkommende Eier maatte blive misfornøiet med dem, og derfor opsige ham Tomten, i hvilket ... han skal ryddiggjøre Tomten til næste Sommer Fardag, forudsat at han har faaet 1/4 Aar Opsigelse i øvrigt er det en Selvfølge, at om han skulde sælge eller overdrage Husene til nogen anden, denne da er uberettiget til at lade dem henstaae paa Tomten inden Grundeierens Fordeles Tilladelse og Samtykke.

Til Bekræftelse under min Haand og fortrukte Sort. Bergen d. 28 Mai 1835. W.F.K.Christie. (L.S.) Tollef Nilsen Nordeide, Peder Andersen Nordeide m. f. P. Jeg Ingebrigt Jensen Søreide forbinder mig herved til nøiaktigen at opfylde ovenstaaende Vilkaar under hvilke det er bleven mig tillad at opføre paa Gaarden Strømmes Grund. Datum et supera. Ingebrigt Jensen Søreide m f.P. Til V. Tollef Nilsen Nordeide. Peder Andersen Nordeide B.m. f.P.

Kjelde: SAB; Sorenskrivaren i Midhordland II.B.a.12. Pantebok 1778-1847, fol.53

6.2 Litteraturliste - husmannsbibliografi

- Aschehoug, T. H., 1890, *Statistiske studier over folkemængde og jordbrug i Norges landdistrikter i det syttende og attende aarhundrede*, Tillægshefte til "Statsøkonomisk tidsskrift", Aschhoug, Kristiania.
- Andresen, Ruth, 1973, *Gardsarbeider, handverker og jordbruker. Husmannsvesenet i Ullensaker i 1860- og 70-åra*, hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Assev, Per, 1991, *Rangspersoner, bønder og husmenn. Befolkningsutvikling i Luster på 1700-tallet*. Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Beitrusten, Geir, 1976, *Husmannsvesenet under avvikling. Ei lokalundersøking frå Kvam sokn i Gudbrandsdalen ca. 1860-1915*, hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Bjordal, Øyvind N., 1983, *Husmannsvesenet 1740-1865 i Austre Vikebygd - ei bygd i Sunnhordland*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.
- Bjordal, Øyvind N., 2000, "og er mig sin Husbonde hørig og lydige" - Husmenns sosiale status (Austre Vikebygd)", i Østrem, Nils Olav (red.) *Arbeid - armslag - armod. Husmenn og husmannsordningar på Sørvestlandet*, Lokallhistorisk stiftelse, s. 81-108.
- Boel, Jens, 1989, "Husmænd og landarbejdere ca. 1840-1880. Sociale og politiske aspekter" i Damgaard og Grau Møller (red.) *Huse og husmænd i fortid, nutid og fremtid. Småbrugets udbredelse og vilkår i Norden. Beretning fra det 12. bebyggelsehistoriske symposium ved Odense Universitet afholdt den 2.-4. november 1988*, Odense Universitetsforlag, s. 119- 126.
- Brandal, Trygve, 2008, "Husmannsvesenet i Ryfylke på 1800-talet", i *FOLK i Ryfylke. Årbok for Ryfylkemuseet*, Ryfylkemuseet, Sand, s. 88- 103.
- Dahl, Roar, 1994, *Husmannsvesenet i Etne på 1800-tallet. Lokal tilpasning og lokalt mangfold*, hovedoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.
- Dahl, Roar, 2000, "Husmenn i Etne på 1800-talet" i Østrem, Nils Olav (red.) *Arbeid - armslag - armod. Husmenn og husmannsordningar på Sørvestlandet*, Lokallhistorisk stiftelse, s. 130-147.
- Dalen, Bente, 1999, *Bønder og husmenn på Hadeland på 1700-tallet*, hovedoppgåve i historie, NTNU.
- Danielsen, Dyrvik, Grønlie, Helle, Hovland, 1991, *Grunntrekk i norsk historie fra vikingtid til våre dager*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Drange, Ernst Berge (1982) *Husmannsskipnaden på Tysnes 1600-1800. Ei undersøking av form og føresetnader*, magisteravhandling i etnologi, Universitetet i Bergen.
- Drange, Ernst Berge (2000) "Hans far" oprøddede dette pladz fra en Steenhaab til en Gaard som dend nu ere" - Om plass-skipnaden og annan ikkje skyldsett utmarks-busetnad i Tysnes i

- Sunnhordland og i Sand i Ryfylke på 1600-talet” i Østrem, Nils Olav (red.) *Arbeid - armslag - armod. Husmenn og husmannsordningar på Sørvestlandet*, Lokallhistorisk stiftelse, s. 45-80.
- Drange, Ernst Berge, 2008, ”Den skjulte busetnaden - Husmannsskipnaden i Ryfylke på 16- og 1700-talet” i *FOLK i Ryfylke. Årbok for Ryfylkemuseet*, Ryfylkemuseet, Sand, s. 72-87.
- Dyrvik, 1978, *Den lange fredstiden 1720-1784, Cappelen Norges historie bd. 8*, Cappelen, Oslo.
- Dyrvik, Ståle, 1986, ”Eit blidare tilvere? Drivkrefter og motiv i den tidlegaste utvandringa frå Hordaland og Sogn og Fjordane”, Ståle Dyrvik og Nils Kolle (red.), Voss folkemuseum.
- Dyrvik, Ståle 1989, ”Husmannsvesenet i Norge - regionale mønster”, i Damgaard og Grau Møller (red.) *Huse og husmænd i fortid, nutid og fremtid. Småbrugets udbredelse og vilkår i Norden. Beretning fra det 12. bebyggelseshistoriske symposium ved Odense Universitet afholdt den 2.- 4. november 1988*, Odense Universitetsforlag, s. 93- 105.
- Dyrvik, Ståle, 1990, ”Husmannsvesenet i Noreg” i *Jord og gjerning. Årbok for Norsk landbruksmuseum*, s. 51-61.
- Dyrvik, Ståle, og Feldebæk, Ole, 1996, *Mellom brødre 1780-1830. Aschehougs Norges historie Bind 7*, Aschehoug, Oslo.
- Dyrvik, Ståle, 1999, *Norsk historie 1625-1814. Vegar til sjølvstende*, Det Norske Samlaget.
- Dyrvik, Ståle 2004, *Kor gammalt er husmannsvesenet i Noreg?*, Heimen. Lokallhistorisk tidsskrift, nr. 2 2004, s. 114-118.
- Dørum, Knut, 1995, *Fikk overgangen til selveie betydning for fremveksten av husmannsvesenet ca. 1660-1850?* Historisk Tidsskrift 2/1995, s. 145-170.
- Døssland, Atle, 2004, *”Dette husmandsukrudt” - det tidlege husmannsvesenet i Møre og Romsdal og på ”Strilelandet”*, Heimen. Lokallhistorisk tidsskrift, nr. 2 2004, s. 107-113.
- Engen, Arnfinn (red.), 1979, *Husmannsfolk. Husmannsminne frå Gudbrandsdalen. Utgitt til husmannsdagene 1979*, Tiden Norsk Forlag, Oslo.
- Engen, Arnfinn, 2001, *Husmannstid og husmannsfolk*, Dølaringen Boklag, Lillehammer.
- Fatland, Lars Olav, 1997, *Husmannsvesenet i Sand prestegjeld på 1800-talet. Mellom husmannsplass og marknad*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.
- Fatland, Lars Olav, 2000, ”Mellom husmannsplass og marknad - Husmannsskipnaden i Sand prestegjeld på 1800-talet” i Østrem, Nils Olav (red.) *Arbeid - armslag - armod. Husmenn og husmannsordningar på Sørvestlandet*, Lokallhistorisk stiftelse, s. 148-170.
- Folk i Ryfylke*, 2008, *Husmannsplasset*, årbok for Ryfylkemuseet.
- Fatland, Lars Olav, 2008, ”Eit riss gjennom husmannssoga” i *FOLK i Ryfylke. Årbok for Ryfylkemuseet*, Ryfylkemuseet, Sand, s. 104- 116.

Fuglum, Per, 1978, *Norge i støpeskjeen 1884-1920. Bind 12 av Norges historie*, J. W. Cappelens Forlag, Oslo.

Gjerdåker, Brynjulf, 2002, *Norges landbrukshistorie III. 1814-1920. Kontinuitet og modernitet*, Det Norske Samlaget, Oslo.

Handgaard, Brynjulf, 1977, "Stor aktivitet i Sør-Gudbrandsdalen" i Pryser (red.) *Thranerørsla i norske bygder*, Det Norske Samlaget, Oslo, s. 110-135.

Heiberg, Ingebjørg Strand, 1996, *Husmannsvesenet i Luster og Jostedal*, LUSTER - lokallhistorisk årbok nr. 3 1996/97, s. 93-113.

Hovdhaugen, Einar, 1975, *Husmannstida*, Det Norske Samlaget, Oslo.

Hunter, James [2010] 1976 *The Making of the Crofting Community*, Birlinn, Edinburgh.

Huse og husmænd i fortid, nutid og fremtid. Småbrugets udbredelse og vilkår i Norden, Beretning fra det 12. Bebyggelsehistoriske symposium ved Odense Universitet afholdt den 2. - 4. November 1988, Odense Universitetsforlag, 1989.

Ingebretsen, Nina Elisabeth, 1997, *Bonde, leilending eller husmann? En studie av bosetningsenheter fra tidlig- og høymiddelalder i Sør-Rogaland*, hovedoppgåva i arkeologi, Universitetet i Bergen.

Jacobsen, Anette Faye, 2008, *Husbondret. Rettighedskulturer i Danmark 1750-1920*, Museum Tusulanum Forlag, København.

Jensen, Anette, 2001, *Statshusmandsbrugerne i Flødstrup sogn på Østfyn - et kulturmiljø under forandring*, Landbohøiskole og Kertemindeegnens Museer.

Jonsson, Ulf, 1980, *Jordmagnater landbönder och torpare i sydöstra Södermanland 1800-1880*, Acta Universitatis Stockholmiensis, Stockholm Studies in Economic History nr. 5, Stockholm.

Jønsson, Øyvind, 1976, *Befolkningen og arealbruken i Fjellgardane og Bjørndalen i Vindafjord og Etne kommuner*, hovedfagsoppgåva i geografi, Universitetet i Bergen.

Kjelland, Arnfinn, 1996, "Husmann eller småbrukar kring 1801? Litt om eigeomsstatusen til "husmannsplassane" i Lesja i siste del av 1700-talet", i Haarstad og Tretvik (red.) *Bønder, jord og rettigheter. Rapport fra agrarhistorisk symposium. Nr. 16 i Skriftserie fra Historisk Institutt*, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim, s. 63-77.

Kjelland, Arnfinn, 2004, *Dei første "moderne" husmenn i nokre aust-norske fjell- og flatbygder. Med utgangspunkt i ein buplasshistorisk metode*, Heimen. Lokallhistorisk tidsskrift, nr. 2 2004, s. 93-100.

Kjelstadli, Knut, 1994, *Et splittet samfunn 1905-1935, Bind 10, Aschehougs Norges historie*, Aschehoug, Oslo.

Kjøk, Jarnfrid, 1976, *Husmannsvesen og levevilkår i Lom på 1800-talet*, hovedoppgåva i historie, Universitetet i Oslo.

- Koht, Halvdan, 1917, *Marcus Thrane. Til hundreaarsdagen 14. oktober 1917*, Det Norske Arbeiderpartis Forlag, Kristiania.
- Kongsrud, Håvard Havin, 2007, "Hva er en husmann? Husmannsbegrepet og 1600-tallet", *Historisk Tidsskrift bind 86, nummer 1*, s. 93-106.
- Kristiansen, Oskar, 1934, *De fattige i Norge 1814-1845*, Cammermeyer Forlag.
- Langhelle, Svein Ivar, 2011, "Idealisert og inkludert, men ikke likeverdig. Ei drøfting av egalitet og mentalitet på Jæren omkring 1850" *Heimen. Tidsskrift for lokallhistorie 1/11*, s. 3-18.
- Lous, Johan Christian Vogelsang, 1851, *Om Husmandsvæsenet*, Christiania.
- Lunden, Kåre, 2002, *Norges landbrukshistorie II. 1350-1814. Frå svartedauden til 17. mai*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Melby, Kjell Gudmund, 1977, *Husmannsvæsenet i Ringsaker hovedsogn 1875-1900*, hovedoppgåve i historie, Universitetet i Trondheim
- Myhren, Ingelise 1973, *Husmannsforordningene av 1750 og 1752*, hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Nerbøvik, Jostein (red.), 1968, *Kilder til norsk historie 1560-1940*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Newby, Andrew G. (2010) *Land and the "Crofter Question" in Nineteenth-Century Scotland*, International Review of Scottish Studies, Vol 35, s. 7-36.
- Nielsen, Anders Vægter, 1991, *Husmændene - Landboreformernes tabere? Et studie i fæstehusmændenes vilkår på Erholm-Søndergårde fra landboreformer til husmandslove 1770-1850*, Landbohistorisk Selskab.
- Nilsen, Per Gustav, 1990, *Husmann og småbruker. Noen trekk ved yrkesstruktur og økonomisk tilpasning blant husmanns- og småbrukerbefolkning i Maridalen ca. 1870-1930*, hovedoppgåve UiO
- Nordby, Trond, 1991, *Det moderne gjennombruddet i bondesamfunnet. Norge 1870-1920*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Nordtorp, Ingebjørg, 1973, *Sjur Fedje - Landarbeiderforeningene 1883-1888 og bladet "Husmanden"*, hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Næss, Hans Eyvind, 2002, "The Crofters as a Social Group in South-Western Norway: the Early Phase 1590-1660" i Sandvik, Telste og Thorvaldsen (red.) *Pathways of the Past. Essays in honour of Søvli Sogner On her 70th Anniversary 15. March 2002*, Novus Forlag, Oslo, s. 125-138.
- Næss, Jan Inge, 2000, *Husmannsvæsenet i Ullensvang på 1800-tallet. Form og funksjon*, hovedoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.
- Olsnes, Aanund, 2004, *Om alderen på husmannsvæsenet. Nokre synspunkt frå Kviteseid i Telemark*, Heimen. Lokallhistorisk tidsskrift, nr. 2 2004, s. 101-105.

Prestesæter, Pål, 1998, *Husmannskontrakter og lovregulering. Regulering av avtaleforholdet mellom husmann og gårdbruker 1687 til 1851 - særlig sett i lys av kontraktspraksisen fra Toten*, Rettshistoriske studier, Institutt for offentlig retts skriftserie, nr. 3 1998.

Pryser, Tore, 1977, *Klassebevegelse eller folkebevegelse? En sosialhistorisk undersøkelse av thranittene i Ullensaker*, Universitetsforlaget, Oslo - Bergen - Tromsø.

Pryser, Tore (red.) 1977, *Thranerørsla i norske bygder*. Det Norske Samlaget.

Pryser, Tore, 1999, *Norsk historie 1814-1860. Frå standssamfunn til klassesamfunn*, Det Norske Samlaget.

Ringvej, Mona, 2011, "Marcus Thranes kamp for demokratiet" i *Makten og ordene. Demokrati og ytringsfrihet fra Athen til Eidsvoll*, Humanist Forlag, Oslo, s. 170-204.

Sandem, Arne, 1999, *Husmannsvesenet i Østfold*.

Sars, J. E., 1904, *Norges politiske historie 1815-1885*, Oscar Andersens Bogtrykkeri.

Seip, Anne-Lise, 1983, *Eilert Sundt. Fire studier*, Universitetsforlaget, Oslo.

Seip, Anne-Lise, 1984 *Sosialhjelpstaten blir til. Norsk sosialpolitikk 1740-1920*, Gyldendal, Oslo.

Seip, Anne-Lise, 1997, *Nasjonen bygges 1830-1870. Aschehousgs Norges historie Bind 8*, Aschehoug, Oslo.

Seip, Jens Arup, 1974, *Utsikt over Norges historie, bind 1: Tidsrummet 1814-ca. 1860*, Gyldendal, Oslo.

Semmingsen, Ingrid, 1950, *Veien mot vest. Annen del. Utvandringen fra Norge 1865-1915*, Aschehoug, Oslo.

Semmingsen, Ingrid, (red.), 1960, *Husmannsminner*, Tiden Norsk Forlag, Oslo.

Semmingsen, Ingrid og Moshau, Terje, 1977, "Hedemarken fogderi" i Pryser (red.) *Thranerørsla i norske bygder*, Det Norske Samlaget, Oslo, s. 93-109.

Semmingsen, Ingrid, 1984, "Arbeiderdemokratene i Hedmark og Oppland fylker. Et stykke "grasrot"-historie, i Fuglum og Simensen (red.) *Historie nedenfra. Festskrift til Edvard Bull på 70-årsdagen*, Universitetsforlaget, Oslo.

Simonsen, Asger Th., 1977, *Husmandskår og husmandspolitik i 1840erne. Sociale forhold blant husmænd og indsiddere og den politiske rejsning af husmandssagen på Lolland-Falster ca. 1840-46*, Landbohistorisk Selskab, København.

Simonsen, Asger Th., 1989, "Småbruger eller daglejer? En sammenligning af bebyggelsen og den sociale forandring i et lollandks og et syvestjysk sogn, 1800-1900" i Damgaard og Grau Møller (red.) *Huse og husmænd i fortid, nutid og fremtid. Småbrugets udbredelse og vilkår i*

Norden. Beretning fra det 12. Bebyggelseshistoriske symposium ved Odense Universitet afholdt den 2. 4. november 1988, Odense Universitetsforlag, s. 127- 141.

Sirevåg, Eva, 1973, *Husmannsvesenet i Nes på Romerike ca år 1800. Kontraktforhold, funksjoner og vilkår*, hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.

Skappel, Simon, [1979] 1922, *Om husmandsvæsenet i Norge. Dets oprindelse og utvikling*. Videnskapsselskapets Skrifter. II. Hist. -Filos. Klasse 1922. No. 4, Kristiania, i kommission hos Jacob Dybwad. (Fotografisk opptrykk utgitt av Universitetsbokhandelen - Blindern 1979.)

Skjei, Jarle (red.), 1982, *Husmannen og husmannsplassen*, Nord-Trøndelag historielag, Steinkjer.

Skrubbeltrang, Fridlev, 1940, *Husmand og innerste. Studier over sjællandske landboforhold i perioden 1660-1800*, doktoravhandling.

Slagstad, Rune, 2001, *De nasjonale strateger*, Pax forlag, Oslo.

Smith, Torben W., 1999, *Vi vil reise nye Huse. Statshusmandsloven af 1899*, Landbohistorisk Selskab.

Sogner, Sølvi, 1984, "Hva betydde overgangen til selveie for endringene i den sosiale struktur i det norske bondesamfunn på 1700-tallet?" i Imsen og Supphellen (red.) *Studier i norsk historie 1537- ca. 1800. Tvillingriket 1660- ca. 1800*, Drammen, s. 233-248.

Sogner, Sølvi, 1996, *Krig og fred 1660-1780. Aschehougs Norges historie Bind 6*, Aschehoug, Oslo.

Solheim, Roald, 1985, *Husmannsskipnaden i Hornindal og Innvik*, hovedoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.

Sprauten, Knut, 2004, *Framveksten av husmannsvesenet i lys av bygdebøker fra Trøndelagsregionen*, Heimene. Lokalhistorisk tidsskrift, nr. 2 2004, s. 83-91.

Steen, Sverre, 1957, *Det gamle samfunn, Det frie Norge Bind 4*, Cappelen, Oslo.

Steiro, Birger, 1974, *Marcus Thranes politiske agitasjon 1849-1855*, Snøfugl forlag, Melhus.

Stensrud, Odd, 1974, *Økonomiske og sosiale kår innen husmannsklassen i Stange med særlig vekt på de første tiår av det 19. århundre*, hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.

Strand, Børge, 2006, *Husmann for livet. Fra Stor-Elvdals historie*, Abovo forlag, Koppang.

Sundt, Eilert, 1976, *Om sædeligheds-tilstanden i Norge*, bind 4 av *Eilert Sundt. Verker i utvalg*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo.

Sørensen, Øystein, 2001, *Kampen om Norges sjel 1770-1950, Norges idéhistorie, Bind III*, Aschehoug, Oslo.

Timberlid, Anders, (red.) 1981, *"For Pladsen skal han slide...". Husmannsskipnaden i Sogn og Fjordane*, Tiden Norsk Forlag

Timberlid, Anders, 1989, "Husmenn i ein godsøkonomi i Indre Sogn" i Damgaard og Grau Møller (red.) *Huse og husmænd i fortid, nutid og fremtid. Småbrugets udbredelse og vilkår i Norden. Beretning fra det 12. bebyggelseshistoriske symposium ved Odense Universitet afholdt den 2.-4. november 1988*, Odense Universitetsforlag, s. 107- 118.

Thorud, Margit, 1947, *Det Radikale Folkeparti's fremvekst*, hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.

Tjade, Odd, 2006, "Husmenn i Tynset prestegjeld på 1600-tallet og noe inn på 1700-tallet" i *Årbok for Nord-Østerdalen 2006*, s. 22-27.

Tranberg, Anna, 1979, *Bønder og husmenn i Laurvigen Grevskap på 1700-tallet. En undersøkelse av deres økonomiske forhold*, hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.

Try, Hans, 1969, *Gardsskipnad og bondenæring. Sørlandsk jordbruk på 1800-talet*, Universitetsforlaget, Oslo.

Try, Hans, 1979, *To kulturer - en stat 1850-1884, Cappelens Norgeshistorie bd. 11*, Cappelen, Oslo.

Østrem, Nils Olav, 1989, *Husmannstid. Ei undersøking av plasskipnaden i Skjold og Vats ca. 1800-1920*, hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.

Østrem, Nils Olav, 2000, "Husmannsliv og husmannstid - Husmenn i Skjold og Vats" i Østrem, Nils Olav (red.) *Arbeid - armslag - armod. Husmenn og husmannsordningar på Sørvestlandet*, Lokallhistorisk stiftelse, s. 130- 147.

Østrem, Nils Olav, (red.) 2000, *Arbeid - armslag - armod. Husmenn og husmannsordningar på Sørvestlandet*, Lokallhistorisk stiftelse.

Øverland, Ole Andreas, 1903, *Thraniterbevegelsen*, Tillæg til Folkebladet, Oscar Andersens Bogtrykkeri, Kristiania.